

---

# REPRESENTANTSKAPET I NOREGS BANK RAPPORT FOR 2020

---

Dokument 9 (2020–2021)

---





---

---

# REPRESENTANTSKAPET I NOREGS BANK RAPPORT FOR 2020

Dokument 9 (2020–2021)

---



## TIL STORTINGET

Norges Banks representantskap skal minst én gang årlig legge fram sin uttalelse om tilsynet med Norges Bank for Stortinget.

Representantskapet har merket seg Finanskomiteens merknad i Innst. 352 S (2019–2020), hvor representantskapet oppfordres til å vurdere hvorvidt dagens rapport til Stortinget i form og innhold lever opp til forventningene om relevans og leservennlighet. For å imøtekomme dette er strukturen på årets rapport noe endret fra tidligere rapporter.

Representantskapet fører tilsyn med Norges Banks drift og med at bestemmelsene for virksomheten blir fulgt. Oppgaver og ansvar er regulert i Lov om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbankloven) som er ny fra 1. januar 2020. Tilsynet omfatter også forvaltningen av Statens pensjonsfond utland (SPU) som er en betydelig oppgave for Norges Bank og skal gjennomføres i samsvar med mandat fastsatt av Finansdepartementet.

Norges Banks budsjett for 2021 er etter forslag fra hovedstyret vedtatt i representantskapets møte 10. desember 2020 og oversendt Finansdepartementet.

Representantskapet har behandlet hovedstyrets årsberetning for Norges Bank og godkjent årsregnskapet for 2020. Egenkapitalen til Norges Bank var på 276,8 milliarder kroner per 31. desember 2020, mot 263,2 milliarder kroner per 31. desember 2019. I tråd med retningslinjer for avsetning og disponering av Norges Banks overskudd blir det overført 15,2 milliarder kroner til statskassen. Årsrapporten om forvaltningen av Statens pensjonsfond utland for 2020 er også behandlet.

Representantskapet legger gjennom denne rapporten fram sin vurdering av hovedstyrets styring av og kontroll med Norges Bank i 2020. Rapporten dekker de områdene som er spesifisert i sentralbankloven. Prioriteringer for tilsynet i 2020 ble omtalt i eget kapittel i Dokument 9 (2019–2020).

Etter sentralbankloven skal Norges Bank løse to sentrale samfunnsoppdrag, som er å være landets sentralbank og forvalte Statens pensjonsfond utland. I kapittel 1 i denne rapporten beskrives gjennomført tilsyn i 2020. Temaene er ordnet etter sentralbankens organisering.

Samfunnsoppdragene er organisert innenfor to separate virksomhetsområder. Sentralbankvirksomheten (SBV) og Norges Banks Administrasjon (NBA) ledes av sentralbanksjefen, mens Norges Banks hovedstyre har delegert gjennomføringen av forvaltningsoppdraget til daglig leder av Norges Bank Investment Management (NBIM).

Representantskapet er oppnevnt av Stortinget for å føre tilsyn med Norges Bank. En viktig del av dette arbeidet er at man gjennom året gjennomgår hovedstyrets protokoller. I den forbindelse har medlemmer i representantskapet hatt synspunkt på at hovedstyrets protokoller kunne inneholdt mer informasjon fra viktige diskusjoner. Spørsmål har blant annet vært knyttet til utviklingen i en ekstraordinær markedssituasjon og utfordringer i forvaltningen av valutareservene, beredskapsplaner knyttet til covid-19-pandemien, samordning av støttefunksjoner i Norges Bank, organisatoriske endringer, godtgjørelsesordningen i kapitalforvaltningen og kostnader til IT-tjenester. Sentralbanksjefen har på vegne av hovedstyret gitt utdypende redegjørelser til problemstillingene.

Hovedstyrets ansettelse av ny daglig leder av NBIM, Nicolai Tangen, har stor offentlig oppmerksomhet og følges tett opp av representantskapet. I behandlingen i møter og gjennom brev er det stilt spørsmål til prosessen fram til ansettelsen og til arbeidsavtalen. Mulige interessekonflikter mellom Norges Bank, forvaltningen av SPU og daglig leders tidligere virksomhet og eierskap har vært spesifikt drøftet.

Representantskapet har også reist spørsmål ved muligheten for tilbakekjøp av eiendeler som er overført til AKO Foundation. I svar til representantskapet har hovedstyret opplyst at AKO Foundation – som eieren av interessene i AKO Capital LLP – har forpliktet seg til at eierandelen ikke skal bli solgt tilbake til Nicolai Tangen. Forpliktelsen gjelder for ubestemt tid og opphører ikke ved Tangens fratreden i Norges Bank. Arbeidsavtalen med de to erklæringene fra henholdsvis Tangen og AKO Foundation datert 1. desember 2020 vil bli endret slik at ordlyden i partenes erklæringer gjøres likelydende på dette punktet.

Hovedstyret ved sentralbanksjefen har redegjort om etablerte rutiner og kontrolltiltak for videre oppfølging av arbeidsavtalen. Representantskapet vil følge hovedstyrets arbeidsavtale med daglig leder av NBIM og etablerte kontrolltiltak gjennom sitt ordinære tilsyn framover.

Hovedstyret har igangsatt en prosess for oppdatering av styringsrammeverket blant annet på bakgrunn av ny sentralbanklov og endringer i mandat for forvaltningen av SPU, og store deler er gjennomført og oversendt representantskapet. Hovedstyrets etiske prinsipper for ansatte er oppdatert, og representantskapet har hatt en grundig gjennomgang med bistand fra juridisk kompetansemiljø.

Gjennom året har representantskapet behandlet rapporter fra fire tilsynsgjennomganger. Temaene har vært:

- Investeringer i unotert eiendom - eierstrukturer og styringsmodeller
- Hovedstyrets rammer for og organisering av styring og kontroll
- Etterlevelse av rammeverk for tiltak mot hvitvasking og terrorfinansiering
- Norges Banks vekslinger i valuta mot norske kroner.

Det er behandlet to attestasjonsuttalelser om bekreftelse av internkontrollrutiner i forvaltningen av statsgjelden og om implementeringer av mandatendringer i SPU. Videre har Deloitte AS avgitt to faste årlige attestasjonsuttalelser knyttet til Norges Banks oppgaver for statsgjelden og statens konto i Norges Bank.

Tilsynsrapporter og attestasjonsuttalelser er oversendt til hovedstyret som på vanlig måte gir tilsvar og sine kommentarer i brev til representantskapet, med opplysning om hvordan anbefalinger og vurderinger vil bli fulgt opp. Gjennomgangene, med vurderinger og anbefalinger, samt hovedstyrets oppfølging er beskrevet i denne rapporten. Enkelte temaer videreføres i tilsynet.

Representantskapet er opptatt av kostnadseffektivitet og har fulgt opp budsjetthandlingen og rapporteringer av kostnadsutvikling gjennom året.

På grunn av covid-19-pandemien har myndighetene og Norges Bank satt strenge rammer for tilstedeværelse i bankens kontorlokaler. Det har medført utstrakt bruk av digitale plattformer i møtegjennomføringer og hjemmekontor for de ansatte i store deler av året. Sentralbanksjefen har orientert om sikkerhet og beredskap gjennom året. Det er representantskapets oppfatning at Norges Bank til tross for utfordringene har løst ansvar og oppgaver på en god måte.

Ved utgangen av 2020 var markedsverdien til Statens pensjonsfond utland 10 914 milliarder kroner, en oppgang på 826 milliarder kroner fra inngangen til året. Markeds-

verdien påvirkes av avkastning, kapitaltilførsel eller -uttak og endringer i valutakurser. Avkastningen var 1 070 milliarder kroner. Uttaket fra den norske stat var 298 milliarder kroner etter utbetalt forvaltningsgodtgjøring. Resultatet av forvaltningen disponeres direkte mot innskudd på kronekontoen til Statens pensjonsfond utland i Norges Bank. Hovedstyret har uttalt at det er tilfreds med at avkastningen både i 2020 og over tid har vært god, og at det er oppnådd høy avkastning målt mot Finansdepartementets referanseindeks.

Deloitte AS har avgitt en attestasjonsuttalelse av Norges Banks rapportering om samfunnsansvar, som er presentert i Norges Banks årsrapport og regnskap for 2020.

Representantskapet vil i videre tilsynsarbeid prioritere temaer som personal og organisasjonsutvikling, sikkerhet og beredskap, herunder krisehåndtering, og Norges Banks risikorammeverk for operasjonell risikostyring.

## REPRESENTANTSKAPETS KONKLUSJON PÅ TILSYNET FOR 2020

Representantskapet har mottatt alle opplysningene det har bedt om. Det er ikke avdekket forhold gjennom tilsynet som gir grunnlag for særlige merknader etter loven. Etter representantskapets oppfatning har hovedstyret utøvd styring av og kontroll med Norges Banks virksomhet i samsvar med krav i sentralbankloven, forskrift om risikostyring og internkontroll i Norges Bank samt mandat for forvaltningen av Statens pensjonsfond utland. Det er etablert hensiktsmessige rutiner som sørger for at virksomheten utøves i henhold til lov, avtaler, vedtak og rammeverk for øvrig.

I 2020 har representantskapet hatt en særskilt behandling av hovedstyrets ansettelse av og arbeidsavtale med ny daglig leder av NBIM. Brev ble sendt til Stortinget 11. juni 2020 og behandlet som Dokument 9:1 (2019–2020) under høring i Finanskomiteen 10. august. Stortinget behandlet innstillingen fra komiteen 5. november 2020. Norges Bank har etablert rutiner og kontrolltiltak for videre oppfølging av arbeidsavtalen, og representantskapet vil føre ordinært tilsyn med hovedstyrets arbeid og rapportering.

Denne rapporten ble godkjent i møte 18. mars 2021.

Oslo, 8. april 2021

Julie Brodtkorb  
Leder i Norges Banks representantskap

# INNHALD

---

<b>1</b>	<b>Tilsynet med Noregs Bank i 2020</b>	<b>6</b>
1.1	Tilsynsoppgåva, mandat og gjennomføring	7
1.2	Tilsyn med Noregs Bank på overordna, felles nivå	9
1.3	Tilsyn med sentralbankverksemda (SBV) og Noregs Bank Administrasjon (NBA)	17
1.4	Tilsyn med kapitalforvaltinga	22
1.5	Oppfølging av arbeidsavtale mellom hovudstyret og dagleg leiar av NBIM	30
<b>2</b>	<b>Årsrekneskapen og budsjettet til Noregs Bank</b>	<b>36</b>
2.1	Godkjenning av årsrekneskapen til Noregs Bank og rapport om forvaltinga av Statens pensjonsfond utland 2020	37
2.2	Revisorfråsegner til Noregs Banks rekneskapsrapportering	39
2.3	Rapportering om samfunnsansvar	40
2.4	Budsjettreglement for Noregs Bank	41
2.5	Ressursbruken i Noregs Bank – oppfølging av budsjett for 2020	41
2.6	Vedtak av Noregs Banks budsjett for 2021	42
<b>3</b>	<b>Prioriteringar i det vidare arbeidet</b>	<b>46</b>
	<b>Vedlegg 1 Representantskapet – samansetjing, organisering og ressursbruk</b>	<b>50</b>
1.1	Samansetjing og presentasjon av medlemmene	51
	Presentasjon av medlemmene	52
	Tilsynssekretariatet i representantskapet	55
1.2	Organisering av tilsynet, aktivitetar i 2020	56
1.3	Ressursbruken til representantskapet	60
	<b>Vedlegg 2 Interne regelverk for Norges Bank vedtatt av representantskapet</b>	<b>64</b>
2.1	Budsjettreglement for Norges Bank	65
2.2	Reglement for lån til ansatte i Norges Bank	68
2.3	Retningslinjer for representantskapets tilsyn med selskaper Norges Bank eier knyttet til investeringer i Statens pensjonsfond utland	70

---


# KAPITTEL 1

# TILSYNET MED NOREGS BANK

# I 2020

---

## SLIK BLIR NOREGS BANK STYRT





## 1.1 TILSYNSOPPGÅVA, MANDAT OG GJENNOMFØRING

### RAMMER FOR TILSYNSOPPDRAGET

Representantskapet i Noregs Bank er oppnemnt av Stortinget for å føre tilsyn med Noregs Bank og utføre andre oppgåver etter sentralbanklova. Arbeidsmetode og gjennomføring av tilsynet er i stor grad vidareutvikla over tid. Den uavhengige rolla til representantskapet er styrkt i den nye sentralbanklova.

Representantskapet er uavhengig av hovudstyret og administrasjonen i Noregs Bank. Ein nødvendig føresetnad for å kunne gjennomføre eit tillitvekkjande tilsyn er omfatta av lova: «Representantskapet har *rett til innsyn i alle Norges Banks anliggender og kan foreta de undersøkelser som det finner nødvendig for sine oppgaver etter loven.*»<sup>1</sup> Tilsynet med sentralbankverksemda er basert på representantskapet sine egne vurderingar av risiko og vesentlegheit.

Hovudstyret er ansvarleg for verksemdsdrifta og skal fastsetje strategien, måla og risikotoleransen til Noregs Bank. Det er avgjerande å halde oppe eit tydeleg skilje mellom ansvarsområdet til hovudstyret og rolla til representantskapet. Representantskapet skal gjennom tilsynet bidra til at hovudstyret etablerer gode prosessar. Eit sentralt poeng er å sikre at vedtak som representantskapet har fatta i tråd med rolla si, blir behandla og vurderte av hovudstyret.

Representantskapet verken behandlar eller uttaler seg om protokollane og vedtaka til Noregs Banks komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet.<sup>2</sup> Representantskapets tilsyn

omfattar heller ikkje skjønnsutøvinga til Noregs Bank i den økonomiske politikken. Tilsynet med drifta vil likevel kunne omfatte prosessar og dokument i Noregs Bank som dannar grunnlag for råd og skjønnsutøving. Representantskapet blir orientert om arbeidet til Noregs Bank på desse områda.

### RISIKOBASERT TILSYN


Representantskapets tilsyn omfattar alle protokollar, rapportar og andre saksdokument som hovudstyret legg fram, rapportar frå tilsynsgjennomgangar og attestasjonsfråsegner.

I forarbeida til sentralbanklova framhevar Finansdepartementet kor viktig det er at «(...) *Norges Bank underlegges et godt, risikobasert tilsyn, hvor tilsynet skaleres etter vesentlige risikoer (...)*»<sup>3</sup>.

Tilsynet blir gjennomført med utgangspunkt i vurderingar av risiko og vesentlegheit knytte til styring og kontroll, drift av verksemdsområda, målretta og effektiv ressursstyring og dessutan påliteleg ekstern rapportering om verksemda. Det er representantskapet si eiga vurdering av risikoforhold og vesentlegheit som blir lagd til grunn for tilsynsarbeidet. I tilsynet legg ein vekt på at verksemda i Noregs Bank blir driven etter rammer for verksemda som er gitt i lov, forskrift, føresegner og mandat.

Noregs Bank har etablert ein kontrollstruktur på linje med andre finansinstitusjonar, sjå figur 1. Representantskapet legg denne forsvarslinjemodellen til grunn i tilsynsarbeidet.

FIGUR 1 FORSVARSLINJEMODELLEN TIL NOREGS BANK



Representantskapets tilsyn og arbeidet til ekstern revisor er uavhengig av den interne kontrollstrukturen.

I tilsynet blir verksemdsstyring, internkontroll, arbeidsprosesser og organiseringa av Noregs Bank vurdert nært knytt til etterleving av lovpålagde oppgåver. Representantskapet må få god kunnskap om styrings- og kontrollordningane som sentralbanken har etablert, inkludert omfanget av og kvaliteten på styringsdokumenta og dessutan arbeidet til etterlevingsfunksjonane og internrevisjonen.

I meldinga om den nye sentralbanklova skriv Finansdepartementet at representantskapet i tilsynsarbeidet sitt bør «(...) vektlegge både risiko for omdømmetap og finansiell risiko dersom bankens virksomhet ikke drives i samsvar med gjeldende lover og regler. Vurderingen av finansiell risiko ved potensielle brudd på regler bør omfatte både risiko for bankens eget resultatregnskap, samt den finansielle risikoen som kan viderebelastes Finansdepartementet gjennom kronekontoen for SPU».<sup>4</sup>

Representantskapet godkjenner dei årlege planane for arbeidet til tilsynssekretariatet. I arbeidet med ein risikobasert plan følgjer ein trinna i figur 2.

Med utgangspunkt i den godkjende årlege tilsynsplanen gjennomfører tilsynssekretariatet løpande tilsyn, utgreiingar eller tilsynsgjennomgangar på spesifikke område.

FIGUR 2 UTARBEIDING AV TILSYNSPLAN



FIGUR 3 MODELL FOR ULIKE TILSYNSFORMER, PROSESSFLYT OG RAPPORTERING



Representantskapet kan gjennom året godkjenne attestasjonsoppdrag som er utførte etter internasjonale revisjonsstandardar,<sup>5</sup> og setje i gang særskilde undersøkingar dersom det er aktuelt.

Figur 3 viser ein modell for ulike tilsynsformer, prosessflyt og rapportering.

I kvart av delkapitla nedanfor beskriv vi det gjennomførte tilsynet med utgangspunkt i tilnærminga som er vist i figuren, med løpande tilsyn, utgreiingar, tilsynsgjennomgangar og attestasjonsoppdrag der det er relevant.<sup>6</sup>

## 1.2 TILSYN MED NOREGS BANK PÅ OVERORDNA, FELLES NIVÅ

### LØPANDE TILSYN

#### GENERELT OM GJENNOMGANGEN AV HOVDUSTYREPROTOKOLLANE

Alle protokollane frå hovudstyremøta er lagde fram for representantskapet i samsvar med sentralbanklova.<sup>7</sup> Behandlinga av protokollane saman med framlagde saker og rapportar er eit viktig grunnlag for representantskapets tilsyn og gir oversikt over saksomfanget til hovudstyret og vedtak i enkeltsaker. Sentralbanksjefen og visesentralbanksjefane er til stades i møta og gjer greie for saker og protokollar i hovudstyret.

Under drøftingane er det stilt spørsmål om utviklinga i risikobiletet og status på tiltaka, og sentralbanksjefen har svart.

Representantskapet er orientert om korleis Noregs Bank vurderer gjennomføringa av strategiperioden 2017–2019. Det blei stilt spørsmål om beskriving av forbedringsområde og større omtale av vurderingane til hovudstyret. Sentralbankleiinga har opplyst at spørsmålet til representantskapet er notert, og at ein skal ta omsyn til det ved neste strategievaluering. Hovudstyret vedtok 11. september 2019 dokumentet «Strategi 2022 – Én bank».<sup>8</sup> Strategidokument og handlingsplanar var lagde ved budsjettforslaget for Noregs Bank for 2021 til behandling hos representantskapet.

#### EKSTERN KOMMUNIKASJON, ÅPENHEIT OG OMDØMME

Representantskapet er oppteke av at Noregs Bank skal ha eit godt omdømme. På spørsmål frå representantskapet har sentralbankleiinga gitt utfyllande informasjon om resultatane av ei omdømmeundersøking for Noregs Bank som var presentert for hovudstyret i oktober 2020.<sup>9</sup>

Om lag 70 prosent av dei spurde seier at dei har eit ganske godt eller eit svært godt totalinntrykk av Noregs Bank. Det var ein liten nedgang frå året før. Resultatet var svakast i kategorien openheit og informasjon, mens Noregs Bank verkar å score høgt for samfunnsansvar, kompetanse og fagkunnskap.

I ein tilsynsgjennomgang som handlar om Noregs Banks periodiske offentlege rapportar frå 2019, tilrådde representantskapet hovudstyret å gjere det klart i kommunikasjonsprinsippa kven som er målgruppene til Noregs Bank. Det blei òg tilrådd å gjere systematiske undersøkingar av om dei eksterne offentlege rapportane inneheld relevant informasjon for dei definerte målgruppene.

I svaret på tilsynsgjennomgangen skreiv hovudstyret at sidan den nye sentralbanklova tok til å gjelde 1. januar 2020, er det naturleg å gå gjennom dei overordna kommunikasjonsprinsippa på nytt. Hovudstyret vil då vurdere om det er fornuftig å formalisere beskrivingane av målgruppene til Noregs Bank i dei overordna kommunikasjonsprinsippa, eller om dagens praksis med å definere målgruppene verksemdsnært bør vidareførast.

Hovudstyret vedtok 25. november 2020 oppdaterte prinsipp for eksternkommunikasjon i Noregs Bank. I dei nye prinsippa står det følgjande: «*Hovedmålgruppene våre er allmennheten, Stortinget, andre politiske myndigheter, næringsliv, interesseorganisasjoner, undervisningssektoren, akademien, andre sentralbanker, andre fond og investorer, utenlandske myndigheter, selskapene vi er investert i samt globalt næringsliv.*»

Representantskapet er tilfreds med at hovudstyret i revisjon av kommunikasjonsprinsippene har presisert hvem som er Norges Banks målgrupper og tar revisjon av Norges Banks prinsipper for eksternkommunikasjon til orientering.

#### NY SPRÅKLOV

Stortinget skal behandle innstillinga frå familie- og kulturkomiteen om lov om språk (språklova)<sup>10</sup> 25. mars 2021. Noregs Bank vil bli omfatta av den nye lova, under føresetnad av at det ikkje blir gitt konkret unntak gjennom forskrift. Rapportar og dokument som Noregs Bank gir ut, og som er mynta på norsk offentlegheit, skal liggje føre på norsk. Etter forslaget skal minst 25 prosent av allment tilgjengelege dokument vere utgitt på bokmål eller nynorsk. Dette gjeld òg når ein gir ut rapportar på engelsk som er meinte for eit internasjonalt publikum. Per i dag oppfyller ikkje Noregs Bank desse måla heilt.

Representantskapet har i 2020 hatt ein gjennomgang av regjeringa sin stortingsproposisjon<sup>11</sup> om forslag til ny språklov og betydinga for Noregs Bank. Lovforslaget var beskrive kort i brev frå tilsynssekretariatet. Dersom lovforslaget blir vedteke, er det Språkrådet som etter §§ 18–20 i lovforslaget skal føre tilsyn med at denne særlova blir følgd.

Representantskapet gjorde dette vedtaket:

Representantskapet tar brevet om ny språklov til orientering. Oppfølging av ny språklov gjennomføres som ledd i tilsynet med etterlevelse av lover og regler for Norges Bank.

#### RAPPORTERING OM RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL

Rammeverket for risikostyring og internkontroll i Noregs Bank er mellom anna gitt i ei eiga forskrift (internkontrollforskrifta) etter den tidlegare sentralbanklova.<sup>12</sup> Ifølgje forskrifta skal hovudstyret «fastsette mål og strategi for Norges Bank, samt overordnede retningslinjer for bankens virksomhet». Noregs Bank skal på alle område gjere ei systematisk vurdering av vesentlege risikoar knytte til verksemda. Den etablerte internkontrollen skal handtere dei identifiserte risikoane på ein forsvarleg måte. Hovudstyret har fastsett prinsipp for risikostyring i Noregs Bank på overordna nivå og vidare for sentralbankverksemda og NBIM. Rammeverket er jamleg lagt fram for representantskapet til orientering.

Gjennom året har representantskapet behandla kvartals- og halvårsrapportering frå hovudstyret om verksemdsstyring og etterleving og kontroll i kapitalforvaltninga og sentralbankverksemda. Rapportane gir oversikt over operasjonell risiko og internkontrollaktivitetar gjennom året.

På spørsmål frå representantskapet er det orientert om i kva grad den ekstraordinære marknadssituasjon på grunn av covid-19-pandemien og prosessen med å tilsetje ny dagleg leiar av NBIM har prega Noregs Bank. Det er òg orientert om arbeidet med unotert infrastruktur, arbeidet med ansvarleg forvaltning og auken av investeringsramma til eksterne forvaltarar. Sentralbankleiinga har informert om prosessen med organisatoriske endringar og har involvert fagforeiningar og gjennomført allmøte der det blir informert om vidare planar.

Hovudstyret skal minst ein gong i året sende representantskapet ei vurdering av risikosituasjonen for verksemda til Noregs Bank. Dette er eit krav i internkontrollforskrifta for

Noregs Bank: «Et sammendrag med konklusjoner om risikosituasjonen og om det er behov for nye tiltak skal foreligge for det enkelte virksomhetsområdet. Sentralbanksjefen skal minst én gang årlig utarbeide en samlet vurdering av risikosituasjonen. Vurderingen skal forelegges hovedstyret til behandling. Leder av kapitalforvaltningen kan legge fram en egen vurdering.»<sup>13</sup>

Representantskapet legg stor vekt på oppfølginga til hovudstyret og vurderingar av risikostyring og internkontroll. Hovudstyret si samla vurdering for 2020 er behandla av representantskapet, som gjorde følgjande vedtak:

Representantskapet tar samlet vurdering av risikosituasjonen og internkontrollen i Norges Bank for 2020 til etterretning og mener at det er etablert prosesser og rapportering som oppfyller kravene i sentralbankloven og forskrift om risikostyring og internkontroll i Norges Bank.

Etter sentralbanklova skal hovudstyret ha eit revisjonsutval. Utvalet skal bidra til å styrkje og effektivisere hovudstyret sitt arbeid med å følgje opp og ha tilsyn og kontroll med rekneskapsrapportering, operasjonell risiko, etterleving og systema for risikostyring og internkontroll.<sup>14</sup> Revisjonsutvalet skal mellom anna førebu saker som gjeld planane og rapporteringa til internrevisjonen. Revisjonsutvalet drøftar alle rapportar frå revisjonsprosjekta og sender innstilling til hovudstyret om tilråding om vedtak og oppsummering av diskusjonen. Iverksetjinga av tiltak som følgje av tilrådingane blir følgde opp som del av den faste rapporteringa frå linja. Utvalet drøftar den årlege rapporten frå internrevisjonen.

Ein gong i året møter representantskapet leiaren for revisjonsutvalet. Leiaren gjer då greie for arbeidet til utvalet, synet på risikostyring og internkontroll i Noregs Bank og hovudstyret sin revisjonsplan for internrevisjonen. Desse møta gir representantskapet godt innblikk i hovudstyret sitt samla arbeid med risikostyring og internkontroll.

Internrevisjonen gjennomfører revisjonar i samsvar med den fastsette revisjonsplanen. I 2020 behandla hovudstyret tretten revisjonsprosjekt: seks som dekte kapitalforvaltninga, tre som dekte sentralbankverksemda, og fire som dekte begge verksemdsområda. I tillegg har internrevisjonen verifisert at praktiseringa av godtgjersleordninga for tilsette i NBIM og sentralbankverksemda i 2020 var i tråd med retningslinjene for godtgjersle som hovudstyret har fastsett.

Representantskapet behandlar ikkje rapportane til intern-revisjonen, men tilsynssekretariatet går gjennom dei i samband med løpande tilsyn og tilsynsgjennomgangar på relevante tema.

#### NOREGS BANK – ORGANISASJON OG STYRING

Då den nye sentralbanklova tok til å gjelde 1. januar 2020, blei det vedteke ein ny forretningsorden for hovudstyret, forretningsorden for komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet i Noregs Bank og eit nytt prinsippdokument om ansvarsfordeling mellom hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Desse tre dokumenta er tekne til orientering i representantskapet 26. februar 2020. Hovudstyret har oppdatert mandata for alle dei fire underutvala. Representantskapet har fått alle mandata og teke dei til orientering. Hovudstyret har òg orientert om oppnemningar av medlemmer til utvala.


Fleire av styringsdokumenta har hatt behov for oppdatering sidan dei ikkje heilt oppfylte krava i sentralbanklova, den nye sikkerheitslova (frå 1. januar 2019) eller den

gjeldande fordelinga av roller og ansvar internt i Noregs Bank. Hovudstyret har i svar på ein tilsynsgjennomgang frå 2018 om krisehandtering sagt at «det kan være grunn til å se nærmere på om det skal være mer detaljert felles regulering innenfor risikostyring og internkontroll».<sup>15</sup>

Arbeidet med å oppdatere styringsmodellen med tilhøyrande styringsdokument er i gang, og representantskapet har fått fleire overordna prinsippdokument og teke dei til orientering:

- Hovudstyrets prinsipp for risikostyring og internkontroll i Noregs Bank, vedtekne i hovudstyret 24. juni 2020
- Hovudstyrets prinsipp for sikkerheit, vedtekne i hovudstyret 30. september 2020
- Hovudstyrets prinsipp for beredskap og handtering av kriser, vedtekne i hovudstyret 30. september 2020
- Hovudstyrets prinsipp for eksternekommunikasjon i Noregs Bank, vedtekne i hovudstyret 25. november 2020

FIGUR 4 ORGANISASJONSKART FOR NOREGS BANK



Vidare har representantskapet drøfta og teke til etterretning hovudstyret sine etiske prinsipp for tilsette i Noregs Bank. Representantskapet engasjerte juridisk spisskompetanse i samband med behandlinga av prinsippa.<sup>16</sup> Sjå eigen omtale av det etiske rammeverket.

Hovudstyret vedtek felles reguleringar for verksemda til heile Noregs Bank og for kvart enkelt verksemdsområde, men kan òg delegere fastsetjing av felles regelverk til sentralbanksjefen. Sentralbanksjefen fastset retningslinjer for sentralbankverksemda og NBA, og dagleg leiar i NBIM fastset retningslinjer for kapitalforvaltninga.

Representantskapet har fastsett retningslinjer for verksemda til Noregs Bank på tre område:

- budsjettreglement for Noregs Bank
- reglement for lån til tilsette i Noregs Bank.
- retningslinjer for representantskapets tilsyn med selskap som Noregs Bank eig i tilknytning til investeringar i Statens pensjonsfond utland

Desse er direkte knytte til representantskapet sine oppgaver etter sentralbanklova. Det blir ført tilsyn med etterlevinga. Retningslinjene er òg oppdaterte i tråd med den nye sentralbanklova og mandat for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland (mandat for SPU)<sup>17</sup>. Alle retningslinjene er tekne inn i vedlegg 2 til denne rapporten.

#### ETISK RAMMEVERK

Med heimel i sentralbanklova fastsette Finansdepartementet 20. desember 2019 utfyllande føresegner om habilitet o.a. for medlemmene av Noregs Banks hovudstyre og komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet (habilitetsregelverket). Etter føregående behandling i komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet vedtok hovudstyret etiske prinsipp for dei eksterne medlemmene av hovudstyret og komiteen i Noregs Bank 24. mars 2020. Dei nye prinsippa byggjer på dei førre, men er tilpassa styringsmodellen i den nye sentralbanklova og det nye habilitetsregelverket. Representantskapet er orientert både gjennom hovudstyreprotokollar og i møte.

Også hovudstyret sine etiske prinsipp for tilsette i Noregs Bank er reviderte for å vere tilpassa organisasjonsendringane frå hausten 2019 og den nye sentralbanklova. Dei etiske prinsippa blei vedtekne av hovudstyret 24. juni og tok til å gjelde 15. august 2020. Prinsippa blei etter vedtaket sende til representantskapet i samband med gjennomgangen av tilsetjinga av dagleg leiar for NBIM. I det påfølgjande representantskapsmøtet svarte sentralbanksjefen på spørsmål frå representantskapet, mellom anna

om kva slags typar verv som krev førehandsgodkjenning og kva som blir rekna som ein forretningsforbindelse. Vidare blei det orientert om korleis ein skal forstå det som står i dei etiske prinsippa om at risikoen for korrupsjon i Noregs Bank primært er knytt til at nokon krev, får eller aksepterer eit tilbod om ein utilbørleg fordel i kraft av stillinga si, anten som tilsett i banken, ekstern konsulent, leverandør eller underleverandør. Det blei òg opplyst at daglege leiarar av verksemdsområda med utgangspunkt i prinsippa har utarbeidd tilpassa og meir detaljerte etiske retningslinjer.

Etter gjennomgåande behandling tok representantskapet hovudstyret sine etiske prinsipp for tilsette i Noregs Bank til etterretning.

#### STILLINGSINSTRUKSAR FOR LEIINGA I NOREGS BANK

Etter § 2-4 i sentralbanklova er det krav om at «*hovudstyret skal fastsette instruksar for den daglege ledelsen i sentralbankvirksomheten og Norges Banks forvaltning av Statens pensjonsfond utland*». Stillingsinstruksen for sentralbanksjefen som dagleg leiar i sentralbankverksemda blei vedteken 24. mars 2020, og stillingsinstruksen for dagleg leiar av NBIM (CEO NBIM) blei vedteken 29. april 2020.

Det var nødvendig med oppdateringar på grunn av den nye sentralbanklova og som følgje av endringar i mandat for SPU.

Hovudstyret har i denne samanhengen òg orientert representantskapet om at ansvaret for administrative funksjonar o.a. som ikkje høyrer inn under dagleg leiar av NBIM, vil liggje i ansvarslinja til sentralbanksjefen som dagleg leiar av Noregs Bank.<sup>18</sup> Ein instruks for den daglege leiinga i sentralbankverksemda omfattar den samla ansvarslinja for sentralbanksjefen som dagleg leiar, det vil seie sentralbankverksemda, staben og dei administrative fellesfunksjonane o.a. som er organisert i Norges Bank Administrasjon (NBA).

Stillingsinstruksen for sentralbanksjefen omfattar ikkje oppgåva som leiar av hovudstyret og komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet. Dette ansvaret følgjer av sentralbanklova og forretningsordenar og andre avgjerder frå hovudstyret og komiteen.

Hovudstyret sin stillingsinstruks for dagleg leiar av NBIM er oppdatert slik at han er avstemd med stillingsinstruksen for dagleg leiar av sentralbankverksemda. Det er òg gjort endringar i hovudstyret sitt investeringsmandat for dagleg leiar av NBIM ved å inkludere rammer for investe-



ringar i fornybar energi. Desse endringane i rammene for dagleg leiar av NBIM er fastsette uavhengig og i forkant av arbeidsavtalen med den nytilsette daglege leiaren. Les meir under punkt 1.5 Oppfølging av arbeidsavtale mellom hovudstyret og dagleg leiar av NBIM.

Representantskapet har fått begge stillingsinstruksane og nytt investeringsmandat for dagleg leiar av NBIM og har teke sakene til orientering.

Etter sentralbanklova er dei to visesentralbanksjefane medlem i hovudstyret og i komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet. § 6-2 i forretningsordnen til hovudstyret seier følgjande: «*Visesentralbanksjefene er sentralbanksjefens stedfortredere i den daglige ledelsen av Norges Bank, jf. punkt 6-1[37]. Visesentralbanksjefene er også henholdsvis første og andre nestleder i hovedstyret, jf. punkt 2-1 annet ledd. De trer inn i sentralbanksjefens sted ved sentralbanksjefens fravær, eller når det for øvrig bestemmes av hovedstyret eller sentralbanksjefen, og utøver da sentralbanksjefens myndighet.*»

Hovudstyret har ikkje etablert særskilde stillingsinstruksar for visesentralbanksjefane, men har behandla eit notat om arbeids- og ansvarsdelinga mellom sentralbanksjefen og visesentralbanksjefane. Representantskapet er orientert om dette gjennom ein protokoll frå hovudstyret.

#### AVGANG VISESENTRALBANKSJEF

4. desember 2020 slutta Jon Nicolaisen i stillinga som visesentralbanksjef. Representantskapet er orientert om at bakgrunnen for fråtredinga var ei melding frå det sivile klareringsorganet om at han ikkje har fått fornya sikkerheitsklarering. Finansdepartementet hadde i samband med tilsetjinga frå 1. april 2020 sett som føresetnad at visesentralbanksjefen blir sikkerheitsklarert. Etter sikkerheitslova har ikkje Noregs Bank grunnlag for å klage på ei slik avgjerd; det er den som avgjerda er retta mot, som har klagerett.

Det blei opplyst til representantskapet at i tråd med rutiane til Noregs Bank blir ein person som ikkje har den nødvendige klareringa, fråteken tilgang til system og informasjonsstraumar som krev klarering. Det er avklart at visesentralbanksjefen i perioden etter at den nødvendige sikkerheitsklareringa fall bort, ikkje har hatt tilgang til saker som krev klarering.

Visesentralbanksjefen gjekk tilbake til ei anna stilling i sentralbankverksemda, men valde å slutte i Noregs Bank frå 1. januar 2021.

Sentralbanksjefen har tredd inn i alle oppgåver og ansvarsområde som ligg hos visesentralbanksjefen, med særskilt ansvar for kapitalforvaltning, inntil regjeringa utnemner ny visesentralbanksjef. Hovudstyret har vedteke at sentralbanksjefen fungerer som leiar av både risiko- og investeringsutvalet og eigarskapsutvalet frå 1. januar 2021 til ny visesentralbanksjef med særskilt ansvar for SPU har tiltredd. Hovudstyret har delegert til sentralbanksjefen å ta avgjerder på vegner av hovudstyret i saker der dagleg leiar av NBIM blir rekna som inhabil. Denne delegeringa gjeld fram til ny visesentralbanksjef har teke til i stillinga.

Representantskapet er orientert om oppfølginga av sikkerheitsklarert og autorisert personell i Noregs Bank og den mellombelse organiseringa.

#### ARBEIDSGIVAR FOR SENTRALBANKSJEFANE

Då visesentralbanksjefen gjekk av, stilte pressa spørsmål både til administrasjonen og representantskapet om kven som var å rekne som arbeidsgivar for sentralbankleiinga til Noregs Bank. Representantskapet sender denne type spørsmål vidare til administrasjonen i Noregs Bank.

Representantskapet er orientert om kva Noregs Bank har uttalt til pressa i saka. Arbeidsgivaransvaret og dei sentrale arbeidsgivarfunksjonane er vurderte til å liggje hos staten v/Finansdepartementet når det gjeld sentralbanksjefane. Etter sentralbanklova er dei viktigaste arbeidsgivaravgjerdene, som utnemning og avskjed, lagde til regjeringa, mens andre avgjerder er delegerte til Finansdepartementet (til dømes fastsetjing av lønn, pensjon og andre arbeidsvilkår).

Representantskapet oppfattar at spørsmålet om arbeidsgivaransvaret er avklart med dette.

#### PERSONALE, ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

Arbeidsmiljøutvalet skal bidra til eit forsvarleg arbeidsmiljø og medverke til at føresegnene i arbeidsmiljølova blir følgde. Samansetjinga av utvalet, arbeidet og rapporteringa følgjer av lova. Leiar og nestleder i utvalet blir valde kvart år, vekselvis frå leiinga og dei tilsette. Bedriftshelsetenesta har delteke i utvalsmøta.

Arbeidsmiljøutvalet skal kvart år rapportere om verksemda si til hovudstyret, som sender årsrapporten vidare til representantskapet til orientering. Rapporten frå utvalet blir presentert for representantskapet. Ingen arbeidsulykker har vore av ein slik karakter at dei er blitt melde til Arbeidstilsynet.

Representantskapet har fått ei orientering om ei gjennomført pulsundersøking om psykososialt arbeidsmiljø blant alle tilsette hausten 2020. Resultatet av undersøkinga blir lagt ved arbeidsmiljøutvalet sin årsrapport til dei styrande organa.

Hovudstyret rapporterer òg om arbeidsmiljøet i årsmeldinga si. I årsrapporten gir hovudstyret ei omfattande beskriving av situasjonen under covid-19-pandemien. Representantskapet har merkt seg at lover og avtalebreguleringar for arbeidsmiljøet blir varetekne og rapporterte. Årsrapporten til arbeidsmiljøutvalet er teken til orientering.

Hovudstyret har som langsiktig mål at det samla sett skal vere minst 40 prosent kvinner blant dei tilsette i Noregs Bank. Det blir lagt til grunn i arbeid med strategi og handlingsplanar, og det blir vektlagt ved planlegging og gjennomføring av rekrutteringsprosessar. Prosentdelen kvinner blant alle dei fast tilsette var 33 ved utgangen av 2020, som er under det fastsette målet. Representantskapet er oppteke av at Noregs Bank skal ha mål for likestilling, og følgjer hovudstyret sitt arbeid for å nå dette.

#### COVID-19-PANDEMIEN

Sentralbanksjefen har gitt løpande vurderingar gjennom året av covid-19-situasjonen og korleis handteringa av pandemien påverkar verksemda. I ordinær rapportering er representantskapet blitt orientert om at tiltak for å sikre helse, miljø og sikkerheit for dei tilsette har fungert godt, og at sentralbanken har kunna gjennomføre dei viktige samfunnsoppgåvene sine.

Det blei etablert utstrekt bruk av heimekontor for dei tilsette ved hovudkontoret i Oslo frå og med 12. mars 2020. Utvalde kritiske funksjonar har vore gjennomførte frå hovudkontoret, mens andre kritiske funksjonar og andre arbeidsoppgåver har vore utførte frå heimekontor. Det same gjeld for dei internasjonale kontora, som i tillegg har følgd lokale retningslinjer og hadde innført heimekontor tidlegare. Val av løysingar har vore basert på risikovurderingar og har fungert tilfredsstillande. Hovudkontoret blei stengt for eksterne gjester og dermed òg for veksling av utgatte setlar i resepsjonen. Med heimekontorløysing og meir bruk av videokonferansar er sårbarheita for IKT-sikkerheitshendingar noko auka. Vi viser elles til beskrivingar i årsrapporten frå hovudstyret.

Representantskapet er gjennom rapporteringa òg informert om at det er sett i gang eit prosjekt for å leggje til rette for eit arbeidsliv i endring, der ein òg vil sjå på fleksibilitet i arbeidsform. Ei eiga utgreiing om forvaltinga av

SPU i lys av pandemien er omtalt seinare i denne rapporten.

#### NOREGS BANKS PENSJONSKASSE OG PENSJONSORDNING

Pensjonskassen i Noregs Bank er ei sjølvstendig juridisk eining med eige rekneskap og årsrekneskap. Verdiane og pliktene til pensjonskassen er skilde frå Noregs Bank. Noregs Bank garanterer for sin del av premiereserven til pensjonskassen. Formålet er å yte pensjon til dei tilsette og til etterlatne av tidlegare tilsette i Noregs Bank. Pensjonsordninga følgjer folketrygda og er tilpassa føresegnene i Statens pensjonskasse.

Dei gjeldande vedtektene er opphavleg fastsette av representantskapet. Endringar i vedtektene skal vedtakast av styret i pensjonskassen og leggjast fram til orientering for dei styrande organa i Noregs Bank. Finanstilsynet fører tilsyn med verksemda og godkjenner endringar i vedtektene.

Pensjonskassen blir leidd av eit eige styre. Fire av seks styremedlemmer med to varamedlemmer blir oppnemnde av hovudstyret i Noregs Bank. Minst éin styremedlem er ekstern utan tilknytning til pensjonskassen, sentralbanken eller tilslutta selskap. To styremedlemmer med varamedlemmer blir oppnemnde av arbeidstakarorganisasjonane.

Representantskapet er oppteke av soliditeten og av at pensjonskassen skal oppnå god avkastning på midlane for å bidra til lågare pensjonskostnader for Noregs Bank. Representantskapet blir halde orientert om kven hovudstyret oppnemner som medlemmer til styret, og får årsmeldinga og årsrekneskapen med melding frå revisor til orientering.

Representantskapet har oppnemnt Deloitte AS som revisor, og det er inngått ein eigen engasjementsavtale mellom revisor og styret i pensjonskassen. Ekstern revisor har lagt fram ei ordinær melding utan merknader til årsrekneskapen for 2020.

Noregs Banks pensjonskasse gjorde i 2020 ei tilpassing til endringar i ektefellepensjonen i pensjonsordninga etter same prinsipp og frå same tidspunkt som Statens pensjonskasse.

Representantskapet hadde ingen merknader til hovudstyret si tilslutning til endringa i ektefellepensjonen som gjeld frå 1. januar 2021, og tok hovudstyret sitt brev om pensjonsordninga til Noregs Bank til etterretning.



## TILSYNSGJENNOMGANGAR

### ETTERLEVING AV RAMMEVERK FOR KVITVASKING OG TERRORFINANSIERING

Tilsynsgjennomgangen av Noregs Bank si etterleving av rammeverk for tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering er ei oppfølging av undersøkinga frå 2019 om tilsynsansvaret til representantskapet, og særleg det ansvaret representantskapet har for å føre tilsyn med Noregs Bank si oppfølging av kvitvaskingslova. Parallelt med tilsynsgjennomgangen har Noregs Bank jobba med å utvikle antikvitvaskingsarbeidet, og det er mellom anna utarbeidd nye retningslinjer for etterleving av kvitvaskingsføregnene i setelvekslings- og erstatningssaker.

Hovudkonklusjonen i rapporten er at Noregs Bank er omfatta av kvitvaskingsregelverket, men risikoen, som i stor grad er vurdert ut frå type kunde, kundeforhold, produkt eller transaksjon, blir rekna som låg. Det er viktig at det er samsvar mellom risiko og iverksette tiltak. For Noregs Bank samla sett betyr det at det kan vere nok å oppfylle minimumskrava i lova, jamfør ei rettleiing frå Finanstilsynet. Ytterlegare tiltak må vurderast for område der risikoen blir vurdert som noko høgare.

Representantskapet slutta seg til vurderingane i tilsynsrapporten. Det blei bestemt å sende rapporten til hovudstyret med to tilrådingar der representantskapet bad om svar frå hovudstyret.

Det er ikkje utarbeidd noka overordna risikovurdering for Noregs Bank som dokumenterer kva slags vurderingar ein har gjort for å komme fram til at det er dei utpeikte risikoområda som er mest utsette for kvitvasking.

- Det blir derfor tilrådd at Noregs Bank utarbeider ei overordna risikovurdering som tydeleggjer prosessen og vurderingane som er gjorde for å komme fram til dei mest relevante risikoområda knytte til kvitvasking og terrorfinansiering. Med dette grunnlaget på plass bør dei mest kritiske risikoområda innarbeidast i den integrerte rapporteringa.

Det kan verke som om rettleiinga frå Finanstilsynet gir den kvitvaskingsansvarlege i Noregs Bank eit meir konkret og direkte ansvar enn det som er teke inn i hovudstyreprinsippa og stillingsbeskrivinga til juridisk direktør.

- Det blir tilrådd at hovudstyret går gjennom Finanstilsynet si rettleiing til regelverket med omsyn til rolla og ansvaret som kvitvaskingsansvarleg, og at interne prinsipp og retningslinjer blir tilpassa til å vere i tråd med dette.

Som ein del av hovudkonklusjonen i rapporten blei det sagt at Noregs Bank bør vurdere å tydeleggjere vekta av antikvitvaskingsarbeid på nettsidene. Ein bør òg vurdere å gi noko meir informasjon i årsrapporten om kva som blir gjort i arbeidet med antikvitvasking internt, utover informasjon om oppfølginga som del av eigarstyringa i NBIM.

I svaret på den første tilrådinga i tilsynsgjennomgangen skriv hovudstyret følgjande: «*[A]rbeidet med risiko knyttet til kvitvasking og terrorfinansiering i Norges Bank er gjort i henhold til de interne prinsipper, retningslinjer og rammeverk som gjelder for risikostyring i Norges Bank. Det er over tid fremkommet noen områder hvor det er identifisert kvitvaskingsrisiko. Disse har blitt håndtert, tiltak er gjennomført og rapportering på risikoene har vært gjort på samme måte som for andre risikoer.*

*Hovedstyret vil i 2021 få utarbeidet en overordnet risikovurdering i tråd med anbefalingen fra representantskapet. Den årlige risikostyring og internkontrollrapporteringen til hovedstyret for 2020 er allerede utvidet med mer informasjon om vurdering og håndtering av anti-kvitvaskingsrisiko. Dette er gjort på bakgrunn av forslag i Internrevisjonens rapport Project 2002 NB Anti-Money Laundering (som hovedstyret behandlet 30.9.2020) og anbefalingene i denne tilsynsgjennomgangen.»*

Til den andre tilrådinga skriv hovudstyret dette: «*[har] vedtatt prinsipper for oppfølging av kvitvaskingsbestemmelsene. I disse gis sentralbanksjefen fullmakt til å utpeke 'kvitvaskingsansvarlig'. Sentralbanksjefen har utpekt juridisk direktør til å ha denne rollen, og dette er dokumentert i stillingsinstruks for juridisk direktør.*

*Hovedstyret vil i løpet av 2021 gjennomgå prinsippene for oppfølging av kvitvaskingsbestemmelsene, og vil i den forbindelse blant annet gjennomgå rollen og ansvaret som 'kvitvaskingsansvarlig' i tråd med anbefalingen fra representantskapet.»*

Representantskapet behandla svaret frå hovudstyret og gjorde dette vedtaket:

Representantskapet tar hovudstyrets svar på anbefalingene i tilsynsgjennomgangen om etterlevelse av rammeverk mot kvitvasking til etterretning. Norges Banks arbeid med oppfølging av kvitvaskingsbestemmelsene vil fremover vere integrert i det løpende tilsynet.

### HOVUDSTYRET SINE RAMMER FOR OG ORGANISERING AV STYRING OG KONTROLL

Representantskapet legg vekt på at den nye sentralbanklova og oppfølginga av denne har medført enkelte klargjeringar av ansvaret til hovudstyret. Gjennom endringar i mandatet for SPU-forvaltninga er det presisert enkelte oppgåver og ansvar som hovudstyret ikkje kan delegere. Hovudstyret har konkrete oppgåver og dessutan generelt og alminneleg styrings- og kontrollansvar for den samla verksemda til Noregs Bank.

Gjennomgangen av rammene for og organiseringa av styring og kontroll i Noregs Bank er basert på vurderingar av etablerte interne rammeverk og delegerte fullmakter frå hovudstyret og leiinga, protokollar, referat og rapportar til hovudstyret. I gjennomgangen har ein i tillegg fått presentert styrings- og kontrollmodellen, hovudprosessane og ei oversikt over styringsdokumenta. Merksemda var retta mot korleis den interne styringa i hovudstyret er organisert, og korleis hovudstyret og leiinga organiserer, styrer og kontrollerer verksemda til sentralbanken.

Relevant eksternt rammeverk for samanlikning har vore finansføretakslova og NUES (Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing). Finanstilsynet har publisert ein modul for overordna styring og kontroll som blir brukt som verktøy for å kartleggje og vurdere kvaliteten på risikostyring og kontroll i føretaka dei har tilsyn med. I den samanhengen er det òg gitt ut ein mal for eigenevalueringar av overordna styring og kontroll i bank-/finanskonsern. Malen er nytta som støtte i gjennomgangen, tilpassa Noregs Bank.

Tema som er vurderte, er utvikling av styringsrammeverk, stillingsinstruksar på leiarnivå, prinsipp for utkontraktert verksemd, underutvala til hovudstyret, styreansvar med felles solidaransvar og ansvaret til enkeltmedlemmer, tilsettrepresentasjon og prosessar for eigenevaluering i styret og utvala. Vidare har ein sett på korleis hovudstyret og leiinga organiserer kontroll og rapportering gjennom forsvarslinjemodellen til Noregs Bank, og etablert rammeverk for dei tre nivåa.

Konklusjonen i gjennomgangen er at hovudstyret har etablert ein modell for risikostyring og internkontroll som varetek risikoprofilen og risikorammene, og som dekkjer heile verksemda. Det overordna styringssystemet og etablerte rammeverket er einskapleg, transparent og godt dokumentert. Modellen for risikostyring, kontroll og etterleving i tre forsvarslinjer (sjå figur 1 ovanfor) er i tråd med tilrådde standardar for god verksemdsstyring.

Innanfor organisasjonen til hovudstyret følgjer ein anerkjend praksis for styrearbeid med fire etablerte underutval med eigne mandat. Utvalsmedlemmene er i stor grad oppnemnde blant dei eksternt utpeikte styremedlemmene, noko som styrkjer uavhengigheita i vurderingane til hovudstyret.

Representantskapet har tidlegare, med utgangspunkt i ein rapport frå ein tilsynsgjennomgang, tilrådd hovudstyret å formalisere og dokumentere eigenevalueringar. Hovudstyret og underutvala gjennomfører no styreevalueringar kvart år ved bruk av skjema og etterfølgjande diskusjon. Årlege evalueringar er i tråd med god praksis for styrearbeid.

Oppsummeringa omfatta to funn:

- Det har ikkje vore nokon gjennomgang verken av ansvaret til styremedlemmene eller av ei eventuell styreforsikring dei seinare åra. Vilkårane rundt styreansvaret bør vere kjende for styremedlemmene til kvar tid, anten ved at ein regelmessig fremjar orienteringsaker, eller ved at det blir teke opp i forretningsordnen til hovudstyret.
- Representantskapet har etter sentralbanklova<sup>19</sup> mandat til å følge med på avtalen for korleis ein vel dei tilsettvalde medlemmene av hovudstyret. Ved mangel på avtale fastset representantskapet valmåten. Hovudstyret har vedteke ei mellombels valordning og sett i verk ein prosess for å etablere ein meir permanent valmåde for dei tilsettvalde medlemmene. Det er forventet at hovudstyret orienterer representantskapet om vidare avgjerder.

Representantskapet har behandla rapporten og gjorde dette vedtaket:

Representantskapet slutter seg til vurderingene i rapporten om hovudstyrets rammer for og organisering av styring og kontroll.

Rapporten oversendes hovudstyret. Representantskapet ber om hovudstyrets tilbakemelding på anbefaling og forventning.

Rapporten blei send til hovudstyret saman med eit brev 25. februar 2021.

Hovudstyret svarer slik i brev datert 25. mars 2021.

- «Det anbefales at betingelsene rundt styreansvar til enhver tid gjøres kjent for styrets medlemmer, enten ved at det regelmessig fremmes orienteringssaker eller at det blir adressert i Hovedstyrets forretningsorden.

*Hovedstyret er enig i anbefalingen, og vil følge opp slik at betingelsene rundt styreansvar til enhver tid er kjent for hovedstyrets medlemmer gjennom orienteringssaker eller på annen måte.»*

- «Hovedstyret vil orientere representantskapet om videre beslutninger om valgmetoden for de ansattevalgte medlemmene av hovedstyret når dette er klart.»

Svarbrevet frå hovudstyret vil bli behandla i representantskapet 10. juni 2021.

### 1.3 TILSYN MED SENTRALBANKVERKSEMMA (SBV) OG NOREGS BANKS ADMINISTRASJON (NBA)

#### LØPANDE TILSYN

##### ETABLERING AV NOREGS BANK ADMINISTRASJON (NBA)

For å effektivisere dei administrative funksjonane blei NBA etablert 10. desember 2019. NBA skal ta hand om felles administrative oppgåver for heile Noregs Bank, med støttefunksjonar for sentralbankverksemda og NBIM. Iverksetjinga av oppgåver i og organisering av NBA har gått for seg i heile 2020 og vil halde fram i 2021. NBA er plassert i sentralbanksjefen sitt ansvarsområde.

Organiseringa og integrasjonen av dei administrative funksjonane er ferdig, og ein arbeider vidare med å etablere ein einsarta praksis og realisere stordriftsfordelar. Effektiviseringsarbeidet er ein løpande prosess som vil gå for seg over tid. IT-plattforma og konsolidering av fagapplikasjonar for NBA er viktig for å realisere den planlagde effektiviseringa. Det kan vere utfordrande å operere fellesfunksjonar i fleire system, samtidig som det gir større risiko for dobbeltarbeid og feil.

NBA har halde representantskapet orientert om status for implementeringa gjennom ordinær rapportering frå hovudstyret og verksemdsområda, og representantskapet ser positivt på organiseringa og gjennomføringa av tiltaka.

##### SIKKERHEITSSYRNING

Noregs Bank opplyser at hovudstyrets nye prinsipp for sikkerheit og for beredskap og handtering av kriser klar-

gjer kva ansvar dei to daglege leiarane har for beredskap og krisehandtering innanfor sine ansvarsområde, og at organiseringa av beredskaps- og krisearbeidet reflekterer samfunnssikkerheitsprinsippa som beredskapsarbeidet byggjer på (ansvar, likskap, nærleik og samvirke).

Kriseorganisasjonen har vore tilpassingsdyktig i møte med pandemien. Ein har hatt ei rekkje møte for å koordinere smittevern og drift, og dei tilsette er haldne løpande orienterte gjennom intranettmeldingar. Gjennom rapporteringa ser representantskapet at Finansdepartementet òg har fått løpande statusrapportar.

Representantskapet er orientert om at det i første halvår av 2020 blei gjennomført ei foreløpig evaluering som viser forbettringspotensial i samvirkeprosessar, statusrapportering og bruk av informasjonssystem.

Hovudstyreprinsippa for beredskap og krisehandtering er oppdaterte, og i lys av dette vil beskrivinga av kriseorganisasjonen bli vurdert på nytt, og ein kan trekkje på erfaringane frå krisehandteringa i 2020.

I 2020 blei det etablert ei tettare oppfølging av dei tilsette ved dei internasjonale kontora, og det er gjennomført inspeksjonar hos fleire leverandørar for å sjekke om dei oppfyller Noregs Banks sikkerheitskrav.

Representantskapet vil også framover følgje med på gjennomføringa av nye prinsipp og retningslinjer.

##### STYRING AV OG KONTROLL MED UTVIKLINGA AV IT OG IT-SIKKERHEIT

Hovudstyret sine oppdaterte prinsipp for sikkerheit omfattar òg overordna føringar for informasjonssikkerheit som vil operasjonaliserast vidare i verksemdsområda. Representantskapet er oppteke av at styringsrammeverket skal vere tydeleg, og at det blir lagt til grunn standardar for styring av IT-sikkerheita.

Gjennom året behandlar representantskapet rapportar og utgreiingar frå verksemdsområda til hovudstyret som beskriv styringa av arbeidet med å utvikle IT-området og IT-sikkerheita.

I rapporteringa frå hovudstyret har representantskapet fått informasjon om at det er auka sårbarheit på grunn av utstrekt bruk av heimekontor og videokonferanseløysingar, men at det er oppretta sikkerheitssystem og gitt nødvendig opplæring for å handtere dette. Over 900 medarbeidarar i Noregs Bank har hatt heimekontor utan at det er avdekt sikkerheitshøl eller svikt i internkontrollen.

I sentralbankverksemda er ein i gang med å modernisere IT-plattformar og byte driftsleverandør. Alle kontraktar er no inngått, og prosjektet skal i samsvar med planen avsluttast i 2022. IT-risikoen, som over tid er blitt vurdert til å vere på eit relativt høgt nivå, vil bli redusert når prosjektet er ferdigstilt.

Representantskapet er orientert om at det er risiko knytt til avslutninga av gjeldande leverandøravtale, og at det kan føre til driftsforstyringar og lågare kvalitet på tenesteleveransen. For å redusere personellrisikoen har sentralbanken rekruttert personell med bakgrunn frå dagens driftsleverandør.

På spørsmål frå representantskapet har sentralbankleiinga gjort greie for innhaldet i kostnadsramma på IT-leveransane. Representantskapet har også i rapporteringa fått informasjon om IT-sikkerheit i SPU-forvaltninga. For begge verksemdsområda er «phishing» sett på som ein av dei største truslane, og dei tilsette øver jamleg på å identifisere phishing-angrep. Når det gjeld kapitalforvaltninga, har representantskapet fått opplyst at det er gjort ei uavhengig vurdering av dei etablerte sikkerheitstiltaka. Dette er ein type samanlikning (benchmark) som blir gjort med jamne mellomrom – sist gong var i 2017, neste gong blir i 2022. Representantskapet er oppteke av at verksemda skal ta lærdom også av eksterne hendingar, slik at risikoen for tilsvarande hendingar i Noregs Bank kan reduserast.

#### FORVALTING AV VALUTARESERVANE

Dei internasjonale reservane til Noregs Bank består av valutareservane og fordringar på Det internasjonale valutafondet (IMF). Reservane skal vere tilgjengelege for å oppfylle formålet med sentralbankverksemda og dei internasjonale pliktene.<sup>20</sup> Det blir lagt stor vekt på at valutareservane er plasserte i likvide papir. Innanfor desse rammene er siktemålet at forvaltninga skal vere kostnads effektiv og gi positiv meiravkastning. Det er fastsett eigne rammer og retningslinjer for denne forvaltninga som skil seg klart frå SPU-forvaltninga. Hovudstyret vurderer strategien og rammeverket for valutareserveforvaltninga kvart år.

Valutareservane utgjer om lag 90 prosent av balansen til Noregs Bank eksklusive SPU. Marknadsverdien ved utgangen av 2020 var 598,4 milliardar kroner, mot 546,3 milliardar kroner ved utgangen av 2019. Samla består valutareservane av ein renteportefølje, ein aksjeportefølje og ein petrobufferportefølje. Formålet med petrobufferporteføljen er å sørgje for god handtering av statens behov for veksling mellom utanlandsk valuta og norske kroner og å ta seg av overføringar til og frå Statens pensjonsfond utland.

Hovudstyret har fastsett prinsipp for valutareserveforvaltninga. Sentralbanksjefen fastset utfyllande retningslinjer for forvaltninga og har fullmakt til å avvike frå prinsippa dersom omsynet til beredskap taler for det.<sup>21</sup> I retningslinjene er det bestemt kva slags instrument aksjar kan investerast i innanfor regulerte og anerkjende marknader.

Ansvar for forvaltninga er plassert i sentralbankverksemda, mens NBIM etter avtale gjennomfører den operative forvaltninga av aksjeporteføljen. Den strategiske aksjedelen utgjer inntil 20 prosent.

Representantskapet har fått kvartalsrapportar om finansiell risiko og forvaltninga av valutareservane og teke dei til etterretning. Det er Noregs Bank som publiserer rapportane.

Sentralbankleiinga har i møte orientert om korleis handteringa av covid-19-situasjonen har påverka forvaltninga. Orienteringa omfatta det auka behovet for valutatransaksjonar på vegner av statskassen og dei iverksette tiltaka innanfor pengepolitikk og finansiell stabilitet. På spørsmål frå representantskapet om Noregs Banks signal til marknaden om moglege intervensjonar og formålet med intervensjon orienterte sentralbanksjefen om bakgrunnen for at Noregs Bank fann det rett å komme med pressemeldinga om at sentralbanken vurderer behovet for å intervenere i marknaden ved kjøp av norske kroner. Sentralbanksjefen svarte òg på spørsmål om arbeidsdeling mellom Noregs Bank og Statens obligasjonsfond.

Ved ordinær rapportering er representantskapet blitt orientert om utviklinga i valutareservane. Verkemidla som er nytta – tilbod om ekstraordinære F-lån til banksystemet, intervensjon i kronemarknaden med kronekjøp og kjøp og sal av obligasjonar – blei gjennomførte for å tilpasse statens likviditet til dei nødvendige beredskapstiltaka.

Representantskapet er kjent med at sentralbanksjefen i ein periode i 2020 hadde løyve til å avvike frå hovudstyret sine prinsipp. Hovudstyret skal i tilfelle informerast i ettertid. Det er opplyst at sentralbanksjefen ikkje har nytta fullmakta i perioden. På førespurnad frå representantskapet orienterte sentralbankleiinga om korvidt tiltak som er sette i verk i 2020, har gitt spesielle utfordringar i samband med forvaltninga av valutareservane. Slik sentralbanken ser det, har storleiken på valutareservane og likviditeten gjennom heile året blitt rekna som god nok til å møte pliktene til Noregs Bank.

Sjå òg omtale av ein tilsynsgjennomgang om Noregs Banks vekslingar av valuta mot norske kroner.

### *PENGEPOLITIKK OG FINANSIELL STABILITET*

Covid-19-pandemien har gitt store utslag i finansmarknadene og utviklinga i norsk økonomi. Representantskapet er orientert om at interne prosessar, i tillegg til koordinering og varsling mot finansiell sektor, har fungert tilfredsstillande. Hovudstyret vurderer prosessrisikoen som uendra. Det er blitt gjennomført ei rekkje møte i komiteen for finansiell stabilitet og pengepolitikk der prosessen har fungert tilfredsstillande også under dei gjeldande omstenda.

Representantskapet har gjennom ordinær rapportering fått informasjon om at det blir arbeidd med ei ny plattform som vil redusere risikoen knytt til pengepolitiske modellar og prognosar og gjere dei meir robuste. Plattformen skal vere klar mot slutten av 2021. Representantskapet er òg orientert om tiltak for å redusere risikoen for at marknadsfølsam informasjon kan vere tilgjengeleg for andre enn dei med tenestleg behov internt.

### *OPPGJERSSYSTEMET TIL NOREGS BANK (NBO)*

Noregs Bank er oppgjersbank på øvste nivå for betalningar mellom bankane i Noreg. I NBO blei det i gjennomsnitt gjort opp betalningar for 421 milliardar kroner kvar dag i 2020. Det er ein vesentleg auke i omsetnaden samanlikna med tidlegare år, noko som skriv seg frå ekstraordinære likviditetspolitiske tiltak (Flån og Finnskot) frå mars som følgje av covid-19-pandemien. Representantskapet er kjent med at Noregs Bank har implementert eit nytt system for F-auksjonar.<sup>22</sup> Systemet vil auke kvaliteten i prosessane for marknadsoperasjonar i Noregs Bank og redusere risikoen for operasjonelle forseinkingar eller feil. Dette vil gjere marknadsoperasjonane i Noregs Bank meir robuste.

Oppgjerssystemet til Noregs Bank og det samla betalings-systemet i Noreg er sterkt avhengig av IT og eksterne leverandørar i drifta. Betalingssystemet og den finansielle infrastrukturen utgjer ein kritisk samfunnsfunksjon, og det blir stilt høge krav til sikkerheit. NBO er klassifisert som eit skjermingsverdig objekt.

Oppgåvene er knytte til føresegnene i sentralbanklova om å fremje eit effektivt betalingssystem innanlands og overfor utlandet og til tilgangen bankane har til å ha konto og ta opp lån i Noregs Bank. Ved utgangen av 2020 hadde bankane folio og reserveinnskot i Noregs Bank på i alt 40,6 milliardar kroner.

Hovudstyret har meldt om at det er nøgd med at drifta av NBO i 2020 har vore stabil og utan vesentlege avbrot i oppgjær eller sikkerheitsstilling.

Representantskapet følgjer med på rapportering av drifts-stabiliteten og styring av sikkerheit, risiko og beredskap gjennom ordinær verksemdsrapportering og den interne årsrapporten om finansiell risiko og forvaltinga av valuta-reservane. Det er orientert om to potensielt kritiske hendingar knytte til bankoppgjæret i 2020. Begge hendingane er handterte og korrigererte.

Representantskapet er òg orientert om at Noregs Bank og Finanstilsynet i eit felles prosjekt skal lage forslag til norsk implementering av den europeiske sentralbanken sitt rammeverk for testing av cybersikkerheit (TIBER-EU). Forslaget skal etter planen sendast på høyring våren 2021. Formålet med arbeidet er å styrkje cybersikkerheita i finansiell sektor og fremje finansiell stabilitet.

### *SETLAR OG MYNTAR, UTFERDARROLLA TIL NOREGS BANK OG LAGERSTYRING*

Noregs Bank har einereitt til å utferde norske pengesetlar og myntar som ledd i eit effektivt og sikkert betalings-system. Sentralbanken bestemmer kva for utforming og pålydande verdi setlane og myntane skal ha. Setlane og myntane til Noregs Bank er tvunge betalingsmiddel i Noreg. Sentralbanken har ansvar for å sikre at det er nødvendig tilgang på kontantar i samfunnet. Det er etablert eit høgt sikkerheitsnivå med interne kontroll-prosessar i linja og oppfølging av eksterne revisor og tilsynssekretariatet. I retningslinjene for fysisk sikkerheit i Noregs Bank er det mellom anna stilt krav til sikkerheitsnivå i kvelv og lokale som òg gjeld for sentralbankdepot og lager hos leverandørar.

Alle valørar i den nye setleserien, setleserie VIII, er utgitt med lanseringa av den siste valøren, den nye 1000-krone-setelen, i november 2019. Arbeidet med å trekkje tilbake gamle valørar er i gang, og det har vore ein auke i setel-vekslinga og eksponeringa mot publikum. I setelvekslinga gjer ein nærmare undersøkingar i samsvar med kvitvaskingsregelverket, og enkelte vekslingssaker er rutinemessig rapporterte til Økokrim som følgje av mistanke om kvitvasking.

Representantskapet er gjennom interne rapportar og ein tilsynsgjennomgang om etterleving av rammeverk for kvitvasking og terrorfinansiering kjent med at rammeverket og systemet for å sikre etterleving av reglane knytte til setelveksling er oppdaterte. På grunn av covid-19-pandemien er det ikkje mogleg å veksle setlar fysisk i Noregs Bank.

Kostnadene i setelprosjektet er gjennomgått ved budsjett-behandlinga og som ledd i revisjonen. Behaldninga av



setlar og myntar i omløp ved utgangen av 2020 var 41 milliardar kroner, som er på nivå med førre årsskifte. Representantskapet behandlar Noregs Bank sine årsrapportar om setlar og myntar og omtale i verksemdsrapportar. Ekstern revisor gjennomfører ulike kontrollaktivitetar retta mot korrekt registrering av beholdningar. Det er ikkje avdekt svakheiter i internkontrollen på området. Arbeidet er omtalt under beskrivinga av sentrale forhold i revisormeldinga til årsrekneskapen til Noregs Bank.

## TILSYNSGJENNOMGANG

### *NOREGS BANKS VEKSLINGAR I VALUTA MOT NORSKE KRONER*

Tilsynssekretariatet har kartlagt og beskrive Noregs Bank sine transaksjonar i valutamarknaden, og representantskapet har behandla rapporten frå gjennomgangen. Transaksjonar i valutamarknaden har to formål: Dei skal bidra til ei effektiv omveksling av midlar til SPU og stabilisere marknaden gjennom støttekjøp av norske kroner.

Omveksling for staten skjer ved innføring av midlar til SPU. Midlane til SPU kjem frå statlege kroneinntekter frå oljeskatt og utbytte frå Equinor og frå valutainntekter frå staten si eiga petroleumsverksemd gjennom Statens direkte økonomiske engasjement (SDØE). I tillegg har staten betydelege inntekter i form av renter og utbytte i SPU. Sidan fondsmidlane i SPU berre kan plasserast i utanlandsk valuta, er avkastinga frå SPU òg i valuta.

Støttekjøp eller intervensjonar i pengemarknaden blir gjennomførte med svært sjeldne mellomrom. Avhengig av marknadsforholda kan det bli gjennomført «marknadspleie» eller intervensjonar for å påverke kursnivået. I mars 2020 fungerte valutamarknaden dårleg, og Noregs Bank kjøpte norske kroner for til saman 3,5 milliardar kroner. Det er nærmare 20 år sidan førre gong det blei gjennomført støttekjøp av norske kroner.

Opgåvene som Noregs Bank utfører på vegner av staten, har ikkje som formål å påverke kronekursen. Ved omvekslingar er det viktig for Noregs Bank at kommunikasjonen om transaksjonane til marknaden er klar, tydeleg og konsekvent.

Undersøkinga svarer på tre vurderingskriterium.

1. Har hovudstyret fastsett prinsipp og mandat for forvaltninga som varetek formåla for valutatransaksjonar?

Internrevisjonen leverte hausten 2020 ein rapport om styring og kontroll med valutareservane. Rapporten avdekte ikkje nokon vesentlege svakheiter i oppfølginga

av rammeverket. Det blir konkludert på følgjande måte: «Det er en klar sammenheng fra hovedstyrets prinsipper, via retningslinjer fra sentralbanksjefen for de ulike porteføljene, og ned til enkeltmandatene. Dette er med på å sikre at reservene forvaltes i tråd med porteføljens formål.» Tilsynssekretariatet meiner at konklusjonen i rapporten frå internrevisjonen er dekkjande. Det er tilstrekkeleg godt gjort at det er etablert rutinar som viser at rammeverket blir etterlevd.

2. Korleis blir marknaden orientert om valuta-transaksjonane som Noregs Bank har gjennomført?

Det er vesentleg at kommunikasjonen til Noregs Bank er systematisk og konsekvent. Standard formuleringar i pressemeldingar og andre meldingar til marknaden bidreg til tydelegheit. Det er positivt at Noregs Bank etter periodar med særskilde marknadsforhold beskriv og forklarar verkemiddelbruken. Tilsynssekretariatet meiner at informasjonen i den perioden som er undersøkt, er tilgjengeleg for aktørane i marknaden, og at det er supplerande informasjon og statistiske data på heimesida til Noregs Bank. Noregs Bank gjennomfører òg fleire talar og presentasjonar som bidreg til openheit.

3. På kva måte får hovudstyret oversikt over omfang og risiko?

Ved større endringar i marknaden blir hovudstyret orientert på førstkommande møte.

Den interne kvartalsrapporten om finansiell risiko i Noregs Banks balanse og forvaltninga av valutareservane gir ei grundig oversikt over tiltak som er sette i verk for å handtere krisa i andre kvartal 2020. Noregs Bank annonserte i mars 2020 at banken på grunn av ekstraordinære marknadsforhold løpande vurderer behovet for å intervenere i marknaden ved kjøp av norske kroner. Rapporten gir oversikt over utviklinga av rentepapir og aksjar i siste kvartal. Vidare blir petrobufferporteføljen og statens behov for valutavekslingar omtalt.

Hovudstyret får ei stadfesting på at retningslinjene for forvaltninga er følgde. Kvartalsrapporten tek for seg ulike finansielle risikoar og beskriv vidare dei forskjellige ordningane (låneprogram og trekkfasilitetar som er etablerte mellom sentralbankane og IMF). Til slutt får hovudstyret innsikt i korleis utviklinga av valutareservane påverkar eigenkapitalen til Noregs Bank.

Ei redigert utgåve av kvartalsrapporten som berre tek for seg valutareservane, blir publisert på internetsida til Noregs Bank.

Hovudstyret får òg innsikt i detaljar og oppnår sikkerheit for at etablerte prosessar verkar, gjennom rapportering frå internrevisjonen.

Tilsynssekretariatet meiner at hovudstyret får god informasjon om forvaltninga gjennom den etablerte rapporteringa. Det er ingen observasjonar i tilsynsgjennomgangen som leier fram til tilrådingar for Noregs Bank.

Representantskapet tok tilsynsrapporten om Norges Banks vekslinger i valutamarkedet til etterretning.

Rapporten er send til hovudstyret, som har teke han til orientering.

#### ATTESTASJONSOPPDRAG

Deloitte AS er engasjert til å komme med to faste årlege attestasjonsfråsegner i tråd med engasjementsavtalar med representantskapet og etter oppmoding frå Finansdepartementet. Fråsegnene dekkjer to hovudoppgåver som sentralbanken utfører for staten med heimel i sentralbanklova: «*Norges Bank skal yte tjenester ved opptak av statslån og forvaltning av statsgjeld og statens konsernkontoordning. For øvrig skal sentralbanken, i den utstrekning departementet bestemmer det, utføre finansielle tjenester for staten og egne rettssubjekter heleid av staten.*»<sup>23</sup> Begge fråsegnene for 2020 har positiv konklusjon. Det inneber at det ikkje er funne avvik som medfører risiko eller behov for oppfølgingstiltak.

#### STATLEGE KONTOAR I NOREGS BANK I 2020

Noregs Bank har oppgåver med kontohald i tilknytning til statlege betalingar, statleg likviditetsforvaltning og statleg gjeld. Oppgåvene er heimla i sentralbanklova og er nærmare regulerte i avtale med og mandat frå Finansdepartementet. Gjennom statens konsernkontoordning blir alle statlege midlar dagleg samla på konto i Noregs Bank. Ved utløpet av 2020 utgjorde inntåande frå statlege verksemder til saman 313 milliardar kroner. Det utgjør då den største gjeldsposten i balansen bortsett frå innskotskontoen SPU. Innskotet vil likevel variere mykje gjennom året som følgje av store inn- og utbetalingar over dei statlege driftskontoane.

Noregs Bank er ansvarleg for å gjennomføre og følgje opp avtaleregulerte krav til sikkerheit, sikkerheitskopiering og beredskapsrutinar, inkludert oppgåvene som eksterne

leverandørar av driftstenester og kontohald utfører. Arbeidet blir utført innanfor regelverket for økonomistyring i staten og retningslinjene for oppgjerskontoar i konsernkontosystemet. Deloitte AS gir attestasjonsfråsegn om korleis Noregs Bank dokumenterer at krava i avtalen er oppfylte, inkludert krava til sikkerheit i forvaltninga.

Representantskapet har teke attestasjonsfråsegna om statlege kontoar i Noregs Bank for 2020 til etterretning. Attestasjonsfråsegna er send til Finansdepartementet.

#### REKNESKAPSFØRING OG BETALINGAR I STATSGJELDSFORVALTINGA

Med heimel i sentralbanklova har Finansdepartementet fastsett eit mandat for forvaltninga av statsgjeld med utfyllande føresegner og fullmakter til Noregs Bank for forvaltninga av statsgjeld.<sup>24</sup> Noregs Bank har det operative ansvaret for å forvalte statsgjelda innanfor mandatet. Etter ei mandatsending dekkjer sentralbanken kostnadene ved statsgjeldsforvaltninga.

Reglementet for økonomistyring i staten skal følgjast ved forvaltning av låneporteføljen. Finansdepartementet får kvartalsvis rapportering og årsrapport, som blir publisert av Noregs Bank. Lånestrategiar og låneprogram skal publiserast av sentralbanken. Etter oppmoding frå Finansdepartementet gir Deloitte AS kvart år ei uavhengig attestasjonsfråsegn som dekkjer styring og kontroll knytt til rekneskapsføring og betalingar i denne forvaltninga.

Representantskapet har teke attestasjonsfråsegna om rekneskapsføring og betalingar i statsgjeldsforvaltninga for 2020 til etterretning. Attestasjonsfråsegna er send til Finansdepartementet. Riksrevisjonen har i tillegg fått ein rapport for 2020 frå Deloitte AS om avtalte kontrollhandlingar knytte til rekneskapsføring og betalingar i statsgjeldsforvaltninga.

#### UTFORMING OG IMPLEMENTERING AV NOREGS BANKS RAMMEVERK FOR RISIKOSTYRING OG KONTROLL KNYTT TIL GJENNOMFØRING AV OPPLÅNING INNANFOR STATSGJELDSFORVALTINGA

Representantskapet godkjende eit attestasjonsoppdrag i 2020 for gjennomgang av sentralbankens internkontroll knytt til oppgåver innanfor planlegginga og gjennomføringa av opplåninga og arbeidet innanfor finansiell og operasjonell risikostyring og kontroll («front-office» og «mid-office»).

Attestasjonsgjennomgangen blir gjennomført berre for rekneskapsåret 2020 og ikkje som ein fast del av det årlege attestasjonsoppdraget om rekneskapsføring og betalingar i statsgjeldsforvaltninga. Oppdraget blei

gjennomført etter at det var inngått ein engasjementsavtale med Deloitte AS.

Deloitte AS konkluderer i attestasjonsfråsegna med at rammeverket for risikostyring og kontroll knytt til opplåning, og dessutan arbeidet innanfor finansiell og operasjonell risikostyring og kontroll, i det alt vesentlege er utforma i samsvar med målekriteria for gjennomgangen.

I rapporten blir det trekt fram enkelte forhold som ein bør ta omsyn til i den vidare utviklinga på området. I styrande dokument i Noregs Bank kjem det ikkje eksplisitt fram korleis ein kan unngå interessekonfliktar mellom forvaltninga av låneporteføljene og sentralbankverksemda elles. Vidare blir det tilrådd å formalisere godkjeningsprosessen for nye instrument med krav til minimumsdokumentasjon. Det blir òg tilrådd at Noregs Bank utvidar den eksterne rapporteringa av etterleving, slik at ho dekkjer alle føresegnene i mandatet frå Finansdepartementet.

Dette blei vedteke:

Representantskapet tar attestasjonsuttalelsen til etterretning. Rapporten er oversendt hovudstyret og representantskapet ber om svar på anbefalingene i rapporten. Uttalelsen gjøres offentlig ved oversending til Finansdepartementet.

Attestasjonsfråsegna er send til Finansdepartementet og publisert på heimesida til representantskapet.<sup>25</sup> Rapporten er òg send til hovudstyret for tilbakemelding.

Hovudstyret har svart i brev til representantskapet og kommenterer at det er nøgd med konklusjonen i attestasjonsgjennomgangen, og at det er mogleg å vidareutvikle dei styrande dokumenta innanfor rammene som er beskrivne i brevet. Hovudstyret peiker samtidig på område der det vil vere mindre formålstenleg å ta i bruk eit fast regelsett i den praktiske forvaltninga av statsgjelda, slik Deloitte AS foreslår.

Representantskapet tar svaret fra hovudstyret angående attestasjonsrapport om rammeverk for risikostyring og kontroll knyttet til gjennomføring av opplåning innen statsgjeldsforvaltningen til etterretning. Svaret fra hovudstyret oversendes Finansdepartementet.

## 1.4 TILSYN MED KAPITALFORVALTINGA

### LØPANDE TILSYN

#### ORGANISASJONSMESSIG UTVIKLING

Våren 2020 svarte sentralbankleiinga på spørsmål frå representantskapet om gjennomførte og planlagde kostnadsreduksjonar som følgje av reintegreringa av Norges Bank Real Estate Management (NBREM) i NBIM.

NBIM har etter tilsetjinga av ny dagleg leiar hausten 2020 gjennomført ei omorganisering for å auke effektiviteten og bidra til større mangfald. Leiargruppa er redusert frå tolv til ni personar.

I strategiplanen til NBIM for perioden 2020–2022 er det oppgitt at ein ventar at det blir fleire tilsette internasjonalt. Etter tilsetjinga av ny dagleg leiar av NBIM er det blitt informert om at strategien er endra, og at ein ønskjer å utvide det norske investeringsmiljøet frå hovudkontoret i Oslo. Grunnivinga er at ein ser at ein kan gjennomføre kapitalforvaltninga til ein lågare kostnad og med større mangfald i organisasjonen.

På spørsmål frå representantskapet informerte både dagleg leiar av NBIM og tilsettere representantar i hovudstyret at prosessen har vore ryddig, og at kommunikasjonen mellom partane er god. Prosentdelen tilsette ved dei internasjonale kontora til NBIM har auka som følgje av at det er blitt færre tilsette i administrative funksjonar (tilsette i Oslo som er overførte til NBA), målt mot tilsette totalt.

Representantskapet er blitt orientert om utviklinga og statusen i møta sine, inkludert involveringa av fagforeiningar og allmøte der det blir informert om vidare planar. Det er opplyst at det vil komme eit nytt strategikutkast første kvartal 2021.

#### HOVUDSTYRET OG DAGLEG LEIAR AV NBIM, OPPFØLGING GJENNOM STYRINGSRAMMEVERK

Representantskapet er orientert om korleis arbeidet til Noregs Bank er prega av den ekstraordinære marknadssituasjonen på grunn av covid-19-pandemien. I tillegg har sentralbankleiinga orientert om situasjonen for SPU, også om auka overføringar til statsbudsjettet, likviditet og verdiutvikling i marknaden for kredittobligasjonar og motpartsrisiko knytt til leigeinntekter på unotert eigedom.

Representantskapet har stilt spørsmål og er blitt orientert om korleis saka om tilsetjing av ny dagleg leiar av NBIM har påverka verksemda. Det er òg informert kort om



arbeidet med unotert infrastruktur, arbeidet med ansvarleg forvaltning og auken i eksterne forvaltingsmandat.

Representantskapet har etterspurt noko meir utfyllande informasjon om NBIM advisory boards – rådgivande utval for kapitalforvaltninga. Det er etablert fem slike utval som kan bestå av både interne og eksterne medlemmer. Utvala tek ikkje eigne avgjerder, men bidreg med vurderingar og innspel til avgjerdene til den ansvarlege linjeleiinga i NBIM, i tråd med myndigheit som er delegert gjennom stillingsinstruksar og investeringsmandat. Representantskapet har på førespurnad fått ei oversikt over honorar som er utbetalte til medlemmer av utvala. Oversikta er teken til orientering.

#### *GJENNOMFØRINGA AV FORVALTINGA I LYS AV KORONAEPIDEMIEN*

Representantskapet er orientert om at Finansdepartementet har bedt Noregs Bank om å gjere greie for erfaringane med den operative gjennomføringa av forvaltingsoppdraget sidan virusutbrotet starta. Banken blei òg bedd om å vurdere om det er forhold som tilseier at det bør setjast i verk analysar og forskning knytt til investeringsstrategien, og om å beskrive eventuelle planar for dette.

Representantskapet har òg fått ein kopi av svarbrevet frå Noregs Bank til orientering. I brevet blir marknadsutviklinga og resultatata i forvaltninga beskrivne. Det blir gjort greie for den operative gjennomføringa av forvaltingsoppdraget i perioden etter utbrotet, og erfaringane frå dei ulike investeringsområda og med nedstenginga av kontora blir beskrivne. Noregs Bank samanfatar erfaringane som gode. Forvaltingsoppdraget er gjennomført, og fondet er forvalta i tråd med strategiane som hovudstyret har fastsett. Med utgangspunkt i prinsippa som ligg til grunn for investeringsstrategien til fondet, er det òg identifisert område som Noregs Bank ønskjer å analysere nærmare i tida som kjem.

#### *EIGARSKAPSUTØVING OG ANSVARLEG FORVALTING*

Hovudstyret har oppdatert prinsippa for ansvarleg forvaltning av fondet. Bakgrunnen var endringane i mandatet for SPU som Finansdepartementet fastsette 30. november 2019. Endringane i mandatet frå Finansdepartementet inneber mellom anna at hovudstyret skal fastsetje retningslinjer for Noregs Bank sitt bidrag til utviklinga av internasjonale standardar, inkludert for medlemskap eller tilsvarande tilknytning til organisasjonar eller samanslutningar, og for kontakt med myndigheitene i andre land. Desse skal leggjast fram for departementet minst tre veker før fastsetjinga. Kravet er vareteke gjennom

konkrete retningslinjer for bidrag til utviklinga av internasjonale standardar. Det er i tillegg innarbeidd enkelte mindre endringar knytte til justeringar i stillingsbeskrivinga for dagleg leiar av NBIM, og for å fange opp at unoterte investeringar omfattar både unotert eigedom og unotert infrastruktur for fornybar energi.

Representantskapet er gjennom hovudstyreprotokollane blitt orientert om hovudstyret sine avgjerder knytte til utestenging eller observasjon av selskap. Representantskapet er òg blitt orientert om oppheving av utestengingar etter vedtak i hovudstyret og etter tilråding frå Etikkrådet. I dei tilfella der hovudstyret i Noregs Bank tek ei anna avgjerd enn det Etikkrådet tilrår, legg ein vekt på at kommunikasjonen skal vere god nok til at det skal vere mogleg å forstå grunnlaget for avgjerda. Frå den ordinære rapporteringa er representantskapet òg blitt orientert om den nye praksisen med å offentliggjere kva NBIM stemmer, minimum fem dagar før generalforsamlingar – eit grep som sørgjer for meir openheit. Andre tiltak for ansvarleg forvaltning er det blitt orientert om gjennom kvartalsrapportar, rapportar om ansvarleg forvaltning og årsrapporten til SPU.

I 2020 blei 15 nye selskap utestengde. Vidare blei tre utestengingar oppheva og fire nye selskap sette til observasjon. Noregs Banks interne rapportering om eigarskapsutøving og ansvarleg forvaltning skjer kvartalsvis og årleg. Representantskapet følgjer med på hovudstyret sine prosessar for å behandle råd frå Etikkrådet. Hovudstyret har over tid publisert sju forventingsdokument. Desse beskriv korleis Noregs Bank forventar at selskapa som SPU er investert i, handterer globale utfordringar. I tillegg publiserer NBIM posisjonsnotat som tek for seg konkrete spørsmål innanfor selskapsstyring, og som dannar grunnlag for stemmegiving. I 2020 blei det utgitt posisjonsnotat som mellom anna tok for seg korleis selskap rapporterer om berekraft og uavhengigheit i styret. I 2021 er det så langt utgitt posisjonsnotat om mangfald i styret.

#### *EKSPONERING MOT ENKELTSELSKAP*

Hovudstyret har i møte orientert representantskapet om at dei hausten 2020 vedtok at ramma på 1,5 prosent for eksponering mot eit enkeltsselskap som andel av den samla fondsverdien blir teken ut av investeringsmandatet til dagleg leiar av NBIM. Endringa er lagd fram for Finansdepartementet og publisert.

Slik står det i mandatet for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland: «Banken skal ikke eie mer enn 10 prosent av de stemmeberettigede aksjene i ett enkelt selskap. Eierskap i noterte og unoterte eiendomsselskap og unoterte

*infrastrukturselskap innen fornybar energi er unntatt fra dette.»<sup>26</sup>*

På spørsmål frå representantskapet om endringa svarte sentralbankleiinga at ramma som blei innført i 2010, ikkje lenger var meningsfull i dagens marknad. Hovudstyret hadde tidlegare gitt unntak frå ramma, slik at fondet kunne følgje referanseindeksen, men fann det no fornuftig å fjerne henne.

#### *EKSTERN PORTEFØLJEFORVALTING*

NBIM har ved utgangen av 2020 til saman 97 eksterne investeringsmandat fordelt på 88 ulike organisasjonar som forvaltar om lag 4,7 prosent av totalporteføljen i SPU. Investeringsmandata er fordelte mellom framveksande marknader, «Emerging Markets», og utvikla marknader, «Developed Markets». NBIM har etablert faste prosedyrar for val, oppfølging og terminering av avtalar med eksterne forvaltarar.

Proessen med å velje ein ny forvaltar tek vanlegvis inntil ni månader, men kan òg ta lenger tid. Forvaltaravtalen kan terminerast same dag som avgjerda blir teken. Ei eiga eining i NBIM har ansvaret for å velje eksterne forvaltarar og følgje dei opp gjennom året. Trass i koronasituasjonen har det vore eit aktivt år med innfasing av 19 nye mandat og terminering av 6 mandat. Aktivitetane til dei eksterne forvaltarane og haldninga til ESG-forhold er integrerte i prosessen med å velje forvaltar og i den jamlege oppfølginga gjennom året.

Tilsynssekretariatet har gjennom samtale med NBIM fått stadfesta at oppfølginga av forvaltarane har vore gjennomført på detaljert nivå ved bruk av elektroniske plattformar.

Tilsynssekretariatet har utvikla ein modell for å velje ut eksterne forvaltarar for tilsynsbesøk. Bakgrunnen for besøka er å observere korleis NBIM følgjer opp dei eksterne forvaltarane, og dessutan å analysere styrings- og kontrollmessige forhold hos den enkelte forvaltaren. Modellen bidreg til å velje forvaltarar i land som har høg ESG-risiko. Informasjon om korrupsjon, miljø, menneskerettar, varetaking av rettane til minoritetseigarane og lover og regelverk i landet blir vurdert opp mot andre land i modellen.

Før besøka hos eksterne forvaltarar innhentar tilsynssekretariatet òg oppdatert informasjon om styring, økonomisk utvikling og kulturelle forhold i det aktuelle landet, mellom anna gjennom kontakt med Utanriksdepartementet og norsk stadleg ambassade. Det blir

halde møte med eininga i NBIM, som følgjer opp dei eksterne forvaltarane, og ein får dokumentasjon frå godkjeningsprosessen og årlege oppfølgingsrapportar. Dei siste åra er det gjennomført besøk hos kapitalforvaltarar i Mexico City, Johannesburg, Cape Town, Istanbul, Bombay, Moskva og Warszawa.

Tilsynssekretariatet har ikkje gjennomført nokon fysiske besøk i 2020 på grunn av covid-19-pandemien, men har nytta modellen i analyse av forvaltninga.

#### *INVESTERINGAR I INFRASTRUKTUR FOR FORNYBAR ENERGI*

Nivået på unoterte investeringar i infrastruktur for fornybar energi er regulert i mandatet for Statens pensjonsfond utland og skal utgjere maksimalt 2 prosent av fondet innanfor porteføljen av miljørelaterte investeringar i intervallet 30–120 milliardar kroner. Representantskapet har stilt spørsmål om mandatet har nyttige avgrensingar i forhold til prisinga på infrastrukturprosjekta, om NBIM trur at denne situasjonen skal vare, og kva konsekvensar det eventuelt vil få for oppbygginga av ein portefølje innanfor unotert infrastruktur for fornybar energi.

Sentralbankleiinga opplyste at Noregs Bank tek omsyn til mandatet frå Finansdepartementet. Sentralbanken har i brev til Finansdepartementet gjort greie for korleis investeringar i unotert infrastruktur for fornybar energi kan gjennomførast innanfor rammene av dei miljørelaterte mandata. På førespurnad frå Finansdepartementet gav Noregs Bank råd om ei opning i mandatet for investering i unotert infrastruktur. Området er framleis nytt, og hovudstyret har i strategiplanen for NBIM 2020–2022 gitt uttrykk for at ein forventar å bygge porteføljen gradvis og justere strategien etter kvart som banken får erfaring.

På spørsmål frå representantskapet om korleis bodproessen på denne typen investeringar går for seg, blei det opplyst at dette er ein marknad med mange aktørar som ønskjer å komme i posisjon i prosjekt. Det er ein tradisjonell prosess der det høgaste bodet normalt vinn. Hovudstyret har fastsett retningslinjer for involveringa i avgjerdsprosessen for bodgiving. Hovudstyret godkjenner, i tråd med mandatet frå Finansdepartementet, enkeltinvesteringar over nærmare fastsette beløpsgrenser i unotert eigedom og unotert infrastruktur. Det er bestemt at dei første investeringane i unotert infrastruktur for fornybar energi skal avgjerast av hovudstyret.

## TILSYNSGJENNOMGANG

### INVESTERINGAR I UNOTERT EIGEDOM – EIGARSTRUKTURAR OG STYRINGSMODELLAR

Representantskapet har behandla ein rapport frå tilsynssekretariatet om investeringar i unotert eigedom. Merkesmda i gjennomgangen har vore retta mot å sjå etter spesiell risiko som gjeld for eigarskap i unoterte aksjar og spesielt for eigarskap i fast eigedom. Representantskapet har tidlegare sett på risikoen knytt til liv og helse ved eigarskap i unotert eigedom. Rapporten frå den tidlegare gjennomgangen blei vedteken av representantskapet i mai 2019 og er omtalt i rapporten til Stortinget. Seinare, i november 2019, og i tråd med tilrådingane i tilsynsgjennomgangen, blei det gjort ei endring i mandatet for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland § 3-10 4. ledd, slik at det blei inkludert eit tillegg med krav om ein grundig gjennomgang av slike risikoforhold («due diligence») før kjøp av unotert eigedom.

Eigarstrukturane som Noregs Bank etablerer innanfor unotert eigedom, varierer, både ut frå eigedomstypar og for ulike jurisdiksjonar. Tilsynssekretariatet har valt å sjå på eigarskap i Storbritannia, der Noregs Bank eig flest eigedommar dersom ein ser bort frå investeringar i logistikkeigedommar internasjonalt. Noregs Bank eig, heilt eller delvis, 154 eigedommar i Storbritannia, 153 av dei i London og 1 i Sheffield. Også i Storbritannia er det ulike strukturar. Anten er eigdommen heileigd, eller så er han eigd gjennom eit partnerskap (Joint Venture / JV-struktur).

I tillegg er det slik at ein av omsyn til god risikostyring og vern av fondsverdiane og dessutan av skatteomsyn (statleg eigarskap er unnateke inntekts- og gevinstskatt i Storbritannia) har etablert ein holdingstruktur for eigarskapet. Det er òg slik at om lag 40 prosent av porteføljene i Storbritannia er «leaseholds». I «leaseholds» eig Noregs Bank berre retten til leigeinntektene frå eigdommen, ikkje sjølv eigdommen. Alternativet blir kalla «freehold», og i slike tilfelle eig Noregs Bank sjølv eigdommen og grunnen heilt eller delvis. Når det gjeld Noregs Bank sine «freeholds», så eig banken òg grunnen eigdommen står på.

Rammeverket rundt kjøp av eigedommar er grundig utarbeidd og basert på krav gitt i mandatet for SPU og frå hovudstyret. NBIM har opparbeidd seg lang erfaring frå kjøpsprosessar frå den første eigedomsporteføljene blei kjøpt i 2011. Det blir brukt mykje interne og eksterne ressursar for å sikre at «due diligence»-prosessen kastar lys over alle relevante risikoar. Krava i mandatet for SPU

er omfattande, og NBIM er pålagt å vurdere og dokumentere ei lang rekkje risikoforhold før eit kjøp.<sup>27</sup>

NBIM nyttar i stor grad eksterne «asset managers» og «property managers» til eigedomsforvaltninga. Ofte er òg JV-partnaren «asset manager». Det er opplyst at det er fleire fordelar med dette. JV-partnaren kjenner eigedommane godt og har lokalkunnskap. Eigedomsforvaltning er ressurskrevjande, og ved å nytte eksterne samarbeidspartnarar slepp NBIM å binde opp for mange tilsette til dette. Samtidig er det vesentleg å byggje opp og heile tida ha rett kompetanse i eigen organisasjon. NBIM har sjølv nemnt at forvaltning av bustadeigedom er spesielt ressurskrevjande på grunn av mange leigetakarar og korte kontraktar.

For nokre av dei heileigde eigedommane er NBIM sjølv «asset manager.» For desse eigedommane blir ansvaret som ligg på NBIM, meir openbert. NBIM skriv sjølv i rapport om etterleving og kontroll for tredje kvartal 2020 at «asset management» av heileigde eigedommar eksponerer NBIM meir direkte for moglege uønskete hendingar.

Det blei opplyst i tilsynsgjennomgangen at selskapsstrukturen for eigarskap i unotert eigedom i Storbritannia mellom anna er valt på grunn av omsynet til skatt. Noregs Bank, som utanlandsk statleg investor, kan få store skattefritak. Det er derfor etablert ein selskapsstruktur med holding-selskap for kvar enkelt eigedom som liknar på eit norsk kommandittselskap. NBIM opplyser at modellen er vanleg blant aktørane i marknaden, og at han er gjennomprøvd. NBIM seier vidare at selskapsstrukturen kan verke meir komplisert enn i enkelte andre land, men ikkje så komplisert at det representerer nokon høgare risiko. Samtidig seier NBIM at dei stadig prøver å forenkle strukturen. Tilsynssekretariatet legg vekt på at det er god nok og spesialisert juridisk kompetanse internt i NBIM for å sikre selskapsstrukturen. Men kompleksitet kan i seg sjølv representere ein risiko, og det er viktig at NBIM sørgjer for at det alltid er nok ressursar og kompetanse til å kunne handtere denne risikoen på ein god måte.

Tilsynsgjennomgangen viste at rammeverket til Noregs Bank er godt nok til å vareta viktige styrings- og risikoforhold ved å eige og forvalte unotert eigedom.

Investeringar i unotert eigedom er komplekse og ressurskrevjande, men observasjonane i gjennomgangen viser at ein er bevisst på desse utfordringane.

I februar 2019 bestemte hovudstyret seg for å endre strategien for eigedomsinvesteringar. Det blei likevel understreka at «eiendom vil fortsatt være en viktig del av bankens investeringsstrategi for SPU, og NBIM vil være en stor aktør i eiendomsmarkedene i årene som kommer». Sjølv om det blei signalisert ei vridning mot notert eigedom, er unotert eigedom framleis ein stor del av porteføljen. Som gjennomgangen har vist, krevst det så vel ressursar som kompetanse for å sikre at både transaksjonsprosessane og forvaltinga blir gjennomførte på ein god måte og med akseptabel risiko.

Tilrådingane frå tilsynsgjennomgangen var derfor at hovudstyret vurderer korleis området investeringar i unotert eigedom blir sikra nødvendige ressursar og relevant kompetanse i ein periode der strategien er blitt endra, mens omfanget av investeringane er det same.

I representantskapsmøtet blei det diskutert om det kunne innebere omdømmerrisiko at Noregs Bank har fritak for inntekts- og gevinstskatt for investeringar i unotert eigedom i Storbritannia.

Her er representantskapsvedtaket om rapporten:

Representantskapet slutter seg til vurderingene i tilsynsgjennomgangen om investeringar i unotert eigendom. Rapporten oversendes hovudstyret. Representantskapet ber om hovudstyrets tilbakemelding på anbefalingen fra gjennomgangen.

Representantskapet ber også hovudstyret vurdere om organiseringa av datterselskaper innanfor unotert eigendom, blant annet for oppnå skattefordelar, representerer en risiko for Norges Bank både omdømmemessig og ellers.

Til tilrådinga i rapporten om vurdering av nødvendige ressursar og kompetanse svarer hovudstyret mellom anna slik:

*«Hovudstyret merker seg hovedkonklusjonen i oppsummeringen.*

*Strategien for fondets eiendomsinvesteringar fremover er uttrykt i hovudstyrets strategiplan for NBIM for 2020-2022. Det siktes mot en portefølje av noterte og unoterte eiendomsinvesteringar på fem prosent av fondet.*

*Hovudstyret er i gang med å revidere bankens strategiske plan for perioden 2020–2022. I forbindelse med dette*

*arbeidet er det også satt i gang et arbeid med å gjennomgå eiendomsstrategien. Vurderinger av fremtidig ressurs- og kompetansebehov inngår som en viktig del av dette arbeidet.»*

Til tilleggsspørsmålet i protokollen om organiseringa av datterselskap svarer hovudstyret mellom anna slik i brev av 25. mars 2021:

#### **«Hovudstyrets vurdering**

*Hovudstyret legger vekt på at banken er en finansiell investor i eiendomsmarkedet. Dersom fondets eiendomsinvesteringar hadde blitt gjennomført ved bruk av annen type struktur og skatteinnretning enn de som øvrige aktører benytter, vil dette representere avvik fra markedspraksis og adferd som kommersiell aktør. Bruk av velkjente eierstrukturer og en skattepraksis som tilsvarer det andre sammenlignbare institusjonelle investorer benytter, er egnet til å ivareta hensynet til fondets omdømme.*

*Fondets organisering av datterselskaper innenfor unotert eigendom er i henhold til Finansdepartementets fastsatte rammeverk for eiendomsinvesteringar, lokale regler og gjeldende markedspraksis. Videre er det hovudstyrets vurdering at bankens og fondets helhetlige rammeverk for risikostyring, og de kravene som stilles og blir fulgt opp ved kjøp, forvaltning og salg av eigendom, er egnet til å ivareta fondets omdømme på en god måte.»*

Svarbreva frå hovudstyret vil bli behandla i representantskapet 10. juni 2021.

Representantskapet har også bedt hovudstyret om ei nærmare utgreiing om skatt og openheit i same møte.

#### **ATTESTASJONSOPPDRA**

*NOREGS BANKS RAMMEVERK FOR RISIKOSTYRING OG KONTROLL KNYTT TIL FASTSETJING OG IMPLEMENTERING AV REFERANSEPORTEFØLJEN OG INTERNE REFERANSEINDEKSAR*  
Referanseindeksen for Statens pensjonsfond utland som Finansdepartementet har fastsett, er sett saman av éin aksjeindeks og éin obligasjonsindeks. Noregs Bank kan i tillegg til aksjar og obligasjonar investere SPU i unotert eigedom. Noregs Bank nyttar fleire ulike strategiar i forvaltinga av fondet. Som ein del av dette utarbeider Noregs Bank egne, interne referanseporteføljor som blir brukte som målestokk for avkasting av og risiko ved desse strategiane. Det blir òg teke utgangspunkt i interne referanseporteføljor for fastsetjing av resultatavhengig godtgjersle av interne og eksterne forvaltarar. For eigedomsinvesteringane blir det nytta ein intern referanse-

portefølje som består av utvalde aksjar og obligasjonar frå referanseindeksen som Finansdepartementet har fastsett.

Representantskapet godkjende eit attestasjonsoppdrag for gjennomgang av etablert rammeverk for risikostyring og kontroll knytt til fastsetjing og implementering av referanseporteføljene og interne referanseindeksar. Oppdraget blei gjennomført etter at det var inngått ein engasjementsavtale med Deloitte AS.

Gjennomgangen har kasta lys over prosessar, styringsstruktur og uavhengigheit i ansvarsforhold for fastsetjing av referanseporteføljene. Avkastingsmåling av referanseporteføljene, styring, måling og kontroll av risiko knytt til bruken av desse porteføljene og Noregs Bank si rapportering om referanseporteføljene er vurdert.

Den overordna konklusjonen til Deloitte AS i attestasjonsfråsegna: «Etter vår vurdering er risikostyring og kontroll knyttet til fastsettelse og implementering av referanseporteføljene og interne referanseindekser i det alt vesentlige utformet og implementert i samsvar med de etablerte målekriteriene.

*I vår gjennomgang identifiserte vi imidlertid enkelte forhold som kan være av betydning for arbeidet med å videreutvikle risikostyring og kontroll knyttet til referanseporteføljene og interne referanseindekser.»*

Deloitte AS omtalte desse forholda og tilrådingane i gjennomgangen:

- «Det er ikke stilt spesifikk rettleiding fra Norges Banks hovedstyre til NBIM eller fra leder av NBIM til utforming av prosesser for å gi råd. Rettleiding bidrar normalt til å tydeliggjøre forventninger til en prosess. Vi anbefaler at det stilles tydeligere krav til utformingen av prosessen for å gi råd. Det bør blant annet reguleres at det skal vurderes om endringer i referanseporteføljene kan tilsa at det bør sendes et råd til Finansdepartementet på eget initiativ om å endre mandatet.»
- «Mandatet til Investment Risk Committee inneholder ingen bestemmelse om hvor mange som må være tilstede for at møtet skal gjennomføres, noe som etter vår oppfatning bør vurderes tatt inn.»
- «Chief Risk Officer (CRO) har, når det er berettiget, ansvaret for å gjennomføre en vurdering av risiko, operasjonell gjennomførbarhet og planene for implementering av endringen. Retningslinjen som angir kravet om dette er fastsatt av CRO og det foreligger formelt sett ikke en rettleiding til hva som menes med 'når det

*er berettiget'. Vi er gitt informasjon om praktiseringen som er etablert. Vi anbefaler at det tydeliggjøres i hvilke typer tilfeller disse vurderingene skal gjennomføres.»*

- «Vi anbefaler at referatene fra møtene i Investment Risk Committee gjøres mer utfyllende slik at det fremkommer hvordan bl.a. den foreslåtte endringen og de ulike risikofaktorer er vurdert.»
- «Vi er informert om at 'Global head of Risk Measurement' skal vurdere om retningslinjene for interne referanseindekser er overholdt før beslutning om godkjenning. Vi anbefaler at dette også presiseres i retningslinjene.»

Representantskapet behandla attestasjonsfråsegna i møte 25. mars 2020 med følgjande vedtak:

Representantskapet tar vurderingene i attestasjonsrapporten om utforming og implementering av Norges Banks rammeverk for risikostyring og kontroll knyttet til fastsettelse og implementering av referanseporteføljene og interne referanseindekser til etterretning. Rapporten oversendes hovedstyret for merknader og gjøres offentlig tilgjengelig ved oversendelse til Finansdepartementet.

Fråsegna er etter behandlinga i representantskapet sendt til Finansdepartementet på vanleg måte og offentliggjord.<sup>28</sup> Rapporten blei sendt til hovudstyret, som svarte representantskapet i brev av 28. mai 2020.

Her er utdrag frå hovudstyret sitt svar:

- Hovudstyret svarte slik med omsyn til tilråding om prosessar for rådgiving til Finansdepartementet:

*«I møte 24. mars vedtok hovedstyret enkelte endringer i saksbehandlingsprosedyren for råd til departementet. Det ble blant annet foretatt flere justeringer i mandatet til hovedstyrets risiko- og investeringsutvalg for å tydeliggjøre utvalgets rolle i arbeidet med råd til departementet. Videre ble det bestemt at dersom hovedstyret i særlige tilfeller vedtar at en sak om rådgivning må behandles på nytt på et senere møte, skal arbeidet med et revidert utkast til hovedstyresak ledes av visesentralbanksjefen med særlig ansvar for å følge opp forvaltningen av SPU. Det ble også tatt inn et krav i stillingsinstruksen til daglig leder av bankens forvaltning av SPU om å organisere arbeidet slik at kravet i § 1-4 i Mandat for forvaltning av Statens pensjonsfond utland blir ivaretatt.»*



Referanseporteføljen er satt sammen med sikte på å oppnå et best mulig bytteforhold mellom avkastning og risiko på lang sikt ved å eksponere fondet mot investeringsmuligheter som av ulike årsaker ikke er en del av referanseindeksen. Eksempler på dette er systematiske faktorstrategier i aksjemarkedet, statsobligasjoner fra framvoksende markeder, unotert eiendom og unotert infrastruktur for fornybar energi. Dette er eksempler på eksponeringer hvor departementet i meldinger til Stortinget har uttalt at eksponeringen ikke skal inngå i referanseindeksen fra departementet, men være en del av mulighetsrommet i den operative forvaltningen.

Hovedstyret legger samtidig vekt på å utnytte NBIMs nærhet til den faktiske porteføljen og bankens erfaring fra den operative forvaltningen i arbeidet med rådgivningen til departementet. Denne nærheten gjør at råd om å endre referanseindeksen vil kunne bli vurdert ved fremtidige endringer av referanseporteføljen.»

- Slik svarte hovudstyret på andre tilrådingar frå Deloitte AS:

«Rapporten fra Deloitte AS inneholder også anbefalinger til ytterligere formalisering av den interne saksbehandlingen i NBIM. Rapporten anbefaler at det tas inn en bestemmelse i mandatet for NBIMs interne Investment Risk Committee om hvor mange som må være tilstede for at møtet skal gjennomføres. Videre anbefaler rapporten at referatene fra møtene i komiteen gjøres mer utfyllende.

NBIMs Investment Risk Committee er et rådgivende forum for beslutninger som fattes av NBIM CEO, hvor beslutningene bygger på et saksgrunnlag forberedt av ansvarlig linjeleder. Formålet med komitebehandlingen er å sørge for at saker som forelegges NBIM CEO for beslutning har vært gjenstand for en bred faglig vurdering hvor alle berørte områder i NBIM har anledning til å bidra med sine vurderinger. Dette ivaretas gjennom den saksforberedende prosessen og i utformingen av saksmateriale fra ansvarlig enhet. Saksmaterialet gjøres tilgjengelig for alle som møter i komiteen i forkant av møtet.

Hva som anses som en nødvendig deltakelse i behandlingen av en enkelt sak er knyttet opp til tilstedeværelsen av fagkompetanse som er nødvendig for å belyse de saker som er til behandling. Kravet til deltakelse for alle komiteene er at NBIM CEO eller Deputy CEO NBIM, CCO og CRO må møte i tillegg til sakframlegger. CCO, CRO og saksansvarlig kan møte med stedfortreder.

Referatene fra møtene i NBIMs interne komiteer inneholder hvem som var til stede og gir en kort redegjørelse for hva sakene gjelder og det vedtak som er fattet. Selve grunnlaget for beslutningene vil framgå av saksdokumentene i den enkelte sak og i innstillingen fra ansvarlig linjeleder. En viktig del av grunnlaget er vurderinger av risikofaktorer for beslutninger som gjelder fondets investeringsstrategi og referanseindekser. Der beslutningen innebærer at forslaget følges og det ikke er øvrige merknader til saksframlegget, vil referatføringen gjenspeile dette.

Attestasjonsrapporten inneholder også to anbefalinger til NBIM om å tydeliggjøre interne retningslinjer ved risiko-funksjonens vurdering av risiko, gjennomførbarhet og implementering ved forslag om endringer. Tydeliggjøring av retningslinjene på disse punktene vil vurderes i NBIM i forbindelse med periodiske oppdateringer av det interne regelverket, herunder også behovet for å tydeliggjøre kravene til møtedeltakelse i NBIMs interne komitemøter og referatføring av vedtak hvor endelige beslutninger avviker fra saksinnstillingen.»

Svaret frå hovudstyret blei behandla av representantskapet 11. juni 2020 med følgjande vedtak:

Representantskapet tar svarbrev fra hovedstyret om attestasjonsoppdrag knyttet til fastsettelse og implementering av referanseporteføljen til etterretning.

#### NOREGS BANKS RAMMEVERK FOR RISIKOSTYRING OG KONTROLL KNYTT TIL IMPLEMENTERING OG ETTERLEVING AV MANDAT FOR FORVALTINGA AV STATENS PENSJONSFOND UTLAND

Mandatet for forvaltinga av SPU inneheld både kvantitative og kvalitative rammer for forvaltinga av fondet. Finansdepartementet gir òg i brev enkelte føringar for og uttrykkjer forventingar til korleis Noregs Bank skal løyse forvaltingsoppdraget. Det er Noregs Bank sitt ansvar å sjå til at SPU blir forvalta med sikte på å nå måla til fondet, at dei konkrete føresegnene i mandatet blir implementerte i den daglege forvaltinga av fondet, og at føringar og forventingar knytte til mandatet blir følgde opp.

Representantskapet godkjende eit attestasjonsoppdrag for gjennomgang av Noregs Banks rammeverk, system og prosessar for å sikre implementering og etterleving av dei konkrete føresegnene i mandatet, og oppfølging av føringar og forventingar som er gitt i brev frå Finansdepartementet i samband med mandatsendringar. Oppdraget blei gjennomført etter at ein engasjementsavtale var inngått med Deloitte AS.

Dette er hovudkonklusjonen i attestasjonsfråsegna frå Deloitte AS: «Etter vår vurdering er risikostyring og kontroll knyttet til implementering og etterlevelse av Mandatet i det alt vesentlige utformet i samsvar med målekriteriene for denne gjennomgangen.»

Deloitte AS identifiserte likevel enkelte forhold som kan vere viktige for arbeidet med å vidareutvikle risikostyring og kontroll knytt til implementering og etterleving av mandatet. Her er oppsummering av desse:

– **Fortolkning av kvalitative føresegner i mandatet**

I dei styrande dokumenta som leiaren av NBIM har fastsett, er det ikkje regulert korleis ein skal forstå dei kvalitative føresegnene i mandatet, og kva etterleving skal målast mot for alle dei kvalitative føresegnene i mandatet. Det blir tilrådd at vurderingane som er gjorde av korleis ein skal forstå dei kvalitative føresegnene, og kva etterleving skal målast mot, også blir tekne inn i dei styrande dokumenta med ein tydelegare referanse til dei respektive føresegnene i mandatet. Korleis ein skal forstå dei kvalitative føresegnene i mandatet, og kva etterleving skal målast mot, kan endre seg over tid, og det kan derfor vere behov for å ajourføre vurderingane. Det blir tilrådd at prosessar som varetek dette, blir tydeleggjorde.

– **Implementering av mandatendringar**

Endringane i mandatet med verknad frå 30. november 2019 inkluderte nye kvalitative føresegner. For enkelte av føresegnene var det ikkje lagt fram noka dokumentert vurdering av korleis ein skulle forstå dei. Likevel gjekk det fram av saksunderlaget til møtet i hovudstyret kva for føresegner som var nye eller endra. For å sikre dokumentasjon av drøftingane og vurderingane som blir gjorde med tanke på konsekvensane for Noregs Bank, blir det tilrådd at vurderingane av alle endringar i mandatet blir verifisert.

– **Etterleving av mandatføresegner**

Rapportane til hovudstyret frå leiaren av NBIM og leiaren av Governance & Compliance stadfestar om føresegnene i mandatet er etterlevde. Det ligg likevel ikkje føre retningslinjer eller anna skriftleg rettleiing for å vurdere om ei kvalitativ føresegn er etterlevd, og det er tilrådd at ei slik rettleiing blir utarbeidd. For å sikre ei tydeleg beskriving av korleis dei kvalitative føresegnene er forstått, og kva etterleving er målt mot, er det tilrådd at rapporteringa frå leiaren av NBIM og leiaren av Governance & Compliance blir utvida.

Representantskapet behandla attestasjonsrapporten i eit møte 24. februar 2021 og gjorde dette vedtaket:

Representantskapet tar vurderingene i attestasjonsrapporten om Norges Banks rammeverk for risikostyring og kontroll knyttet til implementering og etterlevelse av mandat for forvaltningen av Statens pensjonsfond utland til etterretning.

Representantskapet ber hovedstyret vurdere anbefalingene som framkommer i rapporten og vil spesielt framheve anbefalingen knyttet til hvordan de kvalitative bestemmelsene i mandatet skal forstås og hva etterlevelse av disse skal måles mot.

Rapporten oversendes hovedstyret for merknader og gjøres offentlig ved oversendelse til Finansdepartementet.

Attestasjonsfråsegna er send til Finansdepartementet og publisert på heimesida til representantskapet.<sup>29</sup> Rapporten er òg send til hovudstyret for tilbakemelding, og 5. mars 2021 fekk representantskapet svar frå hovudstyret på tilrådingar i rapporten.

Her er utdrag frå svaret:

«Hovedstyret merker seg hovedkonklusjonen i rapporten om at bankens risikostyring og kontroll knyttet til implementering og etterlevelse av mandatet for forvaltningen av SPU i det alt vesentlige er utformet i samsvar med målekriteriene for gjennomgangen. Hovedstyret er tilfreds med konklusjonen i attestasjonsgjennomgangen. Deloitte har imidlertid identifisert enkelte forhold som kan være av betydning for arbeidet med å vidareutvikle bankens risikostyring og kontroll på det aktuelle området. Hovedstyret vil, innenfor rammene av merknadene nedenfor, vidareutvikle rammeverket for risikostyring og kontroll basert på disse anbefalingene.»

– **Om fortolkning av kvalitative føresegner i mandatet**

«Det er hovedstyrets vurdering at de overnevnte prosessene, rapporteringen og informasjonsutvekslingen bidrar til at risikoen for ulik forståelse av hvordan de kvalitative bestemmelsene i mandatet skal forstås er begrenset. Det er heller ikke opplagt at det er hensiktsmessig at de styrende dokumentene skal inneholde presise og målbare definisjoner av de kvalitative kravene i mandatet. Tolkningen av slike krav vil normalt utvikles gjennom den løpende virksomhetsstyringen. For eksempel er det naturlig at kravet om kost-

*nadseffektivitet gis et konkret innhold i de årlige budsjettprosessene. Hovedstyret vil likevel foreta en ny gjennomgang av styringsdokumentasjonen for å sikre at de kvalitative mandatbestemmelsen i tilstrekkelig grad er fanget opp i de relevante styrende dokumenter.»*

– **Om implementering av mandatendringer**

*«Hovedstyret vedtok på møtet 24. mars 2020 en prosess for hvordan arbeidet med råd til Finansdepartementet om investeringsstrategi for SPU skal organiseres. Denne prosessen er beskrevet i mandatet for Risiko- og investeringsutvalget, og gjelder også for arbeidet med endringer i mandatet for SPU. Hovedstyret vil vurdere om det behov for ytterligere presiseringer av prosessen for arbeidet med råd til departementet ved neste gjennomgang av mandatet for Risiko- og investeringsutvalget.*

*Mandatet for forvaltningen av SPU var gjenstand for omfattende endringer i november 2019. Deloitte har vurdert dokumentasjonen som ble utarbeidet i denne forbindelse, og skriver at: 'For enkelte av bestemmelsene forelå det i den forbindelsen ikke en dokumentert vurdering av hvordan bestemmelsen skulle forstås'. Deloitte anbefaler på denne bakgrunn at vurderingen av samtlige endringer i mandatet bør dokumenteres. Hovedstyret vil be administrasjonen om at saksfremlegg til hovedstyret i slike saker fremover gir en mer utfyllende fremstilling av mandatendringer, og hvordan disse blir reflektert i bankens interne styringsrammeverk.»*

– **Om etterleving av mandatføresegner**

*«Hovedstyret vil be administrasjonen om å foreta en vurdering av rapporteringen for å sikre at den på en hensiktsmessig måte viser hvordan de kvalitative bestemmelsene i mandatet er fulgt opp. Etterlevelse av bestemmelsene i Finansdepartementets mandat følges opp gjennom allerede etablerte prosesser og systemer for risikostyring, internkontroll og etterlevelse i NBIM. Hovedstyret mener det ut over det etablerte rammeverket vil være lite hensiktsmessig å utarbeide en særskilt skriftlig veiledning for å vurdere om de kvalitative bestemmelsene i Finansdepartementets mandat er etterlevd. Styringsdokumentene er gjenstand for en årlig gjennomgang og revisjon. Denne periodiske gjennomgangen vil bl.a. ivareta forholdet til forståelsen av kvalitative bestemmelser i mandatet kan endres over tid.»*

Representantskapet behandla svaret frå hovudstyret i møte 18. mars 2021 og gjorde dette vedtaket:

Representantskapet tar svaret fra hovedstyret angående attestasjonsrapport om Norges Banks rammeverk for risikostyring og kontroll knyttet til implementering og etterlevelse av mandat for forvaltningen av Statens pensjonsfond utland til etterretning. Svaret fra hovedstyret oversendes Finansdepartementet.

## 1.5 OPPFØLGING AV ARBEIDSAVTALE MELLOM HOVDUSTYRET OG DAGLEG LEIAR AV NBIM

Tilsetjinga av ny dagleg leiar av NBIM og innhaldet i arbeidsavtalen har vore eit viktig tema for representantskapet i 2020. Eit brev til Stortinget frå representantskapet datert 11. juni 2020 er behandla som Dokument 9:1 (2019–2020) ved open høyring i Stortingets finanskomité 10. august 2020, og leiaren i representantskapet gjorde greie for brevet. På tidspunktet for brevet var ikkje alle avtalar ferdig utforma, og representantskapet konstaterte at det stod att å etablere gode nok interne kontrolltiltak.

Komiteen gav innstilling i saka til Stortinget 21. august 2020.<sup>30</sup> Der blei det konkludert med at følgjande forhold måtte avklarast før ny dagleg leiar kunne ta til i stillinga:

- «Daglig leder av NBIM kan ikke ha et eierskap eller interesser som skaper eller kan fremstå å skape interessekonflikter som er egnet til å svekke tilliten og omdømmet til Norges Bank, i henhold til bankens egne etiske prinsipper for ansatte.
- Daglig leder av NBIM kan ikke ha eierskap eller interesser som svekker eller kan svekke SPUs arbeid med skatt og åpenhet.»

Stortinget gjorde vedtak 5. november i samsvar med innstillinga.

I møte 10. september behandla representantskapet endringsavtalen av 24. august 2020 mellom Noregs Bank og Nicolai Tangen tilknytt avtalen 27. mai 2020. I avtalen står det at Nicolai Tangens eigardel og utbytterettar i AKO Capital LLP «overføres med endelig og ugjenkallelig virkning» til den velgjerande stiftinga AKO Foundation. Tangen sine investeringar i fond og aksjar skal avviklast, og midlane skal plasserast i bankinnskot.



I representantskapsmøtet 12. november 2020 behandla representantskapet brev frå hovudstyret av 2. november 2020. Hovudstyret beskriv i brevet kva slags endringar som er gjorde i arbeidsavtalen med dagleg leiar i NBIM etter 24. august 2020. Arbeidsavtalen blei signert 27. mai 2020 og har i ettertid blitt endra for avvikling av investeringar i fond og krav til plassering av midlane i bankinnskot mv. I brevet blir det gjort greie for endringar i Nicolai Tangens avtale om porteføljeforvaltning med Gabler Investments AS og i den tilhøyrande skriftlege erklæringa «Deed of undertaking». Tangen skal ikkje ha innverknad på enkeltinvesteringar innanfor forvaltingsmandatet, men han kan skyte inn og ta ut midlar frå investeringsporteføljen ved behov. Gablers erklæring overfor Noregs Bank er endra i tråd med dette.

Endringane i avtalane opnar for ny tilpassing i forvaltninga av midlane til Tangen. Endringa som hovudstyret aksepterte 30. september 2020, opnar for at det i tillegg til kontante innskot i bankar kan plasserast midlar i andre finansielle aktiva som godkjende rentepapir, det vil seie norske og utanlandske statspapir med utskreven løpetid på inntil 12 månader eller tilsvarande utskrive av offentlege myndigheiter.

Representantskapet behandla i dette møtet òg eit notat frå Noregs Banks juridiske rådgivar om AKO Foundation og dotterselskapet.

Representantskapet hadde to oppfølgingspunkt til hovudstyret etter behandling av brev om justert arbeidsavtale og kontrolltiltaka. Slik står det i protokollen frå 12. november 2020:

*«Representantskapet merker seg at daglig leder NBIM etter endt ansettelsesforhold med Norges Bank etter loven kan kjøpe tilbake de midler som er overført AKO Foundation gjennom opprettelsen av AKO Subsidiary. Representantskapet ber hovedstyret komme tilbake til representantskapet med en egen orientering om hvordan hovedstyret vil og kan følge opp at så ikke skjer.*

*Representantskapet merker seg også at AKO Foundation, der daglig leder av NBIM er founder, har gitt store beløp til enkelte utdanningsinstitusjoner. Representantskapet ber hovedstyret komme tilbake til representantskapet med orientering om hvordan det sikres at habilitet ivaretas ved bruk av de aktuelle utdanningsinstitusjonene til evalueringsoppdrag der AKO Foundation har gitt store beløp, mens founder av AKO Foundation er daglig leder av NBIM.»*

Noregs Bank informerte i pressemelding 2. desember 2020 om at overdraginga av Nicolai Tangens eigardel og utbytterettar i AKO Capital LLP til AKO Foundation var fullført, og at Tangen dermed ikkje lenger har nokon eigarinteresser i AKO Capital LLP. I det påfølgjande representantskapsmøtet orienterte sentralbanksjefen om at den endelege arbeidsavtalen med Nicolai Tangen blei inngått og signert 1. desember 2020 av sentralbanksjefen i samsvar med fullmakter frå og tidlegare behandlingar i hovudstyret. Det blei vidare orientert om at alle erklæringar og vilkår er avklarte, og at overføringa av Tangen sine eigarinteresser i AKO Capital til AKO Foundation er endeleg og ugjenkalleleg gjennomført og stadfesta av advokatar.

I representantskapsmøtet 24. februar 2021 behandla representantskapet den endelege arbeidsavtalen med dagleg leiar av NBIM og tilhøyrande kontrolltiltak og dessutan svar frå hovudstyret på dei to spørsmåla frå representantskapet i protokolleringa frå 12. november 2020. Representantskapet behandla òg protokollane frå hovudstyremøta 25. november og 18. desember 2020. Protokollane viser at hovudstyret tok utgreiinga av oppfølginga av arbeidsavtalen til etterretning i møtet 25. november, og at den endelege arbeidsavtalen med dagleg leiar av NBIM blei teken til etterretning i møtet 18. desember. I det siste møtet behandla ein òg oppdaterte kontrolltiltak knytte til arbeidsavtalen.

På spørsmålet om mogleg tilbakekjøp av midlar som er overførte til AKO Foundation, svarer hovudstyret dette:

*«Hovedstyret viser til den inngåtte endringsavtalen 24.8.2020 med Nicolai Tangen om bl.a. overføring av hans eierandel i AKO Capital LLP til AKO Foundation 'med endelig og ugjenkallelig virkning', jf. brev til Finansdepartementet samme dag med kopi til representantskapet. Hovedstyret konstaterer at det hele tiden har vært klart mellom partene at dette skal forstås slik at forpliktelsen gjelder 'for alltid', dvs. også etter at Tangen fratrer stillingen i Norges Bank. Denne forståelsen bekreftet Tangen også skriftlig 28. august og flere ganger senere.»*

*«Om senere tilbakekjøp av den donerte eierandelen i AKO Capital LLP fra AKO Foundation, vises til den reviderte erklæringen (Amended and Restated Deed of Undertaking 1.12.2020) fra AKO Foundation (også med virkning for datterselskapet - the Subsidiary) overfor Norges Bank. Det er her avtalt at AKO Foundations eierandel i AKO Capital LLP ikke skal kunne bli solgt tilbake til Tangen (eller hans nære familie). Erklæringens punkt 3.6 lyder:*

*'The Contracting Entity undertakes that it (a) will not sell, assign or otherwise dispose of or transfer ('Sell' or 'Sale') to NT or to any NT Affiliate any legal or beneficial interest in any AKO Subsidiary, and (b) will procure that no AKO Subsidiary will Sell to NT or to any NT Affiliate any legal or beneficial interest in AKO Capital or in any affiliate of AKO Capital.'*

*Forpliktelsen for AKO Foundation til ikke å selge tilbake noen eierinteresser i AKO Capital gjelder for ubestemt tid og opphører altså ikke ved Nicolai Tangens fratreden i Norges Bank, se erklæringens punkt 2. 1. Det er avklart fra bankens engelske advokater i et særskilt 'advice on enforceability' mv. 18.11.2020 at bestemmelsene vil kunne håndheves under engelsk rett, herunder ved bruk av midlertidige forføyning, krav om reversering av en transaksjon eller om erstatning.*

*Tilsvarende følger det av Nicolai Tangens reviderte erklæring 1.12.2020 punkt 3.1 (a) at 'NT undertakes that without Norges Bank's prior consent neither he nor any NT Affiliate will:*

- a) *acquire any direct or indirect legal or beneficial interest in AKO Capital LLP (including without limitation any dividend rights) from AKO Foundation, including without limitation any such interest held through an AKO Subsidiary.'*

*Forpliktelsen er uten noen tidsbegrensning.»*

*«For å sikre oppfølgingen av forpliktelsene er det både for AKO Foundation og Nicolai Tangen fastsatt at Norges Bank skal varsles hvis de får kjennskap til ethvert foreslått salg eller overføring ('to any person') av eierinteressene i AKO Capital fra AKO Subsidiary eller av eierinteresser i AKO Subsidiary fra AKO Foundation. Disse varslingsforpliktelsene har en avtalt varighet på 15 år fra tidspunktet for utløpet av Tangens karanteneperiode etter fratreden i NBIM.»*

Hovedstyret viser òg til at det er etablert kontrolltiltak for oppfølging av arbeidsavtalen.

I etterkant av den endra arbeidsavtalen er det gjort ei ny vurdering av kva slags erklæringer og kontrolltiltak som bør vidareførast. NBIM har oppdatert retningslinjer med kontrollar knytte til det rammeverket som er etablert for Tangen sine personlege investeringar.

For å unngå forhold som vil kunne bli oppfatta som moglege interessekonfliktar, blir enkelte avgrensingar for bruk av AKO Capital som ekstern forvaltar vidareførte i tillegg til restriksjonar på handel og låneavtalar direkte med AKO mv. NBIM har gjort endringar i retningslinjene sine.

Til spørsmålet om korleis ein sikrar at habiliteten blir vareteken ved bruk av dei aktuelle utdanningsinstitusjonane, blir det gitt ei kort utgreiing av kontakten med akademikarar, akademiske institusjonar og prosessar for tildeling av midlar til forskning. Vidare svarer hovudstyret dette:

*«For beslutninger som tas av daglig leder NBIM, vises det til de alminnelige habilitetsreglene som gjelder for leder NBIM, jf. da særlig forvaltningsloven 6 annet ledd om at ingen kan treffe avgjørelsen i en sak når «andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til».*

*«Dersom dette skulle aktualiseres ved beslutninger i NBIM om å inngå avtale med en forskningsinstitusjon som har fått støtte av AKO Foundation, vises det til det generelle vedtaket hovedstyret traff 24.6.2020: 'Hovedstyret delegerer til visesentralbanksjefen med særskilt ansvar for SPU å treffe avgjørelser på vegne av hovedstyret i saker hvor leder av NBIM anses inhabil.'»*

*«Nicolai Tangen sitter som medlem av The Board of Overseers på The Wharton School of the University of Pennsylvania (Wharton). En akademisk institusjon som Wharton, vil kunne være motpart i avtaler NBIM inngår for å støtte ulike forskningsprosjekter. Dersom det skulle komme opp forslag om at NBIM skal inngå avtale med Wharton, eller gi stipend til studenter som går/skal begynne der, vil Nicolai Tangen ikke delta i en slik beslutning. Denne vil da bli truffet av visesentralbanksjefen, jamfør hovedstyrets vedtak.»*

Til behandlinga 24. februar 2021 av hovudstyret sitt svar på protokolleringa til representantskapet gjorde representantskapet følgjande vedtak:

*«a) Representantskapet viser til brev 8. februar 2021 fra hovedstyret hvor endret arbeidsavtale med Nicolai Tangen er vedlagt. Representantskapet merker seg hvordan de forhold som ble påpekt i representantskapets protokoll 12. november 2020 i ettertid har blitt regulert i arbeidsavtalen som ble undertegnet 1. desember 2020 med to vedlegg.*

Representantskapet ber hovedstyret utdype og begrunne at det i arbeidsavtalen åpner for at Nicolai Tangen etter fratreden som daglig leder av NBIM med Norges Banks godkjenning kan overta 'direct or indirect legal or beneficial interest in AKO Capital LLP' fra AKO Foundation eller AKO Foundations datterselskap.

På bakgrunn av denne ansettelsessakens forløp ønsker representantskapet en beskrivelse av prosessen ved denne type godkjenning.

b) Representantskapet viser til hovedstyrets anførsel om at NBIMs forskningsprosjekter skiller seg fra den typen utrednings- eller evalueringoppdrag Finansdepartementet fra tid til annen gjennomfører, og at valg av akademikere og utdanningsinstitusjoner til slike oppdrag gjøres av departementet. Representantskapet anbefaler hovedstyret å sikre at departementet får opplysninger om hvilke akademikere og utdanningsinstitusjoner som mottar støtte eller bidrag fra AKO Foundation.»

Hovedstyret har svart på dei to oppmodingane frå protokollen 24. februar i brev til representantskapet datert 25. mars 2021:

**«Til spørsmål a) – Om ordlyden i Nicolai Tangens erklæring overfor Norges Bank.**

(1) Den aktuelle formuleringen er referert i bankens brev 8.2.2021 til representantskapet og finnes i Tangens reviderte erklæring av 1.12.2020. Det fremgår av punkt 3.1 (a) at 'NT undertakes that without Norges Bank's prior consent ...' vil han ikke erverve eierinteresser i AKO Capital LLP. Forbudet gjelder på ubestemt tid.

Referansen til 'without ... prior consent' er en avtalejuridisk formulering og gjelder generelt for alle hans forpliktelser etter erklæringens punkt 3.1. Formuleringen stammer fra hans opprinnelige erklæring av 28. mai 2020 punkt 3, hvor den tilsvarende dekket ulike forpliktelser Tangen påtok seg overfor Norges Bank.

Banken og Nicolai Tangen ble den 24. august 2020 enige om at Tangen skulle avvikle sitt eierskap i AKO Capital LLP og overdra dette til AKO Foundation med endelig og ugjenkallelig virkning. Dette ble gjennomført pr. 1.12.2020, og endret arbeidsavtale og erklæring overfor Norges Bank ble samme dag signert for å avspeile den nye realiteten. Dette inkluderte bestemmelsen om at Tangen frasa seg all rett til å kjøpe tilbake eierandelene i AKO Capital.

Ved endringene fra 1.12.2020 ble det nye forbudet mot tilbakekjøp avtaleteknisk inkorporert i erklæringens punkt 3.1, og ble derved omfattet av den innledende formuleringen om without Norges Bank's prior consent, på linje med de andre restriksjonene bestemmelsen fastsetter.

Det er imidlertid klart at ingen av partene har påtenkt at dette skulle lede til noe unntak fra tilbakekjøpsforbudet.

Når det gjelder den reelle og rettslige betydningen av formuleringen i Tangens erklæring, er det grunn til fremheve enkelte forhold.

AKO Foundation – som eieren av interessene i AKO Capital LLP – har i sin reviderte erklæring 1.12.2021 (punkt 3.6) til Norges Bank forpliktet seg til at eierandelen ikke skal bli solgt tilbake til Tangen (eller hans nære familie). Forpliktelsen gjelder for ubestemt tid og opphører ikke ved Nicolai Tangens fratreden i Norges Bank. Ved denne forpliktelsen er det ikke noen formulering om mulig 'prior consent' fra banken. Her åpner altså avtaleteksten ikke for at Norges Bank 'likevel' skal kunne godkjenne et slikt salg til Nikolai Tangen.

Videre vises til at også uten slike formuleringer vil to parter i en avtale kunne avtale et unntak eller endringer, dersom de senere skulle bli enige om det.

Det vesentlige er at en eventuell tillatelse aldri vært en problemstilling, hverken i administrasjonen eller i hovedstyret, eller fra Tangens side.

For å unngå at det kan oppstå tvil om avtalens intensjoner, har hovedstyret vurdert og kommet til at ordlyden i de to erklæringene fra henholdsvis Tangen og AKO Foundation kan gjøres likelydende på det omtalte punkt. Som nevnt er dette rettslig sett uten betydning, og i lys av det ovennevnte foreslås derfor at man også i Tangens erklæring utelater formuleringen 'without Norges Bank's prior consent' i tilknytning til forbudet mot tilbakekjøp av eierandelen i AKO Capital.

**(2) Om representantskapets ønske om en 'beskrivelse av prosessen ved denne type godkjenning'.**

I lys av det ovenstående viser hovedstyret til at en godkjenning som omtalt fremstår som hypotetisk og uaktuell og at hovedstyret derfor ikke har sett grunn til å gå inn på vurderinger av slik prosess.

**Til spørsmål b) – Om informasjon til Finansdepartementet.**

Det heter i representantskapets protokoll at 'Representantskapet anbefaler hovedstyret å sikre at departementet får opplysninger om hvilke akademikere og utdanningsinstitusjoner som mottar støtte eller bidrag fra AKO Foundation'.

Hovedstyret kan opplyse at banken vil orientere Finansdepartementet om den problemstillingen representantskapet tar opp, vedrørende opplysninger til departementet om

'hvilke akademikere og utdanningsinstitusjoner som mottar støtte eller bidrag fra AKO Foundation'. Banken vil avklare eventuell ønsket informasjonsutveksling med departementet.»

Svarbrevet frå hovudstyret vil bli behandla i representantskapet 10. juni 2021.

Representantskapet tek sikte på å føre alminneleg tilsyn med hovudstyret si oppfølging av arbeidsavtalen.

- 1 Sentralbanklova § 4-1 (2)
- 2 Sentralbanklova § 4-1 (1) siste ledd. «Tilsynet omfatter ikke hovedstyrets eller komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitets utøvelse av skjønnsmyndighet.» Komiteen er etablert frå 2020.
- 3 Prop. 97 L (2018–2019), 6.5.2 Representantskapets oppnemning, samansetjing, oppgåver, saksbehandling mv., 6.5.2.1.4 Departementets vurderingar
- 4 St.meld. nr. 7 (2018–2019), Departementets vurderingar 3.5.2.6 Styrings- og ansvarlinjer og tilsynet med verksemda med særleg vekt på forvaltninga av SPU
- 5 Internasjonal standard for attestasjonsoppdrag – ISAE 3000 Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon
- 6 Kjelder for beskrivingane av tilsynet er representantskapets protokollar, referat frå møte i Den faste komiteen, drøftingspunkt til møta, notat, tilsynsgjennomgangar, attestasjonsoppdrag, utgreiingar, årsrapportane for 2019 og 2018.
- 7 Sentralbanklova § 4-3 (4)
- 8 [https://www.norges-bank.no/contentassets/394bf651f90b4e7b8595ae81ae76fe6c/nb\\_strategi\\_2022\\_no.pdf](https://www.norges-bank.no/contentassets/394bf651f90b4e7b8595ae81ae76fe6c/nb_strategi_2022_no.pdf)
- 9 Ipsos «Profilundersøkelse av norske etater 2020»
- 10 Innst. 253 L (2020–2021) frå familie- og kulturkomiteen 25.02.2021
- 11 Prop. 108 I (2019–2020)
- 12 Forskrift om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank. Fastsett av Finansdepartementet 17. desember 2009 med heimel i lov 24. mai 1985 nr. 28 om Noregs Bank og pengevesenet mv. (sentralbanklova) § 30a tredje ledd.
- 13 Internkontrollforskrifta § 8
- 14 Regulert i mandat frå hovudstyret
- 15 Omtalt i rapport til Stortinget for 2019
- 16 Representantskapet engasjerte Else Bugge Fougner i advokatfirmaet Hjort
- 17 Fastsett av Finansdepartementet, sist endra med verknad frå 30. november 2019
- 18 Sentralbanklova § 2-11
- 19 Sentralbanklova § 2-3 (2)
- 20 Sentralbanklova § 3-2
- 21 Principles for the management of Norges Bank's foreign exchange reserves, hovudstyret 10. februar 2020
- 22 Noregs Bank bruker marknadsoperasjonar for å styre bankane sine reservar mot ønskt nivå. Det blir primært gjort med F-lån og F-innskot. Dei fleste av marknadsoperasjonane til Noregs Bank blir annonserte og gjennomførte som auksjonar same dagen som dei har oppgjer. Det er publisert ein auksjonskalender.
- 23 Sentralbanklova § 3-7 Statens bank
- 24 Sentralbanklova § 3-7
- 25 [https://www.norges-bank.no/contentassets/c80274266a8f496cbebad44b2045cd04/2021-02-18-attestasjonsoppdrag\\_statsgjeldforvaltningen.pdf](https://www.norges-bank.no/contentassets/c80274266a8f496cbebad44b2045cd04/2021-02-18-attestasjonsoppdrag_statsgjeldforvaltningen.pdf)
- 26 Mandat for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland § 2-4, 12. ledd
- 27 Mandat for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland § 3-10, 4. ledd
- 28 [https://www.norges-bank.no/contentassets/c80274266a8f496cbebad44b2045cd04/repskapet\\_attestasjonsoppdrag\\_referanseportefolje\\_2019.pdf](https://www.norges-bank.no/contentassets/c80274266a8f496cbebad44b2045cd04/repskapet_attestasjonsoppdrag_referanseportefolje_2019.pdf)
- 29 [https://www.norges-bank.no/contentassets/c80274266a8f496cbebad44b2045cd04/2021-02-18-attestasjonsoppdrag\\_mandatimplementering\\_og\\_etterlevelse.pdf](https://www.norges-bank.no/contentassets/c80274266a8f496cbebad44b2045cd04/2021-02-18-attestasjonsoppdrag_mandatimplementering_og_etterlevelse.pdf)
- 30 Innst. 398 S (2019–2020)





---

KAPITTEL 2

ÅRSREKNESKAPEN OG BUDSJETTET  
TIL NOREGS BANK

---

## 2.1 GODKJENNING AV ÅRSREKNEKAPEN TIL NOREGS BANK OG RAPPORT OM FORVALTINGA AV STATENS PENSJONSFOND UTLAND 2020

Representantskapet sitt vedtak om å godkjenne årsrekneskapen for 2020 er teke inn i årsmeldinga og rekneskapen til Noregs Bank og lyder slik:

Norges Banks representantskap fattet følgende vedtak i møte den 24. februar 2021:

- Representantskapet tar hovedstyrets årsberetning for 2020 til etterretning.
- Representantskapet tar revisors beretning og attestasjonsuttalelse om ansvarlig forvaltning til etterretning og godkjenner Norges Banks årsregnskap for 2020.
- I tråd med retningslinjene blir totalresultatet på 28,8 milliarder kroner overført med 22,7 milliarder kroner til kursreguleringsfondet og 6,1 milliarder kroner til overføringsfondet. Fra overføringsfondet overføres en tredjedel – 15,2 milliarder kroner – til statskassen.

Vedtaket av årsrekneskapen omfattar disponering av årsoverskot med verknader for egenkapitalen til Noregs Bank. Kongen i statsråd har fastsett retningslinjer for avsetjingar og disponering av årleg overskot.<sup>31</sup> Retningslinjene er oppfylte i vedtaket om disponering.

Norges Banks årsrapport og rekneskap for 2020, årsrapport 2020 om forvaltninga av Statens pensjonsfond utland og rapport om ansvarleg forvaltning 2020 er alle publiserte 25. februar 2021.<sup>32</sup>

Statens pensjonsfond utland sitt innskot på kronekonto<sup>33</sup> i Noregs Bank utgjorde 10 908 milliardar kroner 31.12.2020. Rekneskapsrapporteringa om forvaltninga er ein del av Noregs Bank sin årsrekneskap og blir presentert i detalj i note 20.

Forvaltingsgodtgjersla frå Finansdepartementet blir omtalt i note 13: «Totale driftskostnader i Norges Bank tilknyttet forvaltningen av SPU godtgjøres av Finansdepartementet som oppdragsgiver. Forvaltingsgodtgjøringen tilsvarer faktiske kostnader påløpt i Norges Bank, ekskludert administrasjonsgebyr fakturert særskilt til Norges Banks datterselskaper i Norge, og inkludert avkastningsavhengige honorarer til eksterne forvaltere.

*Forvaltingsgodtgjøringen utgjorde 5 305 millioner kroner i 2020 og 4 312 millioner kroner i 2019.»*

Etter mandatet for forvaltninga av SPU<sup>34</sup> skal hovudstyret årleg evaluere arbeidet og kompetansen knytt til det å forvalte fondet etter føresegnene i mandatet. Eigen-evalueringa til hovudstyret skal sendast til departementet.

Representantskapet har fått ein kopi av brevet til departementet. I evalueringa blir det sagt at «[d]e eksterne styremedlemmers samlede og varierte erfaring og kompetanse supplerer de interne styremedlemmenes kompetanse på en god måte».

### EIGENKAPITALEN TIL SENTRALBANKEN


Krava til egenkapitalen til Noregs Bank går fram av sentralbanklova, og spørsmålet om storleiken på egenkapitalen er drøfta mellom anna i lovforarbeida. «Sammensetningen av balansen bestemmer det meste av årsresultatet. Normalt vil sentralbankene ha overskudd. Årsresultatet og disponeringen av dette bestemmer hvor stor egenkapital sentralbankene bygger opp.»<sup>35</sup>

Noregs Bank forvaltar valutareservane og kan påverke storleiken på valutareservane og andre aktiva. Det er eit lovkrav at Noregs Bank «skal ha en egenkapital som er tilstrekkelig for å oppfylle bankens formål».<sup>36</sup> Formålet er å «opprettholde en stabil pengeverdi og fremme stabilitet i det finansielle systemet og et effektivt og sikkert betalings-system. Sentralbanken skal bidra til høy og stabil produksjon og sysselsetting».<sup>37</sup>

Representantskapet har merkt seg at enkelte medlemmer av Finanskomiteen i innstillinga til fjorårsrapporten «påpeker at det ville være naturlig at det settes i gang et arbeid for å utrede hva som kan defineres som tilstrekkelig egenkapital for sentralbanken. Etter disse medlemmers syn er dette en oppgave som kan legges til representantskapet».<sup>38</sup>

Sentralbankleiinga orienterte om vurderingane som er gjorde i 2020, og om vurderingane av storleiken på egenkapitalen. Det er ikkje definert eller talfesta kva som blir rekna som nok egenkapital. Egenkapitalen i Noregs Bank består av eit kursreguleringsfond og eit overføringsfond. Den årlege endringa i egenkapitalen følgjer av disponering av resultat etter fastsette retningslinjer, sjå vedtaket til disponering av årsresultat ovanfor. Sidan 2014 er det overført 119 milliardar kroner til staten.

FIGUR 5 EIGENKAPITALMEKANISMEN



Figur 5 viser korleis resultatet til Noregs Bank er disponert, effekten for eigenkapitalfondet og overføringane til Statskassen.

Valutareservane er sette saman av aksjar, rentepapir og valutakursendringar. Reservane skal kunne nyttast til transaksjonar i valutamarknaden som ledd i gjennomføringa av pengepolitikken eller ut frå omsynet til finansiell stabilitet og for å møte dei internasjonale pliktene til Noregs Bank. Det blir gjort ei skjønnsvurdering, stress-testing, for å måle om det berekna likviditetsbehovet er tilstrekkeleg ved krisesituasjonar. Nye økonomiske tiltak framover vil kunne påverke balansen og eigenkapitalen.

Etter sentralbanklova skal Noregs Bank oppfylle pliktene som følgjer av medlemskapet i Det internasjonale pengefondet (IMF). Medlemskapet inneber ei ståande plikt til å stille valuta til disposisjon når fondet skal gi utlån til andre medlemsland.<sup>39</sup>

Representantskapet vil i 2021 vurdere korleis tilsynet med eigenkapitalen til Noregs Bank kan gjennomførast.


Frå årsmeldinga til hovudstyret for 2020:

«Egenkapitalen til Norges Bank var på 276,8 milliarder kroner per 31. desember 2020, mot 263,2 milliarder kroner per 31. desember 2019. Egenkapitalen består av et kursreguleringsfond og et overføringsfond. Ved utgangen av 2020 var kursreguleringsfondet på 246,5 milliarder kroner og overføringsfondet på 30,3 milliarder kroner. Egenkapitalen til Norges Bank utgjør en andel på 35,9 prosent av balansestørrelsen, eksklusiv SPU, mot 40,9 prosent 2019. Hovedstyret vurderer egen kapitalen som tilstrekkelig til å oppfylle bankens formål jf. sentralbanklovens § 311 første ledd.»

Representantskapet anbefaler hovedstyret å spesifisere sin vurdering av egenkapitalen i Norges Bank opp mot den nye bestemmelsen i sentralbankloven § 3-11 (1). Forståelsen av den nye bestemmelsen kan ev. underbygges av en nærmere utredning, som det vil være mest naturlig at hovedstyret iverksetter, ut fra ansvarsdelingen i Norges Bank.



FIGUR 6 EKSTERN REVISORS OPPGAVER I NORGES BANK



Representantskapet vil følge hovudstyret sine årlege vurderingar av rekneskapsrapporteringa og prosessen for å oppfylle lovkrava ut frå formålet med verksemda.

Som bakgrunn for arbeidet med å etablere ei oppfølging i tilsynet har spørsmålet om eigenkapitalbehovet til sentralbankar blitt utdjupe i ei mastergradsoppgåve ved NHH, initiert av tilsynssekretariatet. Basert på analysar og undersøkingar av risikoen knytt til tap av likviditet, uavhengigheit og kredibilitet i ein sentralbank er det utvikla ein generell modell som omfattar oppgåver og ansvarsområde, innhaldet i balansen, ytterlegare avtalar med staten og omgivnadene. Kor høg risiko ein sentralbank er eksponert for, avgjer kor mykje eigenkapital han bør ha for å handtere desse risikoane. Utgreiinga og modellen er presentert for representantskapet og gir god bakgrunn for å etablere eit tilsynsopplegg på dette området.

## 2.2 REVISORFRÅSEGNER TIL NOREGS BANKS REKNESKAPSRAPPORTERING

Då representantskapet behandla årsrekneskapan til Noregs Bank og rapporteringa om forvaltninga av SPU for 2020, orienterte Deloitte AS om det utførte revisjonsarbeidet.

Oppgåvene til den eksterne revisoren er skisserte i figur 6 frå Deloitte AS.

Til årsrekneskapan til Noregs Bank og rekneskapsrapporteringa for investeringsporteføljen til Statens pensjonsfond utland for 2020 er det gitt to revisormeldingar til Noregs Banks representantskap. Det er gitt ordinære meldingar utan merknader som er tekne inn i dei respektive årsrapportane til Noregs Bank.

Til årsrapporten til Noregs Bank har revisor uttalt seg om andre lovmessige krav, inkludert utgreiinga om samfunnsansvar. Revisor meiner at «... opplysningene i hovudstyrets årsberetning og i redegjørelsen om samfunnsansvar om årsregnskapet og forslaget til resultatdisponering er

*konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov, forskrifter og retningslinjene for Norges Bank».*

I revisormeldingane blir sentrale forhold som revisor meiner hadde størst betydning ved revisjonen av årsrekneskapen for 2020, beskrivne, og risikoane er vurderte.

Desse forholda blei handterte då revisjonen blei utført, og dei danna grunnlaget for revisor si meining om den samla årsrekneskapen.

Fire forhold er særleg omtalte:

- Forvaltning av aksje- og renteporteføljane i valuta-reservane og Statens pensjonsfond utland
- Setlar og mynt i omløp
- Verdsetjinga av investeringar ved bruk av modellar som i vesentleg grad bruker ikkje-observerbare inndata, Statens pensjonsfond utland
- Noteinformasjon om avkasting, Statens pensjonsfond utland

For første halvår 2020 har revisor òg gitt fråsegn om forenkla revisorkontroll av rekneskapsrapporteringa for SPU, datert 12. august 2020. Arbeidet følgjer internasjonal revisjonsstandard for forenkla revisorkontroll av delårsrekneskap.<sup>40</sup> Deloitte AS konkluderte med at det er positivt at rapporteringa følgjer International Accounting Standard 34 «Interim Financial Reporting», som fastsett av EU.

Representantskapet har tatt revisors beretninger og uttalelsen til halvårsrapportering om SPU fra Deloitte AS til etterretning. Alle uttalelser inngår i sin helhet i Norges Banks årsberetning og regnskap og rapporteringen om forvaltningen av SPU for 2020.

I tråd med etablert praksis har Deloitte AS òg utarbeidd ein revisjonsrapport. Rapporten gjer greie for den gjennomførte revisjonen og for moment som kan vere viktige for rekneskapsrapporteringa. Det blir òg orientert om revisor sitt forhold til leiinga og om revisor si uavhengigheit.

Representantskapet har tatt revisjonsrapporten til etterretning og oversendt den til hovedstyret for behandling.

For dotterselskap i eideomsforvaltninga i SPU med egne valde revisorar blir det gitt uavhengig revisormelding direkte til styret i det enkelte selskapet. Desse blir ikkje behandla av representantskapet.

## 2.3 RAPPORTERING OM SAMFUNNSANSVAR

Noregs Bank følgjer krav<sup>41</sup> i rekneskapslova om rapportering om samfunnsansvar og berekraft. I årsrapporten og rekneskapen til Noregs Bank for 2020<sup>42</sup> blir det gjort greie for korleis samfunnsoppdraget er handtert:

- *Det viktigaste samfunnsansvaret til Noregs Bank er samfunnsoppdraget om å fremje økonomisk stabilitet i Noreg og sikre effektiv og tillitsvekkjande kapitalforvaltning.*
- *I tillegg er det gjennom ansvarleg investeringsverksemd at banken har den mest vesentlege påverknaden på menneskerettar, arbeidstakarrettar og sosiale forhold, det ytre miljøet og kampen mot korrupsjon.*
- *Samfunnsansvaret til Noregs Bank inneber òg open og tydeleg kommunikasjon, forskning og kunnskapsdeling, etisk forretningsåttferd og tilrettelegging for likestilling og godt arbeidsmiljø.*

Representantskapet har engasjert Deloitte AS til å gjere ein uavhengig attestasjonsgjennomgang av informasjonen i kapitlet «Ansvarleg forvaltning av Statens pensjonsfond utland» i årsrapporten. I konklusjonen seier Deloitte AS mellom anna dette:

*«Vi har gjennom vårt arbeid ikke fått kjennskap til forhold som gir oss grunn til ikke å anta at Norges Bank har etablert rutiner for å identifisere, samle inn, sammenstille, dokumentere og kvalitetssikre informasjon for 2020 til bruk i kapitlet Ansvarlig forvaltning av Statens pensjonsfond utland (SPU).»*

Representantskapet har tatt attestasjonsuttalelsen til etterretning.

Heile attestasjonsfråsegna finst i Noregs Banks årsrapport og rekneskap for 2020.<sup>43</sup>

Noregs Bank har òg utgitt ein eigen publikasjon om ansvarleg forvaltning for Statens pensjonsfond utland i 2020. Denne er teken til orientering i representantskapet.

## 2.4 BUDSJETTREGLEMENT FOR NOREGS BANK

Noregs Bank er eit eige rettssubjekt som er eigd av staten.<sup>44</sup> Noregs Bank fastset sitt eige budsjett som ikkje inngår når Stortinget behandlar statsbudsjettet. Budsjettkompetansen til representantskapet er regulert i § 4-2: «Representantskapet vedtar Norges Banks budsjett etter forslag fra hovedstyret. Det vedtatte budsjettet meddeles departementet.»

Slikt budsjettssjølvstende er vanleg i mange sentralbankar. Økonomisk og politisk sjølvstende bidreg til å sikre ei uavhengig rolle i utøvinga av pengepolitikken og varetakinga av den finansielle stabiliteten. Noregs Banks handlefridom gjennom denne ordninga medfører forventingar om streng budsjett disiplin og nøye overvaking av ressursbruken. Det er lagt stor vekt på desse forholda i forarbeida til ny sentralbanklov frå 1. januar 2020.

Representantskapet har fastsett budsjettreglementet med overordna prinsipp for økonomistyringa. Budsjettreglementet kan lesast i vedlegg 3-1 til rapporten. Hovedstyret har fastsett eit utfyllande økonomireglement med prinsipp for økonomistyringa og budsjettprosessen.

Med bakgrunn i den nye sentralbanklova og organisasjonsmessige endringar er det i 2020 gjennomført ei oppdatering av budsjettreglementet. Nokre av dei viktigaste endringane er at budsjettframlegget skal innehalde prognose for budsjettåret pluss to år for personalkostnader, andre driftskostnader og investeringar. Ved framtidige større strategiske endringar skal representantskapet opplyst utan unødig opphald. Det vil gi representantskapet større innblikk i og betre høve til å stille spørsmål til økonomistyringa.

Representantskapet skal godkjenne ei budsjettamme for driftskostnader i operative selskap innanfor eigedomsforvaltinga, og frå og med 2020 skal òg unotert infrastruktur for fornybar energi i SPU omfattast.

## 2.5 RESSURSBRUKEN I NOREGS BANK – OPPFØLGING AV BUDSJETT FOR 2020

Kvart år blir det sendt brev til Finansdepartementet om budsjettvedtak for Noregs Bank, men representantskapet meiner at det i tillegg er viktig at Stortinget gjennom denne rapporten får direkte informasjon om økonomistyringa og ressursbruken i sentralbanken.

Representantskapet behandla brev frå hovudstyret 10. februar 2021 med budsjett rapportering for 2020. Rapporteringa omfattar status målt mot budsjett for Noregs Banks samla driftsinntekter, driftskostnader og investeringar, og dessutan omtale av vesentlege avvik. Det er òg gjort kort greie for status på handlingsplanar og måloppnåing, med hovudvekt på tiltak med større konsekvensar for budsjettet.

Representantskapet tok rapporten om budsjettstatus 2020 til etterretning og anser rapporteringen til å være i tråd med budsjettreglementet. Representantskapet ber hovedstyret fortsatt ha fokus på kostnads-effektivisering og utnyttelse av stordriftsfordeler.

Driftsresultatet var –1 010 millionar kroner, eksklusive kostnader for tilsynssekretariatet og representantskapet. Resultatet er innanfor det vedtekte budsjettet for 2020.

Samla driftskostnader utgjorde 6,4 milliardar kroner, og 5,3 milliardar kroner av desse er knytte til SPU-forvaltinga. Driftskostnader eksklusive eksterne forvaltarar i SPU var 112 millionar kroner lågare enn budsjettet. Dei eksterne forvaltingskostnadene var høgare enn budsjettet, noko som har samanheng med oppnådd høg avkasting gjennom året. Desse kostnadene er dekte inn ved auke i forvaltingsgodtgjersla frå departementet.

Totale driftsinntekter, inklusive forvaltingshonorar for SPU, var 5 426 millionar kroner.

Akkumulert investeringsbudsjett er 73 millionar kroner – 29 millionar kroner av desse gjeld SBV, og 44 millionar kroner gjeld NBA. Budsjettet omfattar både nye investeringar som er vedtekte for 2020, og investeringsprosjekt som er vedtekte i tidlegare budsjettbehandlingar. Det låg ikkje føre noka investeringsramme for NBIM i 2020, og det har ikkje komme på utgifter til investeringsprosjekt i løpet av året.

I 2020 er det gjort investeringar for 39 millionar kroner. Det er innanfor den godkjende løyvinga. Av dei påkomne investeringane knyter om lag 22 millionar kroner seg til vedlikehald og oppgradering av eigedommen Bankplassen 2.

## 2.6 VEDTAK AV NOREGS BANKS BUDSJETT FOR 2021

Budsjettvedtaket til representantskapet inneber ei godkjenning av den totale forventede ressursbruken til Noregs Bank det kommande året. Representantskapet ser til at hovudstyret har lagt fram tydelege oversikter som viser forsvarlege økonomiske rammer for varetaking av oppgåver og drift. Det årleg vedtaket omfattar den samla verksemda til Noregs Bank, inkludert forvaltninga av SPU. På overordna nivå skal kriteria og føresetnadene for budsjetteringa vere konsistente for heile verksemda.

### GODTGJERSLEORDNINGA

Representantskapet er oppteke av kostnadseffektivitet og har tidlegare fått utgreiingar frå hovudstyret om godtgjersleordningane. Lønn- og personalkostnader utgjer ein vesentleg del av driftskostnadene i Noregs Bank. I 2020 var desse kostnadene 40 prosent av driftskostnadene før avkastingsavhengige honorar til eksterne forvaltarar.

Av dei tilsette som har variabel lønn i NBIM, skal rammene som hovudregel ikkje overstige 100 prosent av fast årslønn. Variabel lønn skal ikkje overstige 200 prosent for tilsette med slik ordning i utlandet. Hovudstyret fastset årleg eit tak for kor mange tilsette som kan få tilbod om ei ordning med opptil 200 prosent variabel lønn, og for 2020 var det 44 tilsette som hadde ei slik ramme. Representantskapet har for samanlikning registrert at i Statens pensjonsfond Norge (Folketrygdfondet) er variabel lønn avgrensa til 50 prosent av fastlønn (6 månadslønner).

Representantskapet meiner det har mykje å seie at praksisen ikkje verkar urimeleg i forhold til samanliknbar verksemd. Vidare er det viktige kriterium for eit fungerande system for variabel lønn at reglane er transparente, forstålege og objektive.

I samband med behandlinga av Noregs Banks budsjettforslag for 2021 bad representantskapet hovudstyret komme tilbake med meir informasjon om bakgrunnen for dagens lønssystem og dessutan om korleis prestasjonsbasert lønn blir rekna ut. Representantskapet bad òg om ein gjennomgang av godtgjersleordninga og om at det blir gjort greie for korleis Noregs Bank framover i størst mogleg grad kan etterleve kriteria for ordninga. Svarbrevet frå hovudstyret blei behandla 24. februar 2021, og leiaren i godtgjersleutvalet<sup>45</sup> gjorde greie for ordninga med variabel lønn i NBIM og dessutan for kva slags vurderingar som blir lagde til grunn for utbetalinga. Representantskapet tok utgreiinga til orientering.

### BUDSJETTVEDTAK FOR 2021

I samsvar med sentralbanklova og budsjettreglementet for Noregs Bank har representantskapet behandla hovudstyret sitt forslag til budsjett for Noregs Bank.

Budsjettframlegget til hovudstyret for 2021 gjeld den samla verksemda med nærmare beskrivingar av delbudsjettet for sentralbankverksemda, kapitalforvaltninga og NBA. Usikre og variable kostnader, samanlikningar med andre sentralbankar og forvaltarar og strategidokument blir beskrivne i vedlegg til framlegget. I budsjettet har ein planlagt for 938 fast tilsette i Noregs Bank ved utgangen av 2021 – ein oppgang samanlikna med utgangen av 2020.

Under førebuinga til representantskapsbehandlinga har ein vurdert om krava i budsjettreglementet er oppfylte. Noregs Bank har følgd opp kommentarar frå budsjettbehandlinga i fjor knytte til organiseringa av administrative funksjonar, kostnadsnivået i SPU-forvaltninga og reduksjonen i talet på tilsette. I tillegg har hovudstyret teke omsyn til påminninga frå representantskapet om å bruke oppdaterte prognose- og rekneskapstal. I budsjettreglementet legg ein vekt på at relevante kostnadssamanlikningar skal nyttast.

Brev frå Finansdepartementet til Noregs Bank datert 23. november 2020 om ramme for 2021 låg føre ved budsjettbehandlinga til representantskapet. Representantskapet legg vekt på at kostnadene til SPU-forvaltninga ikkje må gå ut over ramma for kostnadsdekning som Finansdepartementet har gitt. Slike overskridingar må Noregs Bank dekkje. Det er òg svært viktig å følgje Finansdepartementet sine føresetnader for kostnadsstyring.

Finansdepartementet skriv:

*«Departementet er opptatt av at rammen for forvaltningskostnadene skal gi insentiver til god kontroll og styring, og en kostnadseffektiv forvaltning. Sikkerhetsmarginen mellom kostnadsrammen og budsjettet bør derfor ikke være for høy. Departementet er samtidig enig i at det er forhold utenfor bankens kontroll som kan tilsa at kostnadsrammen bør fastsettes med en tilstrekkelig sikkerhetsmargin. Det gjelder blant annet usikkerhet knyttet til utviklingen i valutakurser, fondets markedsverdi og oppnådd avkastning.»*

For andre året på rad er ramma gitt i eit kronebeløp, ikkje i basispunkt slik som tidlegare. Finansdepartementet har fastsett ei maksimal ramme for forvaltingskostnader for 2021 på 5,4 milliardar kroner, inkludert kostnader i dotter-selskap som er omfatta av ramma.

På spørsmål frå representantskapet orienterte sentral-bankleiinga om arbeidet med strategien for kapital-forvaltninga som følgje av organisatoriske endringar som ny dagleg leiar, ny leiargruppe og reorganisering i NBIM, og om system og prognosar for utbetaling av prestasjons-basert variabel lønn.

Budsjettvedtaket for 2021 (tal i millionar kroner):

I samsvar med sentralbankloven og budsjettreglementet for Norges Bank har representantskapet behandlet hovedstyrets forslag til budsjett for Norges Bank for 2021 (tall i millioner kroner):

	BUDSJETT 2020
Forvaltningsgodtgjøring SPU	5 583
Andre driftsinntekter	121
<b>Sum driftsinntekter Norges Bank</b>	<b>5 704</b>
Personalkostnader SBV	-388
Øvrige driftskostnader SBV	-497
Av- og nedskrivninger SBV	-47
Personalkostnader NBIM	-1 486
Øvrige driftskostnader NBIM	-2 102
Av- og nedskrivninger NBIM	-53
Honorarer til eksterne forvaltere NBIM	-2 012
Personalkostnader NBA	-283
Øvrig driftskostnader NBA	-190
Av- og nedskrivninger NBA	-95
Eliminering av felleskostnader*	375
Eliminering av felleskostnader allokert fra SBV til TS/Repr.	8
<b>Sum driftskostnader Norges Bank</b>	<b>-6 769</b>
<b>Netto driftsresultat Norges Bank</b>	<b>-1 065</b>

\* Eliminering består av fordelte kostnader til NBIM, herunder 31 millioner kroner fra SBV, 308 millioner kroner fra NBA og 36 millioner kroner fra tilsynssekretariatet/ representantskapet.

Nye investeringsforslag utgjør samlet 127 millioner kroner, fordelt på 21 millioner kroner i Sentralbankvirksomheten (SBV), 45 millioner kroner i Kapitalforvaltningen (NBIM) og 61 millioner kroner i Norges Banks Administrasjon (NBA). Estimert på tidligere vedtatte og pågående investeringer utgjør 31 millioner kroner.

I henhold til representantskapets budsjettreglement godkjenner også representantskapet 150 millioner kroner som en budsjetttramme for 2021 for driftskostnader i operative driftsselskaper innenfor eiendomsforvaltningen i Statens pensjonsfond utland.

Representantskapet fastsetter budsjett for tilsyns- og revisjonskostnader i eget vedtak i møte den 10. desember 2020.

Norges Banks samlede vedtatte budsjett meddeles Finansdepartementet i samsvar med sentralbankloven § 4-2.



TABELL 1 INVESTERINGSBUDSJETT

INVESTERINGSBUDSJETT, TAL I MILLIONAR KRONER				
PLANLAGDE INVESTERINGAR	TIDLEGARE VEDTEKNE OG IGANGVERANDE	NYE LØYVDE FRÅ 2021	TOTALT TIL DISPOSISJON	PROGNOSE FOR 2021
Sentralbankverksemda	13	21	35	35
Kapitalforvaltinga	0	45	45	45
Noregs Banks Administrasjon	18	61	78	71
Sum	31	127	158	151

### AKTIVERTE INVESTERINGSPROSJEKT

Nye investeringar i 2021 er budsjetterte med 127 millionar kroner. Det er rekneskapsreglane (IFRS) som definerer kva som blir klassifisert som investeringsprosjekt.

Det totale framtidige investeringsbudsjettet for Noregs Bank er på 158 millionar kroner og inkluderer nye investeringar og vidareføring av igangverande, tidlegare vedtekte investeringsprosjekt som held fram i 2021. Tabell 1 viser ei oversikt over investeringar som blir vidareførte, det samla budsjettet for nye og igangverande investeringar og prognose for 2021:

### BUDSJETT FOR DOTTERSELSKAP I EIGEDOMSFORVALTINGA I SPU

Etter budsjettreglementet skal budsjett for forvaltingskostnader i dotterselskap som inngår i forvaltinga av eigedomsinvesteringane i SPU, leggjast fram for representantskapet. Dei samla driftskostnadene i heileigde operative dotterselskap er budsjetterte med 150 millionar kroner i 2021. Styra i driftsselskapa gjer budsjettvedtak basert på planar for verksemda. Kostnadsramma frå Finansdepartementet inkluderer òg desse forvaltingskostnadene.

### BUDSJETTVEDTAK FOR VERKSEMMA TIL REPRESENTANTSKAPET

I møtet 10. desember 2020 vedtok representantskapet òg budsjettet for 2021 for representantskapet, tilsynssekretariatet og ekstern revisor, som totalt utgjer 47,5 millionar kroner. Budsjettvedtaket er omtalt i vedlegg 1 i denne rapporten.

31 Fastsett ved kgl.res. 13. desember 2019 med heimel i sentralbanklova § 311 andre ledd.

32 [www.norges-bank.no](http://www.norges-bank.no) og [www.nbim.no/no/publikasjoner/rapporter/](http://www.nbim.no/no/publikasjoner/rapporter/)

33 Lov om Statens pensjonsfond § 3 (2): «Statens pensjonsfond utland plasseres som innskudd på konto i Norges Bank. Motverdien forvaltes etter nærmere bestemmelser fastsatt av departementet, jf. § 10.»

34 § 3-1, første ledd

35 NOU 2017 nr. 13 pkt. 22.5 Norges Banks balansestyring (s. 339)

36 Jf. sentralbanklova § 3-11

37 Jf. sentralbanklova § 1-2

38 Innst. 352 S (2019–2020)

39 Omtale av forvaltinga av valutareservane og pliktene til IMF er publisert 25. februar i Noregs Banks rapport for fjerde kvartal 2020.

40 ISRE 2410 «Forenklet revisorkontroll av delårsregnskaper, utført av foretakets valgte revisor»

41 Rekneskapslova § 3-3

42 Presentert på sidene 110–114

43 Presentert på sidene 249–250

44 Sentralbanklova § 1-1 (2)

45 Godgjersleutvalet skal bidra til ei grundig og uavhengig behandling av saker som gjeld lønns og kompensasjonsordningane til banken. Utvalet har tre medlemmer som er valde blant dei eksterne medlemmene i hovudstyret, og ein medlem som er vald blant dei tilsettvalde styremedlemmene.



---

---

KAPITTEL 3

PRIORITERINGAR I DET  
VIDARE ARBEIDET

---



### TILSYNSPLAN MED RISIKOBASERT TILNÆRMING

Det er viktig i tilsynet å ha eit langsiktig og heilskapleg perspektiv, men i tillegg ha stor grad av fleksibilitet til å handtere uføresette og relevante problemstillingar og tema som er aktualiserte etter drøfting i representantskapet.

Temaet for den årleg tilsynsplanen blir bestemt på bakgrunn av drøftingar i representantskapet. Drøftinga tek utgangspunkt i eit heilskapleg perspektiv og risikobilete av verksemda til Noregs Bank. Kva for undersøkingar som er gjennomførte tidlegare, og eventuelle endringar i organisasjonen og prosessane er viktige moment i vurderinga.

Noregs Bank er ein dynamisk organisasjon, og endringar skjer løpande. Også i samfunnet kan det brått skje endringar som tilseier driftsendringar eller lovendringar med verknad for Noregs Bank. På bakgrunn av dette er det viktig at representantskapet og tilsynssekretariatet har nok fleksibilitet til å setje i verk utgreiingar og undersøkingar på kort varsel.

### PLANAR FOR 2021

Representantskapet har godkjent tilsynsplanen for 2021. Som grunnlag for planlegginga av tilsyn har representantskapet fastsett Rammeverk for risikobasert tilsyn og Risikovurdering 2021–2025 – grunnlag for planlegging og gjennomføring av tilsyn.

Her er nokre viktige moment som ein må ta omsyn til i planlegginga og gjennomføringa:

- Tilsynet skal vere uavhengig og utøvast på fritt grunnlag etter representantskapet sitt skjønn og vurdering av risiko.
- Det skal vere ein samheng mellom risikovurderingar og tema for gjennomføring av tilsyn, konkretisert i løpande tilsyn, tilsynsgjennomgangar, utgreiingar eller framlegg av notat og rapportar.
- Representantskapets tilsynet skal gjennomførast også på område der rammevilkåra endrar seg gjennom året, eller der det skjer endringar i organisasjonen og/eller systema, mens hovudoppgåvene til Noregs Bank (utøving av kjerneoppgåver) ligg fast.

Aktualitet, risikostyring og internkontroll i Noregs Bank er særleg vektlagt og førande for tilsynet. Overordna risikoar som blir vektlagde, er at Noregs Bank blir driven målretta og effektivt med god økonomistyring og internkontroll, at lover og gitte rammer blir følgde, og at rapporteringa er påliteleg og fullstendig.

Nokre ytre forhold som påverkar risikobiletet i Noregs Bank i 2021:

- Covid-19-pandemien
- Mandatendringar for SPU, vilkår for aksjeforvaltinga og nye investeringar i unoterte eigedelar
- Trusselbiletet, nasjonalt og særskilt for verksemda
  - › cyberrisiko
  - › klimarisiko

Nokre igangverande interne prosessar i Noregs Bank:

- Krisehandteringa av covid-19-pandemien med tilhøyrande personalmessige og sikkerheitsmessige utfordringar
- Vidareutvikling av Noregs Banks Administrasjon
- Utvikling av IT-løysingar med nye system, skyløysingar og leverandøravtalar, ferdigstilling av større IT-prosjekt med insourcing av tenester
- Vidare satsing på IT-sikkerheit og vidareutvikling av IT-sikkerheitsoperasjonssenteret

Det er representantskapet si oppgåve å følgje opp at Noregs Bank tek innover seg og handterer dei overordna samfunnsmessige risikoområda som kan påverke verksemda og måloppnåinga til Noregs Bank. Eit slikt område er den teknologiske utviklinga med auka digitalisering, ei utvikling som skaper moglegheiter, men som òg fører med seg nye sårbarheiter.

Det er òg viktig at Noregs Bank har eit system for å fange opp nye krav og endringar, og at ansvaret for å følgje opp dette området er definert. Representantskapet er heile tida merksam på endringar i rammevilkåra for Noregs Bank og forvaltinga av SPU, og på korleis nye og endra rammevilkår, til dømes i mandatet, blir handterte og implementerte.

For representantskapet er det viktig å følgje med på at den rapporterte informasjonen er tidsriktig og har god kvalitet. Rett kvalitet på den rapporterte informasjonen er avgjerande for god styring både i Noregs Bank og frå Finansdepartementet. Rapporteringa er vesentleg for at representantskapet skal kunne gjennomføre oppdraget med etterfølgjande kontroll og tilsyn.

Representantskapet vil framleis vere særleg merksam på kostnadsstyring til hovudstyret.

Hovudstyret og ny dagleg leiar av NBIM har gitt uttrykk for mål og ambisjonar som vil gi føringar for korleis forvaltinga av SPU og ressursbruken skal gjennomførast.

God avkasting, kommunikasjon og utvikling av talent er prioritert. Representantskapet følgjer med på strategiarbeidet til Noregs Bank.

### GODKJENDE TEMA FOR TILSYNET I 2021

I planar for tilsynet i 2021 er det tre hovudtema som får særleg mykje merksemd:

#### a) Personale og organisasjonsutvikling

På dette området er det stadig endringar på grunn av ny organisering i NBIM og NBA. Dermed er ein tilsynsgjennomgang lite formålstenleg, men området er likevel godt eigna for oppfølging ved løpande tilsyn. Tilsynet dekkjer tema som effektar av samordning av oppgåver, utvikling av NBA, ny leiargruppe og strategi i NBIM, kostnadsstyring, HR-området, krav til alle tilsette gjennom retningslinjer, oppfølging av arbeidsavtalar, personvern, likestilling og varsling.

#### b) Sikkerheit og beredskap, krisehandtering

I dette temaet inngår arbeidet med førebyggjande sikkerheit i Noregs Bank, inkludert handtering av trusselbiletet og gjenoppretting etter tiltak under covid-19-pandemien.

#### c) Risikorammeverket for operasjonell risikostyring

Det er relevant å gjennomføre ei heilskapleg vurdering, «risk assessment», av korleis den operasjonelle risikostyringa er etablert, og av kva for eit rammeverk hovudstyret arbeider og måler etter. Tema som er omfatta, er internkontrollvurdering, oppfølging av tenesteleveransar, rapportering og openheit og risikobiletet i marknader.

Innanfor dei to siste hovudtemaa planlegg ein spesifikke undersøkingar i form av utgreiingar, tilsynsgjennomgangar eller attestasjonsoppdrag med avsluttande rapportar til representantskapet.

### TO OPPGÅVER VIL FÅ SÆRLEG MYKJE MERKSEMD I 2021:

- *Arbeidsavtalen mellom dagleg leiar av NBIM og hovudstyret i Noregs Bank*

Representantskapet vil følgje med på at hovudstyret rapporterer og behandlar den etablerte arbeidsavtalen og kontrolltiltaka på ein fullgod måte.

- *Proessen med å velje revisor for Noregs Bank mv.*

Engasjementsavtalen med Deloitte AS som Noregs Banks eksterne revisor går ut etter at årsrekneskapane for 2021 er ferdig reviderte. Avtalen har vart i seks år. Det er sett i gang ein prosess med å velje revisor.

Representantskapet tek sikte på å signere ein engasjementsavtale innan 1. januar 2022.





1. Hovedsædet i Kristiania

a. **Direktøren**

Rektionens fast beskikkede Formand, to  
(en-chef)

---

---

VEDLEGG 1

REPRESENTANTSKAPET –  
SAMANSETJING, ORGANISERING  
OG RESSURSBRUK

---

## 1.1 SAMANSETJING OG PRESENTASJON AV MEDLEMMENE

### NOREGS BANKS REPRESENTANTSKAP 2020–2021

<b>Faste medlemmer</b>	<b>Oppnemnd første gong</b>	<b>Gjeldande funksjonstid</b>
Julie Brodtkorb, leiar	2018	2018–2021
Reidar Sandal, nestleiar	2010	2018–2021
Harald Espedal	2020	2020–2023
Pål Farstad	2018	2018–2021
Ingrid Fiskaa	2016	2020–2023
Gjermund Hagesæter	2018	2018–2021
Line Henriette Holten	2020	2020–2023
Kari Anne Sand	2020	2020–2023
Eirin Sund	2020	2020–2023
Morten Sjøberg	2018	2018–2021
Ib Thomsen	2018	2018–2021
Paul Birger Torgnes	2014	2018–2021
Lars Tvete	2016	2020–2023
Truls Wickholm	2020	2020–2023
Marianne Aasen	2020	2020–2023

### DEN FASTE KOMITEEN

<b>Faste medlemmer</b>	<b>Personlege varamedlemmer</b>
Julie Brodtkorb, leiar	Line Henriette Holten
Reidar Sandal, nestleiar	Ingrid Fiskaa
Gjermund Hagesæter	Pål Farstad
Paul Birger Torgnes	Harald Espedal
Marianne Aasen	Kari Anne Sand

## PRESENTASJON AV MEDLEMMENE



### Julie Brodtkorb, leiar

- Direktør i Maskinentreprenørenes Forbund
- Leiar av Kringkastingsrådet
- Tidlegare erfaring m.a. som statssekretær og stabssjef ved Statsministerens kontor, medlem av Oslo bystyre, nærings- og finanspolitisk rådgivar, nestleiar og kommunikasjons-sjef i Høgres gruppesekretariat på Stortinget, kommunikasjonssjef i Utfors AS, adm.dir. i JKL Group og konsulent i Geelmuyden Kiese
- Siviløkonom frå Noregs handelshøgskole



### Reidar Sandal, nestleiar

- Rådgivar
- Arbeidande styreleiar i Kystvegen Måløy–Florø AS og styremedlem i Helse Førde HF
- Tidlegare erfaring m.a. som statsråd i Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, stortingsrepresentant og leiar av finanskomiteen, fylkestingsrepresentant, lektor, fylkesdirektør for opplæring i Sogn og Fjordane, rådgivar i Botnaneset Industriselskap AS, dagleg leiar i Sunnfjord Næringsråd, styreleiar i Fjord1 AS, Nynorsk kultursentrum, Sunnfjord Næringsutvikling AS og Innovasjon Noreg og styremedlem i Investinor AS
- Cand.philol. frå Universitetet i Bergen




### Harald Espedal

- Eigar av investeringselskapet Espedal & Co og kapitalforvaltaren Salt Capital
- Styreleiar i Lyse Energi AS, Sandnes Sparebank og Solstad Offshore, nestleiar i styret for Stavanger konserthus og styremedlem i Aspelin Ramm
- Tidlegare erfaring m.a. som administrerande direktør i SKAGEN Fondene, nestleiar og medlem i styra for Oslo Børs VPS og Oslo Børs, medlem i styret for Den norske Opera & Ballett
- Siviløkonom og høgare revisorstudium frå Noregs handelshøgskole




### Pål Farstad

- Fylkespolitikar og rådgivar
- Styremedlem i Tingvoll Økopark Eiendom AS og Høgskolen i Molde
- Tidlegare erfaring m.a. som stortingsrepresentant og medlem av næringskomiteen, medlem i fylkestinget i Møre og Romsdal, bystyremedlem i Kristiansund, dagleg leiar i Nordmøre Fiskebåt og Nordmøre Fiskarlag og leiar for næringsforeininga for Kristiansund og omland
- Adjunkt, pedagogisk eksamen frå Universitetet i Trondheim




### Ingrid Fiskaa

- Lektor ved Sandnes vidaregående skole
- Medlem av kommunestyret og formannskapet i Time kommune
- Tidlegare erfaring m.a. som statssekretær i Utanriksdepartementet, sentralstyremedlem i SV, styremedlem i Noregs Mållag og Attac Norge og medlem av High Level Panel on Illicit Financial Flows from Africa
- Mastergrad i historie frå Universitetet i Oslo




### Gjermund Hagesæter

- Rådmann i Fedje kommune
- Tidlegare erfaring m.a. som stortingsrepresentant og medlem av kommunal- og forvaltingskomiteen og finanskomiteen, statssekretær i Justisdepartementet, fylkestings- og kommunestyremedlem, offiser i Forsvaret, assisterande helse- og sosialsjef i Lindås kommune, nestleiar i styret for Haukeland universitetssjukehus, medlem av rådet for Nordhordland Kraftlag, samferdsleutvalet i Hordaland og sentralstyret i Europabevegelsen
- Juridisk embetseksamen frå Universitetet i Bergen og bedriftsøkonom frå Noregs handelshøgskole



### Line Henriette Holten

- Generalsekretær i Tekna
- Nestleiar i Norsk institutt for bioøkonomi, styreleiar i Det Norske Skogselskap og styremedlem i Dignio
- Tidlegare erfaring m.a. som stortingsrepresentant og medlem av energi- og miljøkomiteen, helse- og sosialkomiteen og næringskomiteen, Stortingets 5. visepresident, politisk rådgivar i Helsedepartementet og i Arbeids- og sosialdepartementet, leiar av utvalet som la fram NOU 2019:20 «En styrket familietjeneste», medlem i Askim bystyre og direktør for samfunnspolitikk i Tekna
- Cand.theol. frå Det teologiske menighetsfakultet



### Kari Anne Sand

- Ordførar i Kongsberg kommune og fungerande fylkesleiar i KS Viken
- Lektor i vidaregåande skule
- Tidlegare erfaring m.a. som fylkestingsmedlem i Buskerud, forskingsassistent i Skogforsk, prosjektleiar i Norges Bondelag, fagsjef i Landbrukshelsen og lærar i grunnskulen
- Mastergrad i norsk



### Eirin Sund

- Regionleiar i LO
- Styremedlem i Rogalandsforskning
- Tidlegare erfaring m.a. som stortingsrepresentant og medlem av finanskomiteen, energi- og miljøkomiteen, kommunal- og forvaltingskomiteen og transport- og kommunikasjonskomiteen og statssekretær i Samferdselsdepartementet, politisk rådgivar i Miljøverndepartementet, kommunestyremedlem, varaordførar, formannskapsmedlem, fylkesvaraordførar, leiar og medlem av ulike styre, råd og utval, visepresident i Norges Fotballforbund, barnehagetilsett og dagleg leiar av ein frivilligsentral
- Sjefskurs frå Forsvarets høgskole





### Morten Søberg

- Direktør for samfunnskontakt i SpareBank 1 Gruppen
- Styremedlem i Oslo Nye Sparebanks Fond
- Tidlegare erfaring m.a. som statssekretær i Finansdepartementet og forskar i forskingsavdelinga i Statistisk sentralbyrå
- Doktorgrad i samfunnsøkonomi frå Universitetet i Oslo og bachelorgrad i filosofi og økonomi frå London School of Economics




### Ib Thomsen

- Direktør i Thon Hotels Triaden
- Tidlegare erfaring m.a. som stortingsrepresentant og medlem av kommunal- og forvaltingskomiteen og familie- og kulturkomiteen,
- disponent, medlem av Nittedal formannskap, styreleiar i Nittedal energiverk, styremedlem i Thon Eiendom i Olav Thon Gruppen og områdesjef i Forsvaret
- Leiarutdanning frå Forsvaret og BI




### Paul Birger Torgnes

- Dagleg leiar i Fjord Marin Holding AS
- Styreleiar i Sjømat Norge og styreleiar i Norsk Havbrukssenter
- Tidlegare erfaring m.a. som ordførar og formannskapsmedlem, konsernsjef i Fjord Seafood ASA og NorAqua AS, styreleiar i Torghatten ASA, politisk rådgivar for fiskeriministeren og generalsekretær i Norske Fiskeoppdretteres Forening
- Fiskeriokonom frå Høgskolen i Bodø og Norges fiskerihøgskole




### Lars Tvette

- Styreleiar og eigar av LBT Holding AS
- Medlem av fylkestinget i Trøndelag, styremedlem i Thomas Angells Stiftelser og medlem i Sparebank1 SMN representantskap
- Tidlegare erfaring m.a. som første vararepresentant til Stortinget, medlem av Trondheim bystyre, leiar av Sør-Trøndelag Høgre, adm.dir. i Basale Eiendomsforvaltning AS, styremedlem i BN kreditt, styreleiar i Trondheim kommunale pensjonskasse og rådgivar for og styremedlem i større eigedomsselskap. Varamedlem til representantskapet i Noregs Bank 2016–2019
- Bedriftsøkonom frå Trondheim Økonomiske Høgskole



### Truls Wickholm


- Ordførar i Nesodden kommune og kommunestyremedlem
- Tidlegare erfaring m.a. som stortingsrepresentant og medlem av finanskomiteen, transport- og kommunikasjonskomiteen og kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, medlem av styret for EL & IT Oslo, styremedlem i Utøya A/S, Oslo Arbeidarparti og AUFs sentralstyre, energimontør i Hafslund
- Fagbrev energimontør



### Marianne Aasen

- Direktør for Simula School of Research and Innovation (SSRI)
- Styreleiar i Nedre Romerike brann og redningsvesen IKS, styremedlem i Simula UiB AS og NHO Viken Oslo
- Folkevald i Asker kommune
- Tidlegare erfaring m.a. som stortingsrepresentant og medlem av finanskomiteen og kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, politisk rådgivar i Kommunal- og regionaldepartementet, informasjonssjef i Europarørsla og journalist
- Cand.polit. med historie, sosialøkonomi og statsvitenskap hovudfag frå Universitetet i Oslo

## TILSYNSSEKRETARIATET I REPRESENTANTSKAPET



### Jan Frode Jakobsen

- Direktør i tilsynssekretariatet
- Tidlegare erfaring m.a. som adm.dir. for Helseforetakenes Pensjonskasse, direktør for Bystyrets sekretariat i Oslo kommune, økonomisk rådgivar og sekretariatsleiar for Arbeidarpartiet i Stortinget, komitésekretær for Stortingets finanskomite, rådgivar i Finansdepartementet og inspektør i Finanstilsynet
- Siviløkonom frå Noregs handelshøgskole og Master of Science frå London School of Economics

## ANDRE TILSETTE I TILSYNSSEKRETARIATET

Randi Ingun Almås	fagdirektør
Peter Hideo Grutle	seniorrådgivar
Berit Langelo	seniorrådgivar
Kristian Magnus Langseth	spesialrådgivar
Anne Gullhagen Larsen	spesialrådgivar
Mats Leonhard Pedersen	spesialrådgivar
Lise Taylor	administrasjonskoordinator
Sivert Mogstad Eri	studentengasjement

## 1.2 ORGANISERING AV TILSYNET, AKTIVITETAR I 2020

### REPRESENTANTSKAPET

Representantskapet er eitt av tre organ i Noregs Bank, jf. sentralbanklova § 2-1: «*Norges Bank skal ha et hovedstyre, en komité for pengepolitikk og finansiell stabilitet og et representantskap.*»

Dei 15 representantskapsmedlemmene er valde av Stortinget.<sup>46</sup> Leiar og nestleiar i 2020 har vore Julie Brodtkorb og Reidar Sandal, som er utnemnde av Stortinget for perioden 2020–2021.

Medlemmene har ein samla brei kompetanse og lang erfaring frå Stortinget, regjeringsarbeid, sentrale delar av norsk samfunnsliv, offentleg forvaltning og næringslivet. Geografisk er medlemmene busette i sju av fylka i landet. 6 av dei 15 medlemmene, altså 40 prosent, er kvinner.

Hovudoppgåva til representantskapet er å sørge for tilsyn og kontroll med Noregs Bank. Oppgåvene er regulerte i § 2-17 i lova: «*Representantskapet fører tilsyn i samsvar med § 4-1, vedtar budsjett etter § 4-2, godkjenner regnskap etter § 4-3, utpeker revisor etter § 4-4 og fastsetter eventuell valgmåte for ansattrepresentanter til hovedstyret etter § 2-3 annet ledd tredje punktum.*» Innanfor ansvarsområdet sitt kan representantskapet gi rammer for bankverksemda. Det er fastsett tre regelverk, som er tekne med i vedlegg 3 til denne rapporten.

Forretningsordenen for representantskapet<sup>47</sup> blei oppdatert 15. desember 2019 med tilpassingar til ny sentralbanklov frå 1.1.2020. Medlemmene er underlagde føresegnene i sentralbanklova § 5-2 om teieplikt. I samsvar med forretningsordenen er det leiaren eller den leiaren peiker ut, som uttaler seg offentleg på vegner av representantskapet.

Retningslinjene for informasjonsutveksling og koordinering av revisjon og tilsyn mellom Riksrevisjonen og representantskapet i Noregs Bank om SPU er signerte av leiaren for representantskapet i 2010.

Når det gjeld organiseringa av arbeidet, er følgjande regulert i sentralbanklova: «*Representantskapet kan blant sine medlemmer oppnevne utvalg til å forberede saker for representantskapsbehandling.*»<sup>48</sup> «*Representantskapet skal ha et sekretariat. I saker som gjelder de ansatte i sekretariatet, skal representantskapet representere Norges Bank som arbeidsgiver.*»<sup>49</sup>

### DEN FASTE KOMITEEN

Den faste komiteen er eit arbeidsutval som førebur og fremjar innstilling til vedtak i saker som representantskapet skal behandle. Det er leiaren og nestleiar i representantskapet som leier komiteen. Tre andre medlemmer og fem personlege varamedlemmer blei valde for to år i eit konstituerande møte 16. januar 2020.

Den faste komiteen er forankra i forretningsordenen og arbeider etter eit mandat som representantskapet har fastsett. Leiaren for Den faste komiteen kallar inn til møte så ofte det er ønskjeleg, eller når minst to medlemmer krev det. Som hovudregel har komiteen møte ei veke før representantskapet skal ha møte. Komiteen har inga vedtaksmakt på vegner av representantskapet, men som representantskapsutval har komiteen rett til innsyn i alle saker som gjeld Noregs Bank.

Dei kommande møta i representantskapet blir planlagde med hjelp frå tilsynssekretariatet. Planlegginga består i å fastsetje saklista, gjennomgå dei framlagde saksdokumenta, fremje ønske om innleiingar eller presentasjonar frå Noregs Bank og foreslå vedtak. Referata frå komitémøta følgjer sakspapira og gir att vesentlege drøftingar og utgreiingar.

Sentralbanksjefen kan bli bedd om å vere til stades på møte i Den faste komiteen. Hovudstyret eller sentralbanksjefen kan ta opp saker og leggje fram vurderingane sine med sikte på behandlinga i representantskapet før komiteen fremjar innstilling til vedtak.

### TILSYNSSEKRETARIATET


Arbeidet til representantskapets sekretariat, tilsynssekretariatet, er regulert i forretningsordenen § 17 og i ein eigen instruks som representantskapet har fastsett. I tilsynssekretariatet er det, etter at det blei tilsett ein ny medarbeidar frå 1. mars 2021, sju fast tilsette under leiding av ein direktør. Frå hausten 2020 har det vore nytta eit seks månaders studentengasjement som mellom anna har tilført ekstra analyseressursar.

Direktøren har myndigheit til å tilsetje og seie opp folk og til å fastsetje lønns- og arbeidsvilkår innanfor dei rammene som representantskapet har fastsett. Det er representantskapet som fastset arbeidsavtale, godtgjersle og andre vilkår for stillinga som direktør.

Tilsynssekretariatet skal

- utføre tilsynsoppgåver på vegner av representantskapet

FIGUR 7 REPRESENTANTSKAPET OG TILSYNSSEKRETARIATET – ORGANISASJON OG OPPGÅVER



- bidra til at representantskapet har kontroll med budsjettet og årsrekneskapen til banken
- forvalte avtalen med ekstern revisor
- koordinere kontakt med statsmyndigheter og Riksrevisjonen
- førebu saker og assistere i saksbehandlingen til representantskapet
- vere rådgivings- og utgreiingsressurs for representantskapet
- utføre sekretariatsoppgåver

Tilsynssekretariatet rapporterer til representantskapet uavhengig av hovudstyret og administrasjonen i Noregs Bank. Direktøren deltek i møta til representantskapet og Den faste komiteen og har høve til å ta med fagpersonar, anten tilsette i tilsynssekretariatet, representantar for ekstern revisor eller andre. Dei tilsette i sekretariatet har rett til å vere til stades i representantskapet når administrative saker som gjeld tilsynssekretariatet, skal behandlast.

Sekretariatet legg til rette for møta til representantskapet, seminar og faglege aktivitetar. Rammene for det faglege

arbeidet og administrative forhold følgjer av tilsynsplanar og budsjett som blir gitt av representantskapet. Tilsynssekretariatet skal ha ei tenleg organisering og tilfredsstillande og relevant tverrfagleg kompetanse. Medarbeidarane har solid innsikt i fagområde som revisjon, jus, finans, kapitalforvaltning, verksemdsstyring, risikostyring og internkontroll. Det blir lagt avgjerande vekt på rolleforståing, integritet, objektivitet og tilbørleg aktsemd i gjennomføringa av arbeidet. Direktøren kan som eit supplement innhente ekstern spesialistkompetanse innanfor planar og budsjett som representantskapet har godkjent.

Tilsynssekretariatet legg vekt på å ha eit sterkt fagmiljø prega av verdiane til Noregs Bank: lagånd, integritet, nyskaping og kvalitet. Høg kompetanse er nødvendig for å kunne forstå og vurdere sentrale utviklingstrekk. Gode faglege nettverk, tilgang til spesialistressursar og hyppig kontakt med sentralbankleinga og verksemdsområda gir høve til utvikling, og det er viktig for å halde på og utvikle kompetente medarbeidarar. I tillegg til å delta på relevante kurs og fagkonferansar gjennomfører tilsynssekretariatet jamleg møte og faglege seminar i eigen regi.

Det blir brukt innleiarar frå ulike fagmiljø, internasjonale kontaktar og verksemdsområda til Noregs Bank. Denne kompetanseoppbygginga er svært viktig for tilsynsgjennomgangane og for førebuinga av representantskapsarbeidet.

Tilsynssekretariatet har løpande kontakt med ekstern revisor og sørgjer for forvaltinga av engasjementsavtalen. Sekretariatet bidreg til informasjonsutveksling med Riksrevisjonen om revisjon og tilsyn med SPU.<sup>50</sup> Tilsynssekretariatet og Finansdepartementet har møte for å utveksle informasjon som er av interesse for tilsynet med forvaltinga av SPU. I møta orienterer dei kvarandre om årlege tilsynsplanar og gjennomførte tilsyns- og revisjonsaktivitetar. Det har vore meningsutveksling om endringar i føresegnene for Noregs Bank i lys av den nye sentralbanklova.

## PLANAR FOR ARBEIDET

For perioden 2019–2021 har representantskapet fastsett eit plandokument for sitt eige arbeid. Samfunnsoppdraget og oppgåvene står fast over tid, men kan gjerast om ved endring i sentralbanklova eller elles i mandat som Stortinget har gitt. I inneverande periode vil representantskapet, i tillegg til dei faste og løpande oppgåvene sine, prioritere utvalde område:

- vidareutvikling av kontroll- og tilsynsarbeidet
- synlegheit og kommunikasjon
- kompetanse

Desse områda blir evaluerte kvart år. Det blir òg fastlagt ein årleg tiltaksplan som beskriv konkrete gjeremål med aktivitetar, ansvar og fristar for det kommande året.

For arbeidet til tilsynssekretariatet blir det kvart år godkjent ein tilsynsplan som omfattar løpande tilsyn, tilsynsgjennomgangar og aktive undersøkingar av aktuelle problemstillingar. Planen blir svart ut gjennom rapportar frå tilsynsgjennomgangar, brev eller notat til møta og statusrapportar.


Møteplanen blir fastsett på førehand for kvart kalenderår. Tidspunkt og innhald er basert på fristar for rapportering i Noregs Bank og ansvarsområda til representantskapet, som rapport til Stortinget, fastsetjing av årsrekneskapen og godkjenning av budsjettet. Figur 8 viser ei tidslinje som gir ei kort oversikt over møte og andre aktivitetar i 2020.

## MØTE OG SAKSOMFANG

Representantskapet har gjennomført sju planlagde møte i 2020. Eitt av desse var konstituerande. Den faste komiteen har hatt seks ordinære møte.

Gjennom året er det protokollført til saman 116 saker, inkludert 29 saker om eigen administrasjon og godkjenning av protokollar frå møta. 39 av sakene var behandling av hovudstyreprotokollar, overordna og felles saker for Noregs Bank. 15 saker gjaldt rapportering om sentralbankverksemda, og 33 av sakene handla om rapportering om forvaltinga av SPU og tilsetjing av ny dagleg leiar av NBIM.

FIGUR 8 TIDSLINJE MØTE OG AKTIVITETAR 2020





Det har vore fem ekstra møte i representantskapet og seks i Den faste komiteen i 2020 i samband med behandlinga av hovudstyreprosessen for å tilsetje ny dagleg leiar av NBIM og signeringa av arbeidsavtalen. Behandlinga omfatta fem brev til og frå hovudstyret som er protokollførte og publiserte, og leidde fram til eit eige brev til Stortinget 11. juni, Dokument 9:1 (2019–2020).

### MØTE OG ARBEID UNDER COVID-19-PANDEMIEN

Alle møte har vore heilt eller delvis digitale frå midten av mars. Representantskapet og tilsynssekretariatet har følgd Noregs Bank si handtering av dei nasjonale smitteverntiltaka og dei tidvis strengare smitteverntiltaka i Oslo kommune. Covid-19 pandemien har ført til utstrekt bruk av videokonferansar og heimekontor, og Noregs Bank har bidrege med system med høgt sikkerheitsnivå.

### KOMPETANSEUTVIKLING

Det er eit mål for representantskapet og tilsynssekretariatet å ta vare på og utvikle kompetanse om verksemda til Noregs Bank, også om det gjeldande risikobiletet.

For medlemmene blei det gjennomført eit fagleg program i samband med det konstituerande møtet. Nokre av temaa var forvaltninga av SPU og valutareservane og eit møte med leiaren for etikkrådet.

Det har òg vore eit fagseminar om pengepolitikk og finansiell stabilitet med desse temaa: «*Styringsrenta i Noreg = 0 %*. *Kva no?*» og «*Kva skjer når sentralbanken*

*intervenerer?*». Visentralbanksjefen heldt foredrag og svarte på spørsmål.


Det har vore få høve til å delta fysisk på seminar og kurs i 2020, men dei tilsette i tilsynssekretariatet har gjennomført fagleg kompetansebygging digitalt. Temaa har mellom anna vore ny revisorlovgeving, operasjonell risikostyring, compliance, verksemdskultur, kvitvasking, IT-sikkerheit, fysisk sikkerheit og berekraftig finansiell analyse. Regelverksendringar og annan informasjon frå institusjonar som IMF, BIS, Finanstilsynet, Datatilsynet og NSM blir òg følgde.

I førebuinga til møta til Den faste komiteen og representantskapet har det vore behov for fleire utgreingar, og det har vore tett kontakt med juridiske miljø. Tema har mellom anna vore rammer for stiftingar og etiske regelverk. Ei utgreiing om sentralbankars eigenkapitalbehov er gjennomført som mastergradsoppgåve av to studentar ved NHH, og tilsynssekretariatet har gitt fagleg støtte.

### OPENHEIT OG MERKSEMD I MEDIA

Representantskapet erfarer at det er stor offentleg interesse for verksemda i Noregs Bank og for korleis tilsynet blir gjennomført. Openheit blir praktisert innanfor rammene og avgrensingane som følgjer av mellom anna sentralbanklova, offentleglova og anna relevant rammeverk for verksemda til Noregs Bank.

Alle godkjende protokollar frå møta blir gjorde offentleg tilgjengelege på heimesidene til representantskapet.



I protokollane kjem det fram vedtak og eventuelle spørsmål eller påpeiking av risikoforhold med eventuelle svar og utgreiningar frå sentralbanksjefen. Merknader gjennom året, hovudstyret si oppfølging av tilsynskommentarar og eventuelle uavklarte spørsmål som skal følgjast opp vidare, er beskrivne. Drøftingar i representantskapet og spørsmål til sentralbankleiinga bidreg òg til openheit om Noregs Bank.

Forretningsordenen til representantskapet, plandokumenta for arbeidet og anna rammeverk er òg publisert på [www.norges-bank.no](http://www.norges-bank.no). Alle attestasjonsfråsegner som er gitt etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag, ISAE 3000, blir gjorde offentleg tilgjengelege når dei blir sende til Finansdepartementet. Også annan kommunikasjon i brev mellom representantskapet og departementet bli publisert. Den årlege rapporten til Stortinget (Dokument 9) er utforma med sikte på å gi eit heilskapleg bilete av oppgåvene til representantskapet, korleis representantskapet vurderer kontrollstrukturen i Noregs Bank, og kva tilsynsarbeid som er gjennomført.

I 2020 har både media og samfunnet elles vist stor interesse for tilsetjinga av ny dagleg leiar av NBIM. Representantskapsleiaren har mellom anna orientert om gjennomføringa av tilsynet i media. 11. juni sende representantskapet brev til Stortinget, Dokument 9-1 (2019–2020), og leiaren deltok i høyring i Stortingets finanskomiteé 10. august. Brevet og høyringa fekk mykje merksemd i offentlegheita, og leiaren bidrog til opplysningar om saka. Dokumentet og all korrespondansen mellom hovudstyret og representantskapet er offentleggjort.

Leiaren og nestleiaren i representantskapet møtte i Stortingets finanskomiteé 14. januar 2020 for å drøfte korleis representantskapet kan rapportere til Stortinget og utvikle dette dokumentet på ein god måte framover. Direktøren for tilsynssekretariatet deltok òg i dette møtet. Denne kontakten har bidrege til god forventingsavklaring mellom komiteen og representantskapet.

### ÅRSTALEN TIL SENTRALBANKSJEFEN

Representantskapet er til stades ved årstalen til sentralbanksjefen, som sidan 1986 har hatt overskrifta «Økonomiske perspektiv». Talen har vore ein tradisjon sidan 1922. Sentralbanksjefen legg vekt på å ta opp eit breitt spekter av tema som er viktige for økonomien i landet og for vegvala til Noregs Bank.

Leiaren for representantskapet ønskjer velkommen på vegner av Noregs Bank. I introduksjonen til talen i februar 2021 nemnde representantskapsleiaren omstenda rundt

COVID-19 pandemien, der smitteverntiltak og avstand førte til eit digitalt arrangement utan gjester. Samtidig la ho vekt på at alle kan vere med via Internett, og på at det er «demokratiserende. Vi når flere, og talen vil i den digitale tidsalder leve for evigheten».

Talen får brei medieomtale og bidreg dermed til å skape openheit omkring Noregs Bank og til å fylle rådgivar- og informasjonsrolla banken har i samfunnet.

### EVALUERING AV ARBEIDET

Medlemmene i representantskapet evaluerer sitt eige arbeid kvart år. Målet med evalueringa er å identifisere område som kan vidareutviklast, og å styrkje tilsynsarbeidet og andre oppgåver. Basert på ei anonym undersøking blir det samla resultatet drøfta i møte, og leiaren for representantskapet og tilsynssekretariatet følgjer opp dei foreslåtte tiltaka. Sentralbankleiinga er til stades under oppsummeringane.

Eigenevalueringa i 2020 omfatta arbeidsforma til representantskapet, drøftinga i møta og samspelet med tilsynssekretariatet, den eksterne revisoren og rådgivarane. Det kom fram at førebuingane i saker frå hovudstyret og tilrettelegging for munnlege og skriftlege svar frå sentralbankleiinga har forbettringspotensial. Det blei òg yttra ønske om meir opplæring i verksemda til Noregs Bank. Ei evaluering av fagseminar og studiereiser la vekt på at førebuingar gjennom informasjonsmateriale og møte gjorde utbyttet større. Møte med miljø som kan samanliknast med Noregs Bank, er nyttige for tilsynsutføringa. Desse forholda vil bli følgde opp i den vidare planlegginga og gjennomføringa av møte og seminar.

Det årlege plandokumentet blir òg evaluert og målt kvart år. For 2020 er planen følgd, men det har vore færre fysiske møte på grunn av COVID-19 pandemien.

## 1.3 RESSURSBRUKEN TIL REPRESENTANTSKAPET

### GODTGJERSLE TIL MEDLEMMENE

Stortinget fastset representantskapsgodtgjersla i eit årleg honorar for oppdraget.<sup>51</sup> Satsane for 2020 går fram av tabell 2.<sup>52</sup> Samla fast honorar utgjorde 904 000 kroner, mot 915 100 kroner i 2019. Endringa kjem av at ordninga med to møtande varamedlemmer har falle bort, mens det er ein auke i utbetalt honorar til dei faste medlemmene. I 2020 har det ikkje vore utbetalt honorar til varamedlemmer for oppmøte i Den faste komiteen. Slike honorar utgjorde til saman 7 200 kroner i 2019.

Representantskapsmedlemmene kan få dekt tap i arbeidsinntekt i samband med representantskapsmøte i tillegg til godtgjersla som Stortinget har fastsett. Arbeidsgivarar kan bli kompenserte med faktiske timesatsar etter statens satsar for verksemder som «opererer med faktureringskrav». Representantskapet har fastsett kriterium.

I 2020 er det utbetalt slik godtgjersle med 213 331 kroner, mot 174 000 kroner året før. Utbetalt samla godtgjersle i 2020 er med dette 1 117 331 kroner, mot 1 096 300 kroner i 2019.

#### ANDRE KOSTNADER

Den årlege ressursbruken blir følgd opp mot budsjett som representantskapet har vedteke. Dei totale kostnadene for verksemda til representantskapet i 2020 var 42,9 millionar kroner. Fordelinga av kostnadene er vist i tabell 3 og omfattar tilsynssekretariatet, ekstern revisor og bruk av eksterne rådgivarar. Ressursbruken kjem inn under den samla årsrekneskapen til Noregs Bank.

Kostnadene til drift av representantskapet sin organisasjon var samla 7 millionar kroner lågare enn budsjettet i 2020.

Det skriv seg mellom anna frå mykje lågare reisekostnader til møte, ei studiereise som ikkje blei gjennomført, og bortfall av fysiske kurs og kompetanseutvikling. Det er nytta norsk og internasjonal konsulenthjelp mellom anna i utgreiingar om juridiske spørsmål for tilsynet med tilsetjinga av ny dagleg leiar av NBIM.

Representantskapet og tilsynssekretariatet får administrative ytingar etter behov frå Noregs Bank. Dette er regulert i ein leveranseavtale. Avtalen omfattar husleige og fordelte felleskostnader og dekkjer bruk av kontor og andre lokale, sikkerheit og beredskap, arkivtenester, datautstyr, lønns- og personaltenester, honorarutbetalingar og kantine- og møtefasilitetar. Avtalen dekkjer òg utgifter til møtearrangement, reisesikkerheit, avtale med reisebyrå, o.a.

I 2020 er det gitt fagleg støtte i tilsetjingsprosess med HR-kompetanse. Under covid-19 pandemien er det levert utstyr og service i samband med arbeid frå heimekontor. Det er lagt til rette for gjennomføring av digitale møte på ein sikker måte. Den sjølvstendige posisjonen tilsynssekretariatet og representantskapet har overfor Noregs Bank, blir varetaken gjennom avtalen.

**TABELL 2 FASTE HONORAR I 2020**

FASTE HONORAR I HEILE KRONER	REPRESENTANTSKAPET	DEN FASTE KOMITEEN	SUM PER MEDLEM	SUM FAST HONORAR
Leiar	66 100	99 100	165 200	165 200
Nestleiar	44 100	66 100	110 200	110 200
3 medlemmer i Den faste komiteen	33 100	66 100	99 200	297 600
10 medlemmer i representantskapet	33 100		33 100	331 000
Sum utbetalt i fast godtgjersle				904 000

**TABELL 3 DEN SAMLA RESSURSBRUKEN TIL REPRESENTANTSKAPET**

BELØP I HEILE TUSEN KRONER	BUDSJETT	REKNESKAP	BUDSJETT	REKNESKAP	REKNESKAP
	2021	2020	2020	2019	2018
Representantskapet	4 434	2 459	4 204	3 201	3 849
Tilsynssekretariatet	24 901	23 602	26 835	21 507	25 451
Attestasjonsoppdrag	3 000	2 179	2 800	2 585	1 021
Lovpålagd revisjon	15 200	14 638	16 100	15 455	15 046
Totalt	47 535	42 878	49 939	42 748	45 367

Utbetalt lønn til direktøren for tilsynssekretariatet var 2 118 270 kroner i 2020, mot 2 016 472 kroner i 2019. I tillegg var det i 2020 berekna pensjonsopptening på 326 465 kroner, og verdien av andre fordelar (elektronisk kommunikasjon, forsikringar og andre naturalytingar) var 7476 kroner.

Honoraret til ekstern revisor tek utgangspunkt i fast pris i engasjementsavtalen justert for avtaleregulert prisindeks og blir utbetalt etter godkjenning i representantskapet. Honoraret for lovpålagt revisjon utgjorde 14,6 millionar kroner i 2020, mot 15,5 millionar kroner året før. I tillegg er det utbetalt 0,2 millionar kroner for konsulenttenester som tilsynssekretariatet dekkjer. Deloitte AS har òg fått 4,4 millionar kroner i honorar for attestasjonsfråsegner for statens konsernkonto og statsgjeldsforvaltinga og attestasjonsoppdrag innanfor tilsynet etter inngåtte avtalar. Samla reknar ein med at 85 prosent av tidsbruken til ekstern revisor gjeld tilsyns- og revisjonsoppgåver innanfor kapitalforvaltinga.

Honorar for revisjon i dotterselskap som er etablerte av Noregs Bank, og som berre investerer som ledd i SPU-forvaltinga, inngår ikkje i kostnadene til representantskapet, men blir belasta selskapa direkte og utbetalt til dei respektive revisjonsselskapa. Samla utgjorde slike honorar 8,1 millionar kroner i 2020.

## BUDSJETT 2021

Representantskapet behandla eige budsjett for 2021 i møte 10. desember 2020. Vedteke samla budsjett for representantskapet, tilsynssekretariatet og ekstern revisor er på 47,5 millionar kroner, sjå tabell 3 Den samla ressursbruken til representantskapet. For representantskapet sine egne aktivitetar er det budsjettert med 4,4 millionar kroner. Budsjettet omfattar alle godtgjersler, møtekostnader, seminar og studiereiser med reiseutgifter basert på den fastsette møteplanen for 2021.

Budsjettet til tilsynssekretariatet er basert på åtte årsverk. Budsjettet på 24,9 millionar kroner inkluderer lønns-, personal- og pensjonskostnader og ekstern opplæring til ein verdi av 13,2 millionar kroner. Husleige og fordelte felleskostnader frå tenesteleveranseavtalen med Noregs Bank blir vidareført. I samanheng med tilsynsplanen for 2021 er det budsjettert med 3,0 millionar kroner til kjøp av tenester frå ulike eksterne fagmiljø.

Revisjonshonorar til Deloitte AS er budsjettert med 15,2 millionar kroner for finansiell revisjon av årsrekneskapen og rekneskapsrapportering for Statens pensjonsfond utland.

For eventuelle attestasjonsoppdrag i 2021 er det budsjettert med 3,0 millionar kroner som ei samla ramme.

46 Sentralbanklova § 2-16 (1)

47 Forretningsordenen er publisert: <https://www.norges-bank.no/tema/Om-Norges-Bank/Organisering-styring/Representantskapet/Forretningsorden/>

48 Sentralbanklova § 2-16 (6) andre punktum

49 Sentralbanklova § 2-16 (5)

50 Retningslinjer for informasjonsutveksling og koordinering av revisjon og tilsyn mellom Riksrevisjonen og representantskapet i Noregs Bank om SPU

51 Sentralbanklova § 2-16 (4)

52 Satsane for representantskapshonorara i 2020 og 2021 blei fastsette av Stortinget 28. november 2019 i samsvar med Innst. 54 S (2019–2020).







---

VEDLEGG 2

INTERNE REGELVERK FOR  
NORGES BANK VEDTATT AV  
REPRESENTANTSKAPET

---

## 2.1 BUDSJETTREGLEMENT FOR NORGES BANK

### VEDTATT AV NORGES BANKS REPRESENTANTSKAP 11. JUNI 2020

#### 1. INNLEDENDE BESTEMMELSER

##### 1.1 Bakgrunn og lovhjemmel

Representantskapet godkjenner årsregnskap og vedtar årlig budsjett for Norges Bank. [1] Representantskapets og hovedstyrets ansvar for styring av og kontroll med ressursbruken reguleres i sentralbankloven.

Norges Bank er et eget rettssubjekt som eies av staten. [2] Bankens budsjett og årsregnskap inngår ikke i statsbudsjettet eller statsregnskapet. Kongen i statsråd gir retningslinjer for avsetninger og disponering av overskudd. [3]

##### 1.2 Roller og ansvar Norges Banks styrende organer

Representantskapet fører tilsyn med at hovedstyret har tilfredsstillende styring av og kontroll med bankens administrasjon og virksomhet. Representantskapet fastsetter budsjettreglement for Norges Bank.

Hovedstyret fastsetter overordnede prinsipper for økonomistyring og budsjettprosess som ivaretar budsjettreglementet og er i samsvar med relevante standarder og anerkjent praksis. Det etableres et hensiktsmessig rammeverk for disponering av vedtatte driftsbudsjett og investeringsrammer som også omfatter styring av investeringsprosjekter.

Hovedstyret leder bankens virksomhet og forvalter dens midler innenfor fastsatt budsjett. Det utarbeider forslag til budsjett for kommende driftsår, som legges fram for representantskapet. Hovedstyret har ansvar for å følge opp ressursbruken med rapportering til representantskapet

Representantskapets budsjettvedtak omfatter kontroll med og godkjenning av bankens totale ressursbruk. Representantskapet påser at hovedstyret har lagt fram forsvarlige økonomiske rammer for ivaretagelse av bankens oppgaver og drift. Gjennom behandlingen kan representantskapet kreve reduksjoner i budsjettet, men det kan ikke pålegge hovedstyret å øke ressursbruken. Representantskapet fastsetter særskilt budsjett for egen virksomhet. Representantskapet gir meddelelse til Finansdepartementet om samlet vedtatt budsjett for Norges Bank. [4]

Kostnader for representantskapet inngår i Norges Banks årsregnskap.

##### 1.3 Formål og virkeområde

Formålet med representantskapets budsjettreglement for Norges Bank er å etablere overordnede retningslinjer for hovedstyrets framlegg av budsjett og driftsregnskap, representantskapets budsjettvedtak og oppfølging av bankens ressursbruk. Reglementet gir bestemmelser om premisser for budsjettframlegg, budsjettvedtak, budsjett-disponering og rapportering.

##### 1.4 Unntak fra bestemmelsene i budsjettreglementet

Unntak fra bestemmelsene i dette reglementet krever særskilt vedtak i representantskapet.

#### 2. OVERORDNEDE RETNINGSLINJER

Norges Banks budsjett er et overordnet styringsdokument for årlig ressursbruk og drift. Budsjettet skal normalt følge de samme prinsippene som i gjeldende regnskapsrammeverk fastsatt i forskrift «Bestemmelser om årsregnskap mv. for Norges Bank» [5]. På overordnet nivå skal kriterier og forutsetninger for budsjettering være konsistente for hele bankens virksomhet.

Budsjettet vedtas for kalenderåret og skal gi et realistisk bilde av forventede driftsinntekter, driftskostnader og investeringer. Ressursbruken skal være kostnadseffektiv, og sikre at bankens drift og forvaltningen av eiendeler og verdier gjennomføres på en forsvarlig måte.

Finansdepartementet vedtak om godtgjøringsramme for kommende års kostnader ved å forvalte investeringsporteføljen i SPU skal normalt foreligge ved tidspunktet for budsjettvedtak i Norges Bank.

Hovedstyret vedtar Norges Banks langsiktige strategier og handlingsplaner og legger fram forventede økonomiske konsekvenser av disse for representantskapet. Hovedstyret er ansvarlig for gjennomføringen slik at fastsatte mål oppnås innenfor de økonomiske rammene som underbygger budsjettvedtaket og Finansdepartementets godkjente ramme for godtgjøring.

Ved salg av fast eiendom som ikke inngår i kapitalforvaltningen, skal representantskapet gi sin godkjenning før salg.

### 3. HOVEDSTYRETS BUDSJETTFRAMLEGG

#### 3.1 Generelle kriterier og forutsetninger

Hovedstyrets budsjettframlegg skal inneholde informasjon som gir representantskapet et fyllestgjørende grunnlag for å vedta budsjettet og følge opp ressursbruken.

Budsjettframlegget skal oversendes senest to uker før representantskapets møte i desember.

Budsjettframlegget skal omfatte driften av Norges Bank inklusive datterselskaper. Avkastning og renter [7] som er en følge av bankens oppgaver innenfor sentralbankvirksomheten og kapitalforvaltningen, budsjetteres ikke.

Budsjett for forvaltningskostnader i datterselskaper som inngår i bankens forvaltning av unoterte eiendomsinvesteringer og investeringer i infrastruktur for fornybar energi i SPU, skal legges fram for representantskapet. Andre driftskostnader i hel- og deleide eiendomsselskaper i SPU knyttet til løpende vedlikehold, samt drift av bygninger og leieforhold, omfattes ikke.

Det skal redegjøres for hovedtrekkene i de aktivitetene og investeringene som planlegges gjennomført for budsjettåret og kommende år. Kostnadsutviklingen skal kommenteres i lys av fastsatte strategier og mål og tilgjengelige eksterne sammenligninger. De viktigste kostnadsdrivere og risikoforhold skal belyses. Ved endringer i personalkostnader skal det forklares hva som skyldes endring i lønn og endring i antall ansatte, samt hvilke forutsetninger som legges til grunn. For personalkostnader skal det i tillegg legges fram en oversikt som viser fordelingen mellom fast lønn, variabel lønn og øvrige personalkostnader. Prinsipper for prising av vesentlige tjenester og leveranser skal beskrives. Budsjettet skal være basert på realistiske estimater og anslag for inntekter og kostnader med underbyggende informasjon og forutsetninger. Prognoser fra inneværende år og relevante sammenligningstall fra foregående regnskapsår skal presenteres. Prognosene skal være så oppdaterte som mulig og usikkerhet i prognosen skal beskrives. Vesentlige variable og usikre forutsetninger som er utenfor Norges Banks kontroll, skal beskrives i budsjettframlegget. Årsaker til usikkerhet, de vurderinger som legges til grunn og mulig effekt av endringer i forutsetninger skal beskrives.

I forbindelse med budsjettframlegget skal det presenteres en langtidsprognose for driftskostnader for de neste tre årene (budsjettåret pluss to år) på et overordnet nivå. Det skal angis driftskostnader splittet på personalkostnader og øvrige driftskostnader for hvert av virksomhetsområdene

og samlet for banken. Tilsvarende skal prognose for planlagte investeringer angis. For hvert budsjettår rulleres langtidsprognosen tre år fram uavhengig av strategiperiode.

I særskilte tilfeller og etter forslag fra hovedstyret kan representantskapet i løpet av året vedta endringer i forhold til vedtatt budsjett. Slike endringer bør normalt fremmes i sammenheng med halvårsrapportering om bankens virksomhet. I forbindelse med større strategiske endringer i budsjettåret som ikke tidligere er forelagt representantskapet, skal representantskapet gis en påfølgende redegjørelse uten unødig opphold.

#### 3.2 Driftsbudsjett

Driftsbudsjettet består av driftsinntekter og driftskostnader fordelt på bankens virksomhetsområder. Hovedlinjene i budsjettframlegget underbygges med spesifikasjoner som viser naturlige kostnadselementer.

Av- og nedskrivninger og resultat av realisasjon av eien- deler inngår i driftsbudsjettets linje for øvrige driftskostnader ev. andre driftsinntekter.

#### 3.3 Investeringer

Investeringsbudsjettet er å betrakte som en samlet ramme basert på planer og estimater for enkeltinvesteringer i de respektive virksomhetsområdene. Investeringsbudsjettet består av forventede kostnader i budsjettåret for nye og pågående investeringer. Budsjett for nye investeringer underbygges med beste estimat for vesentlige enkeltinvesteringer eller grupper av investeringer med tilhørende vurderinger av kost-/nyttebetraktninger og risiko. For investeringer som strekker seg over flere år, legges hele investeringen fram samlet med beregnet fordeling på det enkelte år. Vedtatte investeringer som går over flere år skal ikke vedtas på nytt, men forbruk og plan for videre investering skal dokumenteres årlig i forbindelse med budsjettframlegget.

Eventuelle endringer i forutsetningene for og utviklingen i pågående investeringsprosjekter skal kommenteres.

### 4. BUDSJETTETS INNDELING OG VEDTAK

Representantskapets budsjettvedtak omfatter driftsbudsjett og investeringsbudsjett for Norges Banks samlede virksomhet og bygger på framlagte budsjettforutsetninger fra hovedstyret.

Budsjettvedtaket skal som et minimum ha følgende spesifikasjon:

Forvaltningsgodtgjørelse SPU  
Andre driftsinntekter  
*Sum driftsinntekter Norges Bank*

Personalkostnader sentralbankvirksomheten  
Øvrige driftskostnader sentralbankvirksomheten  
Personalkostnader kapitalforvaltningen  
Øvrige driftskostnader kapitalforvaltningen  
*Sum driftskostnader Norges Bank*

**Netto driftsresultat Norges Bank**

Investeringer sentralbankvirksomheten  
Investeringer kapitalforvaltningen

**Samlede investeringer i Norges Bank**

Representantskapet godkjenner en budsjetttramme for driftskostnader i operative selskaper innenfor eiendomsforvaltningen og forvaltningen av unotert infrastruktur for fornybar energi i SPU.

Representantskapet kan utforme forutsetninger og fullmakter som en del av budsjettvedtaket.

**5. HOVEDSTYRETS BUDSJETTDISPONERING**

Hovedstyret har myndighet til å disponere budsjettet innenfor representantskapets vedtak. Dersom ikke annet framgår av budsjettvedtaket eller budsjettreglementet, kan budsjettet som hovedregel ikke overskrides, med følgende unntak:

- For å sikre liv, helse og større verdier, kan hovedstyret i ekstraordinære situasjoner dekke kostnader uten at det foreligger bevilgning, men med etterfølgende rapportering til representantskapet.
- Budsjetterte driftskostnader kan overskrides dersom det skyldes vesentlige variable og usikre forutsetninger utenfor Norges Banks kontroll, jf. pkt. 3.1.

Budsjettmidler kan ikke omdisponeres mellom de to virksomhetsområdene med mindre det har sammenheng med omorganisering av virksomhet.

Hovedstyret har anledning til å omdisponere midler fra drift til investering. Det er ikke anledning til å omdisponere midler fra investering til drift med mindre regnskapsrammeverket tilsier dette. Dersom det i budsjettframlegget eller representantskapets vedtak er knyttet klare

forutsetninger til en kostnad eller enkeltinvestering, kan ikke bevilgningen benyttes ved vesentlig endring eller bortfall av forutsetning.

**6. RAPPORTERING**

Hovedstyret skal rapportere til representantskapet samlet for Norges Banks virksomhet med spesifisert informasjon for virksomhetsområdene minimum pr. 30. juni og ved utløpet av budsjettåret. Rapporteringen skal omfatte status målt mot vedtatt budsjett for bankens driftsinntekter, driftsutgifter og investeringer og vise vesentlige omdisponeringer og avvik. Pr. 30. juni skal status mot periodisert budsjett rapporteres. Det skal redegjøres for oppnådde resultater vurdert mot forutsetningene i budsjettframlegg og om status for gjennomføring av handlingsplaner og måloppnåelse med en vurdering av risikobildet.

Ved halvårsrapporteringen skal prognoser for året legges fram. For investeringer med varighet over flere år, skal det legges fram kostnadsoversikt og prognoser for hele gjennomføringsperioden med fordeling på det enkelte år.

Rapporteringen skal omfatte datterselskaper som er nevnt i pkt. 3.1.

**7. IKRAFTTREDELSE**

Dette budsjettreglementet for Norges Bank erstatter tidligere budsjettreglement vedtatt av representantskapet 5. november 2015 og gjelder fra vedtaksdato.

**FOTNOTER**

- [1] Sentralbankloven § 4-3 (2) om regnskap og § 4-2 om budsjett
- [2] Sentralbankloven § 1-1 (2)
- [3] Sentralbankloven § 3-11 (2)
- [4] Sentralbankloven § 4-2
- [5] FOR-2019-12-19-2032
- [6] Mandat for forvaltningen av Statens pensjonsfond utland, § 5-1 (2)
- [7] Presentert som «Netto inntekt fra finansielle instrumenter» i Norges Banks årsregnskap

<https://www.norges-bank.no/tema/Om-Norges-Bank/Organisering-styring/Representantskapet/Budsjettreglement-for-Norges-Bank/>

## 2.2 REGLEMENT FOR LÅN TIL ANSATTE I NORGES BANK

### VEDTATT AV NORGES BANKS REPRESENTANTSKAP 29. MAI 2013. SIST ENDRET 12. DESEMBER 2019

#### 1. BAKGRUNN OG LOVHJEMMEL

Norges Bank kan i begrenset omfang gi boliglån og mindre personlige lån til bankens ansatte som et ledd i personalpolitikken.

Representantskapet fastsetter nærmere regler for bankens lån til ansatte etter forslag fra hovedstyret.<sup>53</sup>

#### 2. FORMÅL

Norges Bank yter boliglån til bankens ansatte med det formål å finansiere egen bolig for de ansatte og hans/hennes nærmeste familie.

Norges Bank yter mindre personlige lån til bankens ansatte i form av tilbud om forskudd på lønn som et rentebærende forbrukslån.

#### 3. LÅNGIVER

Lån gis i sin helhet fra Norges Bank ved hovedkontoret i Oslo.

#### 4. LÅNTAKER

Boliglån og forbrukslån gis til fast ansatte i minimum halv stilling i Norges Bank med ansettelseskontrakt i Norge. Lån gis etter utstått prøvetid.

#### 5. BOLIGLÅN

##### Øvre beløpsgrense

Sentralbanksjefen fastsetter årlig pr. 1. mars en øvre beløpsgrense for boliglån.

##### Rentevilkår

Rentesatsen er fastlagt lik normrenten. Endringer i rentevilkårene kan gjøres gjeldende med seks ukers varsel.

##### Sikkerhet

Boliglån gis kun mot pantesikkerhet i bolig i Norge.

Dersom ektefelle/partner/samboer av låntaker har hele eller deler av hjemmelen til boligen, skal ektefelle/partner/samboer også være forpliktet som medlåntaker etter låneavtalen og pantedokumentene. Det samme gjelder dersom ektefelle/partner/samboers inntekt inngår i kredittvurderingen.

##### Utfyllende betingelser og regler om boliglån

Utfyllende betingelser og regler om boliglån, utover det som følger av dette reglement, skal følge de til enhver tid gjeldende regler om boliglån for medlemmer av Statens pensjonskasse. Ansatte som arbeider for Norges Bank i utlandet gis tilsvarende fritak fra boplikten som for ansatte i utenrikstjenesten.

#### 6. FORBRUKSLÅN

##### Øvre beløpsgrense

Den øvre beløpsgrense for forbrukslån er fire x brutto månedslønn, begrenset oppad til et beløp sentralbanksjefen fastsetter.

##### Rentevilkår

Rentesatsen er fastlagt lik normrenten. Endringer i rentevilkårene kan gjøres gjeldende med seks ukers varsel.

##### Avdragstid

Avdragstiden er maksimalt fem år. Forbrukslån skal tilbakebetales i sin helhet innen tidspunktet for alderspensjon inntreffer.

##### Sikkerhet

Som sikkerhet for forbrukslån skal låntaker undertegne på omsetningsgjeldsbrev til banken og tillate trekk i lønn, feriepenge og andre ytelser.

##### Øvrige vilkår

Forbrukslån skal normalt være avvirket før nytt kan gis. For at eksisterende lån kan innfris i forbindelse med innvilgelse av nytt lån, må halve låneperioden for det eksisterende lånet være passert. Det forutsettes at ordningen ikke brukes til finansielle investeringer. Forbrukslån innvilges normalt ikke med beløp under 10.000,-.

#### 7. OPPHØR AV LÅNEFORHOLD

Lånet kan kreves innfridd før forfallstiden dersom:

Låntaker fratrer sin stilling i Norges Bank, bortsett fra ved fratreden med pensjon (alders-, førtids- og uførepensjon), men med en oppsigelsesfrist fra långivers side på seks måneder.

Pantet blir solgt eller overdratt på enhver annen måte.

Lånet misligholdes eller i andre tilfelle, der vilkårene i finansavtaleloven § 52 er oppfylt.



#### 8. ADGANG TIL Å OVERFØRE OG VIDEREFØRE EKSISTERENDE LÅNEFORHOLD

Lånet kan overføres og videreføres, selv om det kan kreves innfridd før forfallstiden etter punkt 7, i følgende tilfeller:

Dersom låntaker avgår ved døden, kan eksisterende låneforhold overføres til etterlatte som har krav på ektefellepensjon eller barnepensjon i Norges Banks pensjonskasse.

Dersom låntaker avgår ved døden, kan eksisterende låneforhold overføres til medlåntaker.

Lån som er overført til pensjonister (alders-, førtids-, uføre- og ektefelle/barnepensjonister) og medlåntakere kan videreføres selv om pant blir solgt eller overdratt på annen måte dersom pantesikkerhet i ny egen bolig i Norge stilles til rådighet som erstatning for eksisterende pantesikkerhet.

#### 9. FULLMAKT TIL SENTRALBANKSJEFEN

Sentralbanksjefen, eller den han/hun bemyndiger, kan i særlige tilfeller gjøre unntak fra disse bestemmelsene, herunder beslutte avdrags- eller renteutsettelse, forlengelse eller annen endring i nedbetalingsplan eller midlertidig rentefritak/rentenedsettelse. For samme formål og når andre tiltak ikke anses hensiktsmessig eller tilstrekkelig, kan sentralbanksjefen i helt spesielle tilfelle beslutte delvis ettergivelse av forbrukslån.

#### 10. IKRAFTTREDELSE

Dette reglementet for lån til ansatte i Norges Bank gjelder fra og med 12. desember 2019.

Reglementet erstatter tidligere retningslinjer for boliglån i Norges Bank, vedtatt av representantskapet 13.12.2001, sist revidert 29. mai 2013 og retningslinjer for forbrukslån, vedtatt av representantskapet, sist revidert 17.6.2004.

#### Finansavtaleloven § 52. Førtidig forfall

(1) Kredittgiveren kan kreve at kreditten blir innfridd før forfallstiden dersom

- a) kredittkunden vesentlig misligholder kredittavtalen
- b) det blir åpnet konkurs eller gjeldsforhandling etter konkurslovens regler hos kredittkunden
- c) kredittkunden avgår ved døden uten at det innen rimelig frist foreligger eller etter varsel blir stilt betryggende sikkerhet for oppfyllelse
- d) kredittkunden har stilt pant som sikkerhet for pengekravet, og vilkårene i panteloven § 1-9 eller sjøloven § 44 er oppfylt.

(2) Dersom det ut fra kredittkundens handlemåte eller alvorlig svikt i kredittkundens betalingsevne er klart at kreditten vil bli vesentlig misligholdt, kan kredittgiveren kreve at det uten ugrunnet opphold stilles betryggende sikkerhet for kreditten eller rettidig betaling. Stilles ikke slik sikkerhet, kan kredittgiveren kreve kreditten innfridd ved påkrav. Bestemmelsen i dette leddet gjelder ikke for kreditt som allerede er betryggende sikret.

(3) Krav etter denne paragrafen skal framsettes skriftlig og være begrunnet. En kredittkunde som er forbruker, skal i kravet gis to ukers frist til å rette på forholdet.

(4) Ved førtidig forfall etter denne paragrafen gjelder § 53 annet ledd og § 54 første ledd tilsvarende.

## 2.3 RETNINGSLINJER FOR REPRESENTANTSKAPETS TILSYN MED SELSKAPER NORGES BANK EIER KNYTTET TIL INVESTERINGER I STATENS PENSJONSFOND UTLAND

VEDTATT AV REPRESENTANTSKAPET 15. MARS 2012.  
SIST ENDRET 26. FEBRUAR 2020

### 1. GENERELT

Retningslinjene gjelder representantskapets tilsyn og kontroll med selskaper som banken eier i tilknytning til unoterte investeringer i Statens pensjonsfond utland (SPU). Dette omfatter datterselskaper og øvrige selskaper hvor banken har bestemmende innflytelse, herunder felleskontrollert virksomhet.

Hovedstyret og ledelsen i Norges Bank har et overordnet ansvar for å etablere tilfredsstillende styring av og kontroll med virksomhet som utøves i selskaper. Representantskapet fører tilsyn med dette. Norges Bank og representantskapets rettigheter i utenlandske selskaper må sikres gjennom reguleringer i selskapsdokumenter og eventuelt avtaler med medeiere. Disse retningslinjene gjelder regulering av representantskapets rettigheter og tilsynsmuligheter.

### 2. REPRESENTANTSKAPETS TILSYNSMULIGHETER I ALLE SELSKAPER

2.1 Representantskapet skal sikres reelle og effektive tilsynsmuligheter i samsvar med sentralbankloven § 4-1 i alle selskaper som Norges Bank eier helt eller delvis i tilknytning til investeringer i SPU.

Representantskapets tilsynsrett skal reguleres gjennom formelle styrings- og selskapsdokumenter i de enkelte selskap.

2.2 Representantskapet skal til enhver tid være sikret rett til å innhente opplysninger direkte fra daglig leder, styret og revisor i tillegg til at det selv kan foreta undersøkelser direkte i selskapene.

Dersom lokale lovregler hindrer tilgang til enkeltopplysninger som kan være av betydning for tilsynet, skal hovedstyret legge til rette for en alternativ kontrollordning som sikrer representantskapets tilsynsbehov.

2.3 Norges Banks eksterne revisor velges normalt til revisor i selskaper hvor Norges Bank har innflytelse på revisorvalget. Om annen revisor velges skal det sikres at revisor er anerkjent og at selskapet får en revisjon av høy kvalitet.

I de tilfeller bankens revisor ikke er valgt skal Norges Bank søke å sikre at bankens revisor har mulighet til å innhente informasjon og dokumentasjon direkte fra selskapets revisor.

Representantskapet vurderer for øvrig hvilke revisjonsmodeller som er hensiktsmessige og effektive.

2.4 Norges Bank skal sikre at det er tilfredsstillende kontroll og tilsynsmuligheter også i deleide selskaper.

### 3. HOVEDSTYRETS VEDTAK OM UTØVELSE AV FORVALTNINGSVIRKSOMHET I SELSKAPER

3.1 Det er hovedstyret med hjemmel i sentralbankloven § 2-4 (7) som kan vedta utøvelse av virksomhet som ledd i forvaltningen av SPU i egne selskaper. Dette gjelder uavhengig av om selskapene opprettes eller erverves (helt eller delvis) av Norges Bank.

3.2 Det forutsettes at hovedstyret ved vedtak om utøvelse av virksomhet i tilknytning til forvaltningen av SPU i utenlandske selskaper påser at representantskapet gjennom formelle styrings- og selskapsdokumenter er sikret reelle og effektive tilsynsmuligheter direkte overfor selskapet som angitt i sentralbanklovens § 4-1 (3).

### 4. RAPPORTERING

Det skal rapporteres regelmessig til representantskapet om investeringer og selskapsstrukturer.

### 5. IKRAFTTREDELSE

Vedtatt av representantskapet 15. mars 2012, sist endret 26. februar 2020.

<https://www.norges-bank.no/tema/Om-Norges-Bank/Organisering-styring/Representantskapet/Retningslinjer-unoterte-investeringer/>

53 Prop. 97 L pkt. 9.4.4 og pkt. 6.5.3.4

I lovforarbeidene diskuteres det at banken må ha adgang til å yte lån til ansatte som et ledd i personalpolitikken. Departementet deler lovutvalgets syn på at det ikke er behov for å regulere dette i loven. Lovutvalget finner det naturlig at organet som har budsjettkompetansen fastsetter retningslinjene for låneordningen.

Dokument 9 (2020–2021) Rapport til Stortinget for 2020

*Utgitt av:*

Representantskapet i Noregs Bank  
Bankplassen 2  
Postboks 1179 Sentrum  
0107 Oslo  
Telefon 22 31 60 00  
e-post: representantskapet@norges-bank.no

*Publisert:*

8. april 2021  
<http://www.norges-bank.no/Representantskapet>  
Trykte eksemplar kan bestillast hos:  
Tilsynssekretariatet@norges-bank.no

*Layout og trykk:*

07 Media AS

*Nynorsk omsetjing:*

Språkverkstaden AS

*Foto:*

Esten Borgos (s. 35 og 45)  
Monica Kvaale (s. 49)  
Sturlason (s. 52–55)  
Espen Schive (s. 63)

